«Veiledning skal være betydningsfull, profesjonell assistanse i individers og grupper læring og utvikling, et viktig supplement til annen pedagogisk virksomhet. Det karakteristiske ved veiledning som pedagogisk aktivitet er nærheten, omtanken og det personlige som danner grunnlaget for virksomheten. En veileder lykkes når arbeidet

bærer preg av genuin interesse for andre menneskers ve og vel og av toleranse for det uferdige.» (Lauvås & Handal, 1990, s. 15)

Vi ser også definisjoner som knyttes til spesielle yrker eller profesjoner:

«Veiledning dreier seg primært om å skape et forum til hjelp for den enkelte (førskelelærer), slik at det kan settes igang en faglig utvikling hos hver medarbeider» (Andersen og Weiss, 1994, s. 15)

Dessuten blir begrepet oppfattet og definert ut fra vitenskapelige retninger, eksempelvis slik Liv Gjems tar utgangspunkt i et systemteoretisk perspektiv:

«Gjennom veiledning kan de få et helhetlig perspektiv på de gjensidige påvirkningene mellom alle faktorer, dem selv inkludert.» (Gjems, 1995, s. 13)

Naturlig nok framstår definisjonene som resultater av kombinasjoner av de ulike innfallsvinklene. Likevel kan en slik tilnærming i mange tilfeller gi en forståelse av begrepenes forankring og tilhørighet.

## Er vi tjent med en "norsk standard"?

Med bakgrunn i det som er beskrevet over, skulle det være klart at dersom man er på jakt etter en endelig avklaring, en "Norsk Standard" for begrepet "veiledning" og de beslektede begrepene, er det en overhengende fare for at man kommer til kort. Det er grunn til å spørre hvordan dette villniset av definisjoner virker på en leser som forsøker å projisere seg selv og sin praktiske yrkesvirkelighet inn i dette landskapet? Virker det avklarende og ansporende eller forvirrende og avsporende? Undertegnede s erfaringer med videre- og etterutdanning innenfor feltet ser dessverre ut til å bekrefte det siste. Det virker forvirrende på den som vil benytte litteraturen som referanse for å finne sitt eget ståsted som veileder og gjenkjenne sin egen veiledning.

Er det da et meningsløst arbeid som pågår når begrepene turneres i fagbøkene s innledningskapitler? Er arbeidet med en avklaring av begrepene fåfengt? Skal man avslutte bestrebelsene på å gjøre avgrensinger? Så absolutt ikke. Det er mange flere grunner til å fortsette dette arbeidet:

Veiledning er et ungt, tverrfaglig og "dynamisk" fag- og virksomhetsområde som er i stadig bevegelse. Det arbeides både blant praktikere og teoretikere med å utvikle veiledning som fag og

virksomhet. På bakgrunn av nye innspill og erfaringer som gjøres, er det derfor viktig stadig å drøfte og bearbeide begreper og definisjoner.

Med den begrepsmessige uklarheten tvinges man dessuten til stadig å forholde seg kritisk og drøftende til begrepet. Den som bedriver veiledning blir nødt til å gjøre de nødvendige personlige definisjoner av den veiledning han bedriver. Det er strengt tatt her den egentlige definisjon og avgrensning begynner: Hvilken veiledning (evt. rådgivning, konsultasjon...) vil jeg som veileder praktisere? Hvilken rolle vil jeg fylle som veileder? Hvilke grenser setter jeg for min aktivitet? Hva faller utenfor evt. innenfor det jeg oppfatter som metodisk fornuftig, faglig begrunnet eller etisk forsvarlig?

Forutsetningene for å kunne bli en dyktig veileder avhenger av at man har både metodisk og analytisk kompetanse. På den bakgrunn vil man kunne utforske begreper og modeller og aktivt konstruere den veiledning som er relevant for den gitte situasjon og de involverte personene. I dette arbeidet er vi ikke tjent med en "Norsk Standard". Det kan dessuten komme mye spennende ut av å vandre i et villniss hvor det stadig gror nye idéer og erfaringer.

## Litteratur:

Bachke, Carl Christian, Veiledningsbegrepet og veiledningssamtalen – dens struktur og redskaper. Årbok 97, Veiledernetverket i Agder, 1998, ISBN-82-7117-348-0

Bengtsson, Jan, Självreflektionens möjligheter och gränser i läraryrket. Nordisk Pedagogik, vol 15, nr. 2, 1995

Inglar, Trond, Lærer og veileder. Om pedagogiske retninger veiledningsstrategier og veiledningsteknikker, Universitetsforlaget 1997

Johannessen, Eva (m. fl.) Rådgivning. Tradisjoner, teoretiske perspektiver og praksis., Universitetsforlaget 1994

Lauvås, Per og Gunnar Handal, Veiledning og praktisk yrkesteori, Cappelen's pedagogikkbøker, 1990

Lindh, Gunnel (Red.), Vägledningboken. Studentlitteratur, 1988

Våner Hermansen m.fl., Sykepleiefaglig veiledning, Universitetsforlaget, 1992



# Forventningar til god rettleiing

Kva legg du i omgrepet rettleiing? Drøft kva forventningar du har til god rettleiing<sup>1</sup>

Anne Marie Lerøy

Anne Marie Lerøy, Klinisk sosionom med vidareutdanning i helse- og sosialadministrasjon og familierapi; etterutdanning i gestaltterapi og Marte-Meo. Ho har erfaring frå sosialkontor og familiekontor.

## Innleiing

Det daglege arbeidet mitt handlar svært ofte om å rettleie menneske i høve til vanskelege situasjonar dei av ulike grunnar står midt oppe i. I tillegg mottek eg også som del av arbeidet mitt, svært ofte rettleiing av andre. I terapeutisk arbeid finst det ei rad med retningar og tradisjonar som på ulike måtar tolkar omgrepet rettleiing. For meg har det difor vore interessant å ta del i studiet om rettleiing knytt til meir pedagogisk tilrettelagde læringssituasjonar, og sjå korleis omgrepet rettleiing vert nytta her.

Eg vil i den første delen av oppgåva sjå nærare på ulike sider ved omgrepet rettleiing slik eg har møtt det i førelesingar og litteratur til studiet. I den andre delen, som eg i omfang har valt å gjere langt meir omfattande enn den første, vil eg som oppgåveteksten ber om drøfte kva forventningar eg har til det eg vil kalle god rettleiing. Oppgåva er skrive med to perspektiv. Meg sjølv som rettleiar, men og meg sjølv som ho som mottek rettleiing.

## Kva er rettleiing for meg?

### Mange omgrep og ulike oppfatningar

Det er mange ulike måtar å forstå og å definere rettleiing på. Ord og omgrep som vert nytta og som liknar på kvarandre er; rådgjeving, konsultasjon, supervisjon. Heilt ute i ytterkantane finn vi omgrepa undervisning og terapi. I engelsk fagterminologi vert det gjort eit klart skilje mellom supervisjon, konsultasjon, rådgiving og rettleiing. Dette er

---

<sup>1</sup> Oppgåve skrive ved Innføringskurs i rettleiing haust 2003

ikkje like avklart i vårt litteraturtilfang. Dei fleste forfattarar som har arbeidd med rådgiving og rettleiingsteori kommenterer dei vage grensegangane mellom omgrepa og i følgje Handal og Lauvås (1990) er det ingen som har lukkast særleg bra i å avklare omgrepa. Eva Johannessen med fleire (2001) seier det slik:

Etter vår oppfatning kan man betrakte rådgiving, konsultasjon og veiledning som pedagogisk virksomhet der hensikten er å sette de som søker hjelp, bedre i stand til å hjelpe seg selv, ikke bare i den aktuelle saken de står oppe i, men også i andre liknende situasjoner. (Johannessen m.fl (2001), s.15)

Som eit utgangspunkt vil eg seie at rettleiing kan forståast som ein prosess der menneske møtest for å stille spørsmål ved, analysere, erfare, vurdere og eksperimentere med ulike former for handling, for å utvide repertoaret sitt. Handal og Lauvås (2000) understrekar vidare at rettleiing er ein planlagt aktivitet som skil seg frå tilfeldige møte. Dette medfører blant anna at rettleiaren må ha eit profesjonelt syn på korleis denne aktiviteten skal gå føre seg. Rettleiing er såleis ei form for undervisning som skal ta utgangspunkt i handling og forståing hjå den som blir rettleidd. Rettleiing er ein læreprosess der deltakarane må bruke intellektet sitt og kjensleregisteret sitt aktivt. I dagleg tale vert rettleiing nytta relativt unyansert om til dels svært ulike situasjonar og område. Handal og Lauvås (2000) presiserer omgrepet til å vere "kvalifisert rettleiing" i tillegg til at dei lagar grensegang mellom ulike former for rettleiing:

"Yrkesfaglig veiledning: veiledning i tilknytning til yrkesvirksomhet, enten innenfor utdanning til eller i utøvelse av yrket. Oppgavefaglig veiledning i tilknytning til skriving av oppgaver (avhandlinger, semesteroppgåver, rapporter og lignende ) eller andre skriftlige framstillinger innenfor eller utenfor en utdanning. Studie-/yrkesveiledning: informasjons- og rådgivingsvirksomhet til hjelp i studenters valg av utdanning, fag, yrke og lignende.

Personlig veiledning/rådgivning: hjelp til kolleger, studenter eller andre som opplever personlige eller sosiale problemer, uten at disse er av en slik karakter at de krever profesjonell behandling." (Handal og Lauvås 2000, s.33.)

## Yrkesfagleg rettleiing

Det er den yrkesfaglege rettleiinga som for meg i denne samanhengen er rettleiing. Dette er rettleiing som er knytt til yrkesverksemd i samband med å utøve yrkesfunksjonar. Om denne skriv Handal og Lauvås (2000) dette:

"I stikkordsform kan yrkesfaglig veiledning karakteriseres slik:

- foregår i et en til en forhold
- inngår i profesjonspreget utdanning og praksis
- tar opp teori-praksis forholdet i yrket/profesjonen
- knytter til seg studenters/yrkesutøverens egen yrkesvirksomhet
- tar sikte på å utvikle den "praktiske yrkest teori" hos den som blir veiledet
- driver i samtaleform preget av refleksjon over praksis, delvis frikoblet fra handlingstvungen".

(Handal og Lauvås 2000, s. 33)

Rettleiinga skal hjelpe kvar ein skild til å finne fram til sin eigen måte å utføre arbeidet sitt på. Rettleiinga skal såleis ta utgangspunkt i aktuelle tema og situasjonar som ein er i i yrket sitt. Rettleiing er frivillig og han eller ho som tek del i rettleiing skal verte utfordra til å reflektere over teoretisk kunnskap, praktisk erfaring og samanhengen mellom desse nivåa eller "laga". Ramma rundt rettleiinga må vere den ein skilde sitt verdisyn, hans eller hennar sine kunnskapar og erfaringar og dei etiske og kvalitetsmessige sidene ved det aktuelle yrket.

## Kva forventningar har eg til god rettleiing?

Forventningar er eit sentralt psykologisk omgrep og også ein viktig del av sjølve rettleiinga. Difor nokre refleksjonar rundt dette først. Forventningar er ofte handlingsstyrande i den forstand at det vi ventar skal skje i ein situasjon kan kome til å skje (sjølv sagt innafor visse rammer - vi kan ikkje lage gull av gråstein same kor mykje vi forventar!). Vi innstiller handlingar, tanker og krefter i retning av det vi forventar å få ut av situasjonen og då kan det lett skje "sjølvoppfyllande profeti". Difor er avklaringar av forventningar viktige også i høve til kva eg forventar av god rettleiing. Eg vil drøfte forventningane mine både knytt til gruppe/ kollegarettleiingssituasjonar og til individuelle

retteleingsssituasjonar. Begge desse "variantane" er aktuelle i arbeidssituasjonen min.

Kaare Skagen (1997) seier at "veiledning er samtaler mellom yrkesutøvere innenfor en kontekst". Dette er utgangspunktet mitt for drøftinga av kva eg forventar av god rettleiing.

I følgje Lauvås og Handal (1990 og 2000) har rettleiar fleire reiskapar til disposisjon. For meg er ikkje rettleiing ein metode, men meir eit sett av reiskapar som rettleiaren kan bruke for å oppnå dei måla ho har sett seg. Det er kompetansen til å bruke reiskapane på rett tidspunkt og på rett måte som avgjer kor profesjonell ein rettleiar er og kor god rettleiinga kan bli. Eg har valt ut nokre reiskap som ramme for drøftinga av god rettleiing.

### Refleksjonsnivå og praksisteori

God rettleiing handlar om å få i gang refleksjonar over handling. For å få i gang slik refleksjon, må rettleiar stimulere prosessar som kan utvikle den rettleidde sin praktiske yrkesteori. Omgrepet vert forklart slik av Handal og Lauvås (1990):

"Praktisk yrkeseteori står for en persons private, sammenvevde, men stadig foranderlige system av kunnskap, erfaring og verdier, som til enhver tid har betydning for personens pedagogiske praksis."

Praktisk yrkesteori er altså ikkje den kunnskap som ein praktisk utøvar av eit yrke har, men det er dei bevisste eller ubevisste teoriene som direkte påverkar handlingane til denne personen. Det er desse verdiane og haldningane som skal utfordrast i rettleiinga.

Praktisk yrkesteori inngår i ein modell utvikla av Lars Løvlie og har fått namnet praksistrekanten. Praksistrekanten består av tre nivå. Det første nivået vert kalla handlingsplanet. Det er her det konkrete yrkesutførte arbeidet skjer. Det er det andre og tredje nivået som vert kalla praktiske yrkesteorien. På nivå 2 vert det utført både teoretiske og praktiske grunngevingar. På nivå 3, som er det høgaste nivået i praksistrekanten, vert grunngevingane utført utifrå etiske, moralske og religiøse verdier. I denne "modellen" vil rettleiing seie å arbeide med personar sin praktiske yrkesteori og ikkje berre handlingar. Ideen er at ein då vil få til ei reflekterande rettleiing i staden for ei rettleiing som berre gjer greie for handlingar. Ei reflekterande rettleiing vil vere avhengig av at rettleiar ser på tilhøvet mellom teori og praksis på ein dialektisk måte, og at han/ho

som vert rettleidd opplever denne måten å sjå tilhøvet på som konstruktivt.

For meg er P3 - nivåer svært viktig i rettleiinga då det er der vi blir utfordra, vi kan ikkje gøyme oss bak teoriar og erfaringar, men vi må gje til kjenne våre eigne verdiar og haldningar til faget, til elevar, klientar, barn, pasientar. Den praktiske yrkesteorien er mogleg å påverke fordi vi heile tida erfarer og lærer noko nytt. Eitkvart medlem i ei yrkesgruppe har sin individuelle praktiske yrkesteori, men innanfor ei yrkesgruppe vil det også eksistere ein slags felles praktisk yrkesteori som skil seg frå andre yrkesgrupper. I arbeidet mitt møter eg heile tida både den individuelle og den kollektive/ felles praktiske yrkesteorien.

Rettleiing som refleksjon over handlingar handlar om å hjelpe den andre til å verte medviten på eigen praksis. Målet er at den som får/mottek rettleiing skal få moglegheit til å utvikle seg personleg. Handal og Lauvås (2002) viser til Boud, Keogh og Walker (1985) og seier:

“De omtaler refleksjon som en menneskelig aktivitet der vi gjenerobrer (recapture) våre opplevelser , grunner over dem og vurderer dem. For å klargjøre denne prosessen deler de den inn analytisk i tre faser :

- Vi henter fram og undersøker det som skjedde
- Vi gjenoppvekker de følelsene dette skapte i oss
- Vi revurderer opplevelsene eller erfaringen”

Rettleiing for meg skal hjelpe den einskilde yrkesutøvar til å bli meir bevisst sin eigen praktiske yrkesteori. Det er rettleiaren si evne til å forme dei “gode spørsmåla” som får fram refleksjon over handling. Gjennom desse prosessane aukar han/ ho som vert rettleidd handlingsmulegheitene sine. Jo større handlingsberedskap hos den einskilde, jo større moglegheit er det for å handle godt og funksjonelt i gitte situasjonar.

### Kommunikasjon i rettleiing

Med bakgrunn i det eg så langt har skrive, vil eg hevde at den aller viktigaste reiskapen i rettleiingsarbeid er gode samspel konkretisert til god kommunikasjon. Vibeke Glasser Holthe siterer i boka Profesjonalisering av barneoppdragelsen (1998) Lauvås og Handal (1990) som seier:

“Selve veiledningssituasjonen kjennetegnes av et samspill mellom den som veileder og den som blir veiledet. Det er snakk om en kommunikatív prosess hvor det blir utvekslet opplevelser, erfaringer, kunnskaper, forventninger og holdninger. Kvalifisert veiledning under kyndig ledelse vil være en måte å stimulere til refleksjon over egen handling og en dypere bevissthet om og klarere begrunnelser for egen praksis. Hensikten med veiledning er nettopp å hjelpe den enkelte til å finne fram til den beste måten å drive yrkesvirksonheten på ut fra de verdier vedkommende selv er bærer av, og med de kunnskaper og erfaringer vedkommende har.” (Glasser Holthe 1998, s.88.)

Etter mi oppfatning handlar rettleiing i vesentleg grad om kommunikasjon. Kommunikasjon er på mange måtar det einaste hjelpemidlet som gjer oss i stand til å forklare mellommenneskelege aspekt innanfor eit system. Det er gjennom forståing av kommunikasjon at vi får informasjon om andre. Men den faglege utfordringa er at det ikkje finst ein heilskapleg kommunikasjonsteori. Teoriane må koplast og setjast saman for å kunne ha den praktiske yrkesmessige nytten vi er ute etter. Kommunikasjon kan vi seie er utveksling av informasjon og meining. Kommunikasjon er ein prosess som omfattar både verbale og non-verbale uttrykk. Korleis prosessen skal fungere er m.a. avhengig av sendaren sin måte å uttrykkje seg på, og mottakar si evne til å tolke budskapet. I det vidare vil eg ta for meg kommunikasjonsteori slik den er omtala m.a. i Eide og Eide (1996) si bok Kommunikasjon i relasjon: samhandling konfliktløsning.

Først vil eg sjå på tre modellar for kommunikasjon: lineærmodell, prosessuellmodell og profesjonsorientert modell. Lineær modell fokuserer på overføring av ein bodskap mellom to personar eller aktørar. I si enklaste form har denne modellen tre ledd: ein avsendar, eit bodskap og ein mottakar. I kommunikasjon er det viktig at alle partar forstår kvarandre sine kodar. Mangelfull kjennskap til kvarandre sine kodar er den hyppigaste årsaka til mistydingar. Slike kodar kan vera både språklege og kulturelle. Nonverbal kommunikasjon er det som medvete eller umedvete vert formidla utan ord, i min samanheng er det; syn, hørsel hudsans, berøring, lukt. Det er ikkje det vi seier, men måten vi seier det på, som fortel om vårt tilhøve til den vi seier det til. Nonverbale signal kan ha ein sterk, men gjerne skjult effekt. Signala kan vere merkbare berre i ei kort augneblink. Når vi snakkar med andre registrerer vi ei mengd inntrykk, både hjå den vi snakkar med og hjå oss sjølve. For at det skal gje oss meining må vi sortere i dette. Merksemda vår er til hjelp i dette arbeidet. Utveljing av inntrykk og organisering er

ikkje tilfeldig, dei er prega av tidlegare erfaringar, interesser og behov. Persepsjonsprosessen fører til ein rask fordreining av virkeligheita. Dette er viktig kunnskap for meg fordi eg vert minna på at det eg opplever som verkeleg berre er delar av eit heile eller fortolking av det verkelege. Persepsjon kan vidare føra til ei sterk forenkling av både det verkelege og personar. Det tyder at vi kan koma til å oppfatte den andre som objekt og ikkje person.

Den prosessuelle modellen er knytt til relasjonen mellom partane, til den gjensidige opplevinga av kvarandre og dei kjensler, haldningar og vurderingar som er aktuell i situasjonen. Den prosessuelle modellen er dynamisk. Denne modellen er meir kompleks enn den lineære. Eit prosessuelt perspektiv vil ta med meir av dei vage impulsane og kanskje dei motstridande kjenslene eller impulsar som mellommenneskeleg kommunikasjon omfattar.

Den profesjonsorienterte modellen er prega av ein profesjonell omsorgsrelasjon bygd på empati, fagkunnskap og målorientering. Empati tyder evne til å lytte og prøve å forstå den andre sine kjensler og reaksjonar. Fagkunnskap er viktig for å kunne analysere situasjonen, formidle forståing til den andre og gjennomføra naudsynte tiltak. Målorientering tyder evne og vilje til å la kommunikasjonen bli styrt av faget si overordna målsetjing.

Relasjonar mellom menneske kan vere symmetriske og asymmetriske. Med symmetriske relasjonar meiner eg at partane dannar likeverdige relasjonar som i tilhøve mellom to vener eller kollegaer eller eit ektepar med gjensidig respekt for kvarandre. Asymmetri er det motsette. Det vil seia at den eine har meir makt, kontroll eller myndigheit enn den andre.

I rettleiingssituasjonar er det viktig å vere klar over desse omgrepa. Men om ein rettleiingssituasjon er prega av det eine eller andre tilhøvet, kjem an på kva type rettleiing det er snakk om. I kollegarettleiing er t.d. ein symmetrisk relasjon naudsynt, om ein gir student rettleiing er det naturleg å tenkje meir i retning av asymmetrisk relasjon.

## Dialog og diskurs

Ein kan ta minst to perspektiv på rettleiingsprosessen. Ein kan byggje ein kommunikasjon der dialogen er i sentrum (den gode samtala) eller ein kan prøve å skape kommunikasjon med dialektikk (diskursen ) i fokus.

Den gode samtala (dialogen) beskriv Løvlie (1984) som interaksjon, der partane utvekslar erfaringar, haldningar og interesser i ein uproblematisert kvardag, og i ei atmosfære som er prega av felles openheit og tillit. Diskursen, på den andre sida, er først og fremst kjenneteikna av argumentasjon, der partane er forplikta til å prøve påstandar om sant og falskt ut frå kravet om grunngevrne standpunkt. Det er dei beste argumenta som til slutt skal slå igjennom.

I "den gode samtala" vert det i liten grad reist motførestellingar eller drøfta problemstillingar. Det vil seia at rettleiar ikkje stiller spørsmål for å få fram teoretiske og etiske grunngevringar i høve til ein situasjon. Dialogen høyrer ofte til i ein vanleg arbeidskvardag, der ein formidlar informasjon til kvarandre bygd på rutinar og vanar og stor grad av semje. Men når ein rettleiar maktar å problematisere meiningar eller handlingar, kan det oppstå ein "ny" form for dialog som Løvlie kallar diskurs. For å få fram diskursen må rettleiar t.d. problematisere delar av den kvardagen som er rutinar og som så kan tre fram som problematisk, fordi det ikkje lenger er sjølvsagt at eit sakstilhøve er på ein bestemt måte og ikkje på ein annan.

Så er det viktig heile tida å hugse at det berre er den rettleidde sjølv som kan forandre sin eigen praktiske yrkest teori. Rettleiar eller andre kollegaer kan påverke ved at dei skapar rammer og klima som gjer at den rettleidde kan reflektere over eigne handlingar. Men ein forandra praktisk yrkest teori fører heller ikkje automatisk til ein forandra praksis. Om det skal skje endring er m.a. avhengig av dei rammene som arbeidet skal utførast innanfor.

## God struktur

Etter eit langt yrkesliv er det ein føresetnad for meg at ho som skal gje rettleiing har kunnskap om rettleiing både teoretisk og praktisk. Det er også viktig at rettleiinga går føre seg innafor strukturerte rammer. T.d. kan ei gruppe/ kollegarettleiing ha slik rekkjefølgje. Den fyrste månaden bør handle om å bli kjent, etablering av kontakt, avtalar og praktisk opplegg omkring tidspunkt, stad for frammøte, fráver, teieplikt, arbeidsform, ansvarsfordeling, val av metode og om noko av det ein arbeider med skal vere skriftleg. Sjølve arbeidsfasen kan sjå slik ut: I starten av kvar time bør ein "vaske hovudet", det tyder å prøve å leggje frå seg det som ikkje er relevant for arbeidet i gruppa, konsentrasjon om val av tema, ein deltakar legg fram ei sak, alle dei andre gir innspel til saka, avslutning av dagens tema, oppsummering og observasjon, sørgje



for å ta i vare ho som har lagt fram saka. Avslutningsfasen bør handle om arbeid med relasjonar i gruppa og evaluering av prosessen.

I grupperettleiinga bør den som er rettleiar ha same utdanningsbakgrunn som meg, helst same stilling. Det er på den måten ein kan få til ein likeverdig - horisontal - relasjon. Gruppa bør ha ein storleik på mellom fem og sju medlemmer. Frå erfaring veit vi at det er grupper på den storleiken som fungerer best, og at gruppa har nok med kunnskap og erfaring. Eit anna viktig kriterium for utvikling i gruppa er at det er likskap mellom deltakarane.

Eg vil ynskje at ho som gir meg rettleiing er oppteken av heilskapsperspektivet i eiga verksemd, det tyder at ho fokuserer på relasjonar og gjensidig påverknad. Vidare tyder det å ha evne til sjå seg sjølv og det arbeidet ein gjer med ein viss avstand, samstundes som ein står midt i arbeidet. Målet for meg ved å ta imot rettleiing er å kunne frigjere og å utvikle den kompetansen eg og dei andre i gruppa har. Denne måten å motta rettleiing på rettar merksemda mot relasjonar som eg har til andre i arbeidet mitt. Til siste handlar dette om kor viktig sirkularitet er:

“Sirkularitet innebærer at en hendelse sees i sammenheng med andre begivenheter som foregår samtidig, griper inn i hverandre og gjensidig påvirker hverandre. En persons handlinger er påvirket av omgivelsene, samtidig som de virker på omgivelsene. For å forklare en hendelse må vi hensyn til dette kompliserte samspillet.” (Schjødt og Egeland 1998, s. 80)

Sjølv veit eg at eg lærer meir saman med fagfolk frå andre arbeidsplassar. Dei stiller meg andre spørsmål enn dei eg får frå kollegaer frå same arbeidsplass. Etter å ha vore på same arbeidsplass over lengre tid kan det bli slik at ein seier “slik gjer vi det berre”, når det vert stilt spørsmål knytt til praksis. Dette vert ofte kalla kollektiv innsikt eller “stillteiane overeinskomst”.

Det er mange kommunikasjonsmåtar som kan hemme fagleg utvikling i ei gruppe. Gjems (1995, s 116-122) viser korleis fleire av desse kan opptre. T.d. den dominerande deltakar, den sjølvhevdande deltakarar, diskusjonsgruppa, lav risiko gruppa, den sosiale gruppa, den avhengige gruppa og den personlege støttegruppa. Plassen tillet ikkje å gå meir inn på dette. Men det finst ulike strukturar som kan hindre at slike grupper oppstår og mine forventningar til god rettleiing vil vera at rettleiar har

innsikt i dette og ikkje minst gjer bruk av ein fast struktur rundt rettleiinga.

### Rettleiingskompetanse

Eg har i arbeidet mitt krav på meg om at eg skal tileigne meg ny kunnskap om fagområdet mitt og ikkje minst omsetje denne kunnskapen i praktisk ny handling. I denne situasjonen er individuell rettleiing viktig. Eg har store krav til ho som skal vera den individuelle rettleiaren min. Når eg skal nemne dei viktigaste utviklingsområde for meg, står eg meg til Damgaard og Nørlykke (2001):

- "å tilegne seg større kunnskap om seg selv
- å tilegne seg større kunnskap om andre menneskers utvikling og behov
- å tilegne seg kunnskap om samtale forløp og -teknikker"

(Damgaard og Nørrelykke 2001, s.19)

I arbeidet mitt møter eg mellom anna personar som har opplevd svik av foreldre, partnerar eller ektefelle. Dette påkallar ei tilnærming som har i seg sjølvinnsikt på desse områda.

Rettleiaren min må såleis ha kunnskap om utviklingspsykologi og sosiologi. Vedkomande må kjenne til den tydinga kunnskap om menneske sine belastningspunkt, forsvarsmekanismar og allmenne behov har. Eg forventar òg at rettleiaren min langt på veg delar menneskesynet mitt. Menneskesynet mitt er bestemt av tradisjonane mine og livssynet mitt. Korleis eg forstår meg sjølv er viktig for korleis eg møter andre i arbeidet mitt. Det er viktig for meg å vera klar over kven eg er, eller ynskjer å vera. Identiteten min styrer vala mine og handlingane mine. I møte med klientar har eg med meg heile meg sjølv. Eg ynskjer å fungera som eit moralsk subjekt i møte med klientar og andre. Rettleiing må aldri verte berre ein teknikk, til noko som ein "gjer" med andre menneske. Kontakten vert då eit subjekt-/objekt – tilhøve og vert då slik at rettleiar ser på meg som ein ting, eller nyttar meg til å oppnå noko for eigen del, eller nå egne mål. Det er ein krevjande prosess å vera samstemt mellom verdiar og handlingar. Til dette arbeidet treng eg andre menneske å spegla meg i. Eg treng personar som gir meg tilbakemeldingar på korleis eg fungerer og korleis det eg gjer verkar på andre.

Eit rettleiingstilhøve handlar om å vere undervegs. Rettleiar må ha høve til å kjenne på eigen angst, audmjuke seg, orsake seg, risikere å verte avvist. Henriksen og Vetlesen (2001) seier:

“Vår evne til å vedstå oss vår egen sårbarhet har ikke bare betydning for hvor beredt vi er til å ta imot andres hjelp der den måtte komme når vi trenger den som mest. I tillegg gjelder det også vår erkjennelse av vår egen sårbarhet er vesentlig for å gi oss tilgang til andres sårbarhet. På dette området er det en nær sammenheng mellom vårt forhold til oss selv og vårt forhold til andre. Selvforholdet gir rammene for vår evne til å delta i andres situasjon. Behov og følelser vi forbyr oss selv å ha, vil vi vanskelig kunne bekrefte hos andre. Innsikt i vår egen sårbarhet er nøkkelen til innlevelsen i andres.” (Henriksen og Vetlesen 2001 s. 38)

Med eit slikt utgangspunkt har vi alle mogelegheit til å utvikle oss som menneske. Framtida er ikkje fastlagt, det er vi som lagar ho. I arbeidet mitt rundt rettleiing vil eg støtte meg til Handal og Lauvås (90) sine refleksjonar om kva strategiar som er viktig for rettleiing. Eg dreg fram desse elementa frå strategien som eg trur vil vere viktig for meg sjølv i ulike typar rettleiingssamtaler:

- At det vert lagt vekt på sjølve refleksjonen meir enn på svara eller løysingane. Det er analysar av tilhøvet mellom teori og praksis som står sentralt meir enn opplæring og formidling av “rette” svar.
- At det er han/ ho som vert rettleidd som står i sentrum. Rettleiar må arbeide for å setje seg inn i det nivået og den ståstaden som den rettleidde har.
- At tilhøvet mellom den rettleidde og rettleiaren er prega av likeverd. Det er ikkje løysingane til rettleiar eller forståinga hans eller hennar som alltid er rett.
- At rettleiinga både tek opp saksforhold og relasjonen mellom rettleiar og den rettleidde.
- Eit absolutt ideal for rettleiingssamtala er diskursen meir enn dialogen.

## Avslutning

Kåre Skagen (1997) har i ein artikkel sett nærare på norsk rettleiingstradisjon og viser døme på felles tankegods som peikar i

retning av at rettleiar skal vere avventande og indirekte i håp om den rettleidde sjølv skal vise initiativ. Den er den rettleidde sin autonomi som sit i førarsete.

“Det er et spørsmål om ikke den faglige autoriteten som faktisk er til stede i veiledningsforhold mellom øvingslærer og studenter, er undervurdert i dagens teorikonstruksjoner.” (s.44)

Sjølvsagt skal rettleiar i ein rettleiingsprosess vise fagleg autoritet. Noko anna ville vere meiningslaust. Slik autoritet inneber å ta ansvar for at rettleiinga held fagleg mål og at den rettleidde sin praksisteori får dei korrigeringsane som er naudsynte. Eg har tidlegare i denne oppgåva skrive at for meg er ikkje rettleiing ein metode, men meir eit sett av reiskapar som rettleiaren kan bruke for å oppnå dei måla ho har sett seg. Det er kompetansen til å bruke reiskapane på rett tidspunkt og på rett måte som avgjer kor profesjonell ein rettleiar er og kor god rettleiinga kan bli.

## Litteraturliste

Skagen, Kaare (1997): Norsk veiledningstradisjon i lærerutdanning: analyse og kritikk i Avdeling for helsefag: Innføringskurs i rettleiing. Undervisningskompendium Høgskulen i Sogn og Fjordane. AHF 2/2002.

Damgaard, Irene og Nørrelykke, Helle: Den personlige samtalen. Høyskoleforlaget 2001.

Eide, Hilde og Eide, Tom: Kommunikasjon i relasjoner: samhandling, konfliktløsning, etikk. Ad notam Gyldendal. 1996.

Gjems, Liv: Veiledning i profesjonsgrupper. Et systemteoretisk perspektiv på veiledning. Universitetsforlaget 1995.

Handal, Gunnar og Lauvås, Per: Veiledning og praktisk yrkesteori. Cappelen Akademia Forlag. 2000.

Handal, Gunnar og Lauvås, Per: Veiledning og praktisk yrkesteori. JW Cappelen forlag.as 1990.

Handal, Gunnar og Lauvås, Per: På egne vilkår. En strategi for veiledning med lærere. Cappelen Akademisk Forlag 1999.

Henriksen , Jan-Olav og Vetlesen, Arne Johan: Nærhet og distanse. Gyldendal Akademisk 2001.

Holthe, Vibeke Glaser: Profesjonalisering av barneoppdragelsen. Muligheter og utfordringer for foreldre og fagpersoner. Tano Forlag 1998.

Johannessen, Eva, Kokkersvold, Erling og Vedeler, Liv: Rådgivning : tradisjoner, teoretiske perspektiver og praksis. 2. utg. Gyldendal akademisk 2001.

Løvlie, Lars: Det pedagogiske argument. Cappelen 1984.

Schjødt, Borrik og Egeland, Thor Aage: Fra systemteori til familierapi. Tano 1998.

# Mesterlære eller handlings- og refleksjonsmodell - eller en kombinasjon av begge?

Veiledning av sykepleiestudenter i grunnutdanningens første praksisperiode<sup>1</sup>

Aslaug Johannesen

Aslaug Johannesen er sjukepleiar og helsesøster med cand.san (helsefag hovudfag) og rettleiarutdanning. Ho har jobba mange år som helsesøster og er frå 2000 høgskulelektor ved HSF avd. for helsefag i Førde.

## Innledning

Faglig veiledning av studenter i praksis er en del av arbeidet mitt som høyskolelektor. Gjennom studiet i veiledning har jeg fått innblikk i ulike læringsmodeller og jeg vil i denne artikkelen se på studentenes læring i praksis ut fra ulike læringsmetoder. Killéns definisjon av faglig veiledning:

Faglig veiledning av studenter er en utdanningsprosess. Den bidrar til studentens læring av metodisk arbeid, til å integrere basisviten og prinsipper, og til å utvikle yrkesidentitet. Faglig veiledning tar gjerne utgangspunkt i studentens praktiske oppgaver ved institusjonen, som er kvantitativt begrenset. (Killén 1999, s. 10)

Den første praksisperioden er sykepleiestudentenes første møte med fagfeltet. Dette setter store krav til studenter som hittil i studiet bare har hatt teoretiske fag i tillegg til praktiske øvelser med veiledning der de trener på hverandre. For de studentene som tidligere har hatt erfaring med pasienter, kan det ukjente virke mindre skremmende. Uansett er også de i en ny rolle som studenter til en profesjon med mange og nye krav til utvikling av kompetanse.

Studenter i sykepleiestudiet har i praksisperioder en sykepleier som veileder i avdelingene (kontaktsykepleier). Lærer fra høgskolen har også en veilederrolle som innebærer ca. to veiledningsdager med hver student

---

<sup>1</sup> Artikkelen bygger på oppgaven min til eksamen ved videreutdanning i veiledning vår 2002

i løpet av praksisperioden i tillegg til veiledning med alle studentene i gruppe.

## Kompetanse

Kompetanse er et begrep som i oppslagsverk defineres som myndighet til å ta avgjørelser i visse saker eller en rett til å utføre visse handlinger. Det defineres også som brukbarhet eller dyktighet (Aschehoug og Gyldendal, 1993 og Berulfsen, 1995).

Kompetanse må ses utfra den sammenheng den skal fungere i. For studenter til et omsorgsyrke som sykepleie er det derfor vesentlig at de bygger opp en kompetanse som skal nyttes i samhandling og omsorg for andre mennesker. Kompetansen vil derfor bestå av individuelle kunnskaper, holdninger, verdier, ferdigheter og erfaringsbasert innsikt. Siden studentene er i sin første praksisperiode vil deres holdninger og verdier være en innebygget ballast de bringer med seg, men som bevisstgjøres og utdypes gjennom studiet. Kunnskaper, ferdigheter og innsikt er noe som må erverves gjennom tilrettelegging for læring både fra skolen og praksisstedets side.

## Metode

Jeg tar utgangspunkt i en kvalitativ metode der jeg reflekterer over erfaringer og observasjoner med studenter i praksis og knytter dette opp til et teoretisk grunnlag for ulike læringsmodeller. En kvalitativ metode er iflg. Enroth (1984) en metode som har som mål å beskrive en fremtoning eller et fenomens kvaliteter, der hensikten er å finne de kvaliteter som karakteriserer fenomenet og som gjør at man kan skille et fenomen eller fremtoning fra et annet fenomen/fremtoning. I denne sammenheng vil fenomen/fremtoning beskrive studentenes aktuelle læresituasjoner som så knyttes opp til teorier for ulike modeller for læring. Jeg vil til slutt se på modellenes plass i praksis for sykepleiestudenter.

## Faglig og teoretisk ståsted

Det er ønsket mitt å møte både pasienter og studenter som hele mennesker. Mitt sykepleieperspektiv ligger nær opp til det Jean Watson beskriver som en bred tilnærming til sykepleie som søker sammenheng heller enn atskillelse mellom de ulike deler som gjør mennesket til en helhet (George, 1995). Det er derfor naturlig at synet på veiledning er

påvirket av konfluent- eller helhetspedagogikk, en arbeidsmetode som tar utgangspunkt i at intellektuelle, emosjonelle og psykomotoriske aspekter i veiledning, undervisning og læring flyter sammen mot samme mål (Grendstad, 1999). Jeg vil i denne artikkelen imidlertid se spesielt på disse læringsmodellene:

- a. Mesterlære – læring som sosial praksis
- b. Handlings- og refleksjonsmodell

## Teoretisk bakgrunn

### Mesterlære – læring som sosial praksis

Nielsen og Kvale (1999) skriver at mesterlære har blitt utforsket innen ulike fag og med ulik forståelse over hva begrepet innebærer. De betegner praksisfellesskap, tilegnelse av faglig identitet, læring gjennom handling og evaluering gjennom praksis som noen hovedtrekk ved mesterlære.

Lave (Nielsen og Kvale, 1999) forsket på mesterlære som sosial praksis ved å studere skredderlæringer i Monrovia. Hun stiller spørsmål ved hva teorier om læring handler om. Gjennom samarbeid med Martin Packer beskrives tre elementer som analyseredskap for læringsteorier:

- 1) "en telos som kan stå for forandringer i læringsbegrepene som kan vende fokus fra et perspektiv om pedagogiske mål der undervisning vil være forutsetning for læring, og til et perspektiv hvor telosbegrepet i stedet kan medvirke til fokus på den lærendes deltakerbaner
- 2) grunnrelasjonen som det antas å være mellom individet og den sosiale verden og
- 3) mekanismer som en antar at læring foregår gjennom. I forhold til sitt studie over skredderlæringer ville deres telos ikke bare dreie seg om å lære å sy, men å bli et respektert individ i et praksisfellesskap, som kan defineres som å konstruere en identitet i praksis" (ibid., s. 46).

Læringsmekanismene vil dreie seg om hvordan en blir en deltaker, forskjellige måter å delta på, og hvordan deltaker og praksis endrer seg. Hun mener at å skape identitet gjennom deltakelse er en sosial prosess i tillegg til at et aspekt ved deltakelse er økt kunnskap og ferdigheter.

Også Benner (1995) er opptatt av ferdighetslæring gjennom et praksisfellesskap i en praktisk virkelighet. Klasserommets innlæring av teoretiske prinsipper og regler vil ikke være tilstrekkelig til å fortelle



studentene hvilke oppgaver som er viktigst å utføre i en situasjon der de skal yte en innsats. Hun mener at studenten gjennom veilederens konkrete og kyndige veiledning vil få klarlagt viktige aspekt og betydningen av disse i praktiske situasjoner. Gjennom dette vil studenten gradvis tilegne seg større erfaring gjennom gjenkjenning av disse aspektene i nye sammenhenger. Molander (1993) kaller denne kunnskapen en form for oppmerksomhet, der studenten vil kjenne igjen deler av en situasjon utfra tidligere eksempel.

Benner (1995) brukte Dreyfus & Dreyfus (Nielsen og Kvale, 1999) sin modell i en undersøkelse for å forstå og fastslå forskjellene i måten nybegynneren og ekspertsykepleieren utøver sykepleieferdigheter. Hun viser til at studentens læring av ferdigheter går gjennom fem stadier: novise, avansert nybegynner, kompetent, kyndig og ekspert. Disse frem nivåene viser endringer innenfor tre allmenne områder av kvalifisert praksis. Den første endringen er en bevegelse fra å være avhengig av abstrakte prinsipper til å bruke sin egen konkrete erfaring som grunnlag. Den andre innebærer en endring i studentens oppfattelse av krevende situasjoner der alle elementer er like relevante, og til å se situasjonen som en helhet der det bare er noen av elementene som er relevante. Den tredje endringen innebærer at studenten går fra en posisjon som utenforstående iakttaker til en deltakende aktør.

Skagen (2000) skriver at det å bli innviet i et yrke er noe mer enn en kognitiv tilegnelse av kunnskaper om yrket. Disse kunnskapene som han kaller "dekontekstualisert kunnskap" (Skagen 2000, s. 106) kan virke som en referanseramme, men kan ikke gi helheten eller mangfoldet i den konteksten som studenten vil befinne seg i. Det vil derfor være en tilleggskunnskap som studenten må tilegne seg gjennom aktiv deltakelse i praktiske situasjoner. Deltakelse innebærer iflg. Dreier (Nielsen og Kvale, 1999) at den enkelte person eller student oppfattes som situert, d.v.s. befinner seg på et konkret sted i den sosiale praksis hvor vedkommende vil oppleve en personlig betydning av praksis ut fra sitt spesielle ståsted. Den enkelte vil føle, tenke og handle i forhold til hva en mulig deltakelse i denne praksis vil bety for eget liv. Det sentrale ved deltakelse er dermed å forstå den enkelte studentens "måte å fungere og utvikle seg på ut fra det personen er en del av, og ut fra den måten personen tar del i dette på" (ibid., s. 72). Studenten skal gjennom praksisperioden delta i flere ulike sammenhenger for handling og Dreier (ibid.) kaller dette for institusjonelle deltakerbaner. Studenten må på sin side forme sitt eget livsløp ved å utvikle sin personlige deltakerbane som er satt sammen av studentens dagligliv og de muligheter som andre

deltakerbaner kan gi, for eksempel samfunnsmessige eller institusjonelle deltakerbaner. Studentens personlige deltakerbane vil sammen med institusjonelle deltakerbaner gjenspeile seg i studentens praksisendring, ettersom deltakelsen vil innebære både ulike miljø og ulike praksisfellesskap.

### Handlings- og refleksjonsmodell i veiledning

Mens mesterlære har en flere hundre år gammel tradisjon, er handlings- og refleksjonsmodellen av nyere dato. Denne modellen tar sikte på å utvikle grunnlaget av kunnskap for et profesjonelt yrke, f. eks. sykepleieprofesjonen, gjennom å veksle mellom handling og refleksjon over handlingen. I stedet for å formidle den riktige måten å utføre virksomheten på, som i mesterlære, skal denne formen for veiledning hjelpe studentene til å bli klar over grunnlaget av kunnskap, erfaring og verdier som virksomheten tar utgangspunkt i. Ved å bli mer klar over dette utgangspunktet, mener Lauvås og Handal (2000) at en øker mulighetene for å endre og utvikle denne kunnskapsbasis.

Løvlie (Lauvås og Handal, 2000) analyserer yrkesfaglig veiledning gjennom en tankemodell, som består av en omvendt trekant med tre ulike nivå. Det laveste nivået, P1-nivå, er selve handlingen som blir observert. Handlingen er ikke tilfeldig, men går ut fra det en mener er hensiktsmessig eller forsvarlig i en situasjon. Handlingen begrunnes ut fra kunnskaper, erfaringer og verdier som ligger på nivåene over selve handlingen, det som kalles P2- og P3-nivået. Det som foregår på de to sistnevnte nivåene kalles praktisk yrkest teori eller PYT, og består av erfaring gjennom eget liv og læring. Vi tilegner oss kunnskap av ulik art, som begrep, modeller, kulturelle aspekter og verdier. Dette utvider erfaringsgrunnlaget vårt, påvirker tanker og oppfatninger av verden omkring oss i tillegg til at det påvirker de praktiske handlingene våre. Denne praksisteorien er forskjellig fra individ til individ, den er dannet på ulike måter og kan være mer eller mindre bevisst. Veiledning tar sikte på å utvikle denne teorien bak handlingen gjennom å reflektere over det som gjøres og hvorfor. Veiledningen må fra starten av ta sikte på å utvikle selvstendighet ved å etablere en modell for videre yrkespraksis. Gjennom planlegging utfra teori, observasjon og refleksjon over egen yrkespraksis samtidig som en bruker egne og andres erfaringer vil en utvikle og nyansere sin egen praksisteori. Veiledningen skal ta utgangspunkt i P1-nivået og arbeide mot målene for praksisperioden (Lauvås og Handal 2000).

Iflg. Lauvås og Handal (2000) vil praksisdelen i et profesjonsyrke, bl.a. i sykepleieprofesjonen, ha ganske mye uartikulert kunnskap som de betegner som "taus kunnskap i yrkespraksis" (Lauvås og Handal, 2000, s. 10). PYT inneholder noe teori i tillegg til taus kunnskap. Taus kunnskap dokumenteres gjennom praktisering, dels som ferdighetskunnskap i bruk av utsagn og dels i en fortrolighet om de forhold utsagnene sier noe om. Studenter under utdanning må lære seg denne kunnskapen som i tillegg er vesentlig for å nyttiggjøre seg påstandskunnskap eller den teoretiske kunnskapen som studentene lærer i undervisningstimene. Forfatterne mener at i spenningsfeltet mellom teori og praksis, mellom taus og uttalt kunnskap vil veiledning, i form av reflekterende veiledning, ha en spesielt god funksjon i å gi den uttalte kunnskapen mening i møtet med praksisfeltet, idet det gjennom veiledning kan settes ord på noe av den tause kunnskapen.

Sykepleiestudenten er på vei inn i et omsorgsyrke. Vaags (2000) skriver at gjennom omsorg forholder man seg til andre mennesker, spesielt til den som trenger omsorg. På den ene siden vil det derfor være den omsorgstrengende med sitt problem, sine ressurser, muligheter og utfordringer. På den andre siden er omsorgsarbeideren med sine rammebetingelser, og den kompetansen han har i form av personlige egenskaper, erfaringer og kunnskaper. Evnen til å reflektere og kunne gi begrunnelser "er en viktig ingrediens i den kompetanse en god profesjonell omsorgsarbeider besitter" (Vaags, 2000, s. 18).

Him og Hippe (1998, s. 220) skriver at hovedprinsipper i forbindelse med læreprosessen er: "opplevelsesorientering, oppgaveorientering, sammenheng mellom teori og praksis og medbestemmelse". Disse prinsippene har sammenheng med hvordan vi oppfatter studenten som person, synet vi har på kunnskap og innholdet av den i tillegg til mål som innebærer en faglig og personlig utvikling.

## Studentenes møte med praksis

Mesterlære – læring som sosial praksis, en modell for læring  
Lauvås og Handal (2000) skriver at i en mester-lærlingmodell vil studenten settes til oppgaver av økende vanskelighetsgrad hvor læring skjer gjennom observasjon og etterligning av de kompetente yrkesutøvere. På denne måten vil studenten bevege seg fra en perifer deltakelse til et medlem av fellesskapet ved å lære seg yrkeshandlingene og den måten som de snakker om disse handlingene på. I denne

veiledningsmodellen mener forfatterne at "veilederen blir mer en formidler som hjelper lærlingen til rette, gir passende oppgaver og til dels fungerer som "tolk" (ibid. s. 75). Tolkefunksjonen ses på som en måte studentene får større forståelse for situasjonen de er i, samtidig som de kan tilegne seg den tause kunnskapen yrkeskulturen bygger på.

Studentene skal i denne første praksisperioden lære seg å gli naturlig inn i avdelingens miljø. Dette innebærer at de må lære å forholde seg til pleiepersonalet som er i avdelingen samtidig som de skal lære å forholde seg til en gruppe pasienter som alle har behov for hjelp i mer eller mindre grad. Det vil i denne perioden være naturlig å se studentene i et mesterlære-perspektiv hvor studentene er situert i en spesiell sosial praksis. De må aller først lære seg å komme inn i "språket" og "tonen" i personalgruppen. Nielsen og Kvale (1999) skriver at språkets rolle er kontroversiell, men i mesterlære ses språket som vesentlig i den praktiske deltakelsen. Uten at man får del i språket og tonen i avdelingen, vil man ha vanskelig for å forstå det som formidles av kunnskap som gjelder praktisk deltakelse i stell av pasientene. Mye av denne kunnskapen vil formidles non-verbalt gjennom handling. Studentene vil de første dagene gå med en kontaktperson og observere de praktiske oppgavene i stell og pleie av pasienter. Denne begynnerfasen kan være ganske forvirrende for studentene fordi det blir mye nytt for dem på en gang. Etter hvert som de klarer å ta inn litt mer av det som skjer, får studentene delta i stellet av pasienter sammen med kontaktpersonen. Gjennom dette vil de ved etterligning, iflg. Handal og Lauvås (2000), gradvis prøve seg i enkle stell sammen med en kompetent person før de går videre til oppgaver hvor de får prøve seg på egen hånd. Denne formen for læring skiller ikke mellom det å lære og å bruke det lærte fordi læringen iflg. Nielsen og Kvale (1999) er innvevd i en sosial praksis.

Studentene har i praksisperioden en hel personalgruppe å forholde seg til i tillegg til kontaktsykepleier som i denne sammenheng kan benevnes som "mester" i forhold til en "lærling". Studenten får del i kunnskapen gjennom samhandling mellom personer, aktiviteter og praksisplassen som en sosial verden. Fellesskapet blir dermed en relasjon mellom personer, aktiviteter og omgivelsene. Studenten observerer og handler innenfor den rammen som praksisplassens strukturer og aktiviteter danner. Ved å gå i turnus får studentene en større helhetsforståelse i hvordan avdelingen blir drevet i løpet av døgnet. Studentenes handlinger ble dermed satt inn i en større hensikt- og meningssammenheng noe

som Molander (1993) mener knytter handling til utvikling av forståelse og kunnskap.

Studentene skal skrive en pedagogisk pleieplan<sup>2</sup> i løpet av praksisperioden. De blir derfor oppfordret til å velge primærpasient tidlig i forløpet. Gjennom innsamling av data til pleieplanen blir studentene mer opptatt av "sin" pasient. De blir etter hvert også engasjerte i pasientene som de konsentrerer seg spesielt om, og knytter seg til dem samtidig som de får mer forståelse for hva de kan bidra med overfor pasientene. I starten er det naturlig at studentene har en mer perifer deltakelse i det praktiske fellesskapet. Etter hvert som de får mer forståelse for språk og omgangstone, vil de også få mer trening i praktiske oppgaver. De vil derfor gradvis føle seg tryggere i avdelingen og få en opplevelse av å gå inn i et fellesskap med personalet. Det vil her skje en endring i det som Lave (Nielsen og Kvale, 1999, s. 45) kaller "grunnrelasjonen som antas å eksistere mellom individet og den sosiale verden".

En kan stille spørsmål om det er rammene og vilkårene for å delta i veiledning som ikke harmonerer med hverdagen til prestene. Eller kan det være at det mangler en kultur for å motta veiledning hos denne yrkesgruppen? Er ikke verdien av det å av og til sette seg "i den andre stolen", verdsatt blant denne yrkesgruppen? Dag etter dag har prester samtaler med mennesker. Alltid er presten den ansvarlige, som skal sørge for at den andre part blir ivaretatt og får nødvendig hjelp og støtte. Hvorfor søker de ikke et slikt forum selv? Treffer ikke ABV-tilbudet behovet, eller er det andre grunner til at mange prester ikke takker ja til 2 år i veiledningsgruppe?

Behovet ser altså ut til å være til stede, men mange tar likevel ikke imot tilbudet. Kirken har valgt å satse her, ved å utdanne veiledere og tilby veiledning til prester rundt om i landet. Likevel er et sprik mellom kirkens satsing og store velvilje på den ene siden og den virkelighet denne satsingen treffer ute hos den enkelte prest. Det er ingen selvfølge at kirken skulle velge å satse på dette feltet. Ressursene er knappe og behovene er store i kirken, men veiledning må sies å ha fått prioritet. Likevel når ikke tilbudet frem til mer enn ca. hver andre prest.

## Tallenes tale

Vel halvparten, 54 % av norske prester har, eller har hatt, veiledning. Noen oppgir årsaker til hvorfor de ikke har tatt imot tilbudet. Enten har

de ikke behov for veiledning (1%), de ønsker ikke gruppeveiledning (2%), noen få mener det er for små forhold (under 1%), andre får dekket veiledningsbehovet andre steder (4%) eller det er for stor reiseavstand til samlingene (2%). Fire prosent oppgir "andre årsaker" for å takke nei til veiledning. Disse små gruppene utgjør ikke en knapp halvpart av det norske presteskap, så dette gir ikke hele forklaringen. Kan svaret heller være å finne i at hele 63 % sier at de "føler seg nedlesset av arbeid?" Det er over 66 % som opplever at de sjelden har fri fra jobben, og 60 % sier at de tenker mye på forhold ved jobben også når de har fri. Når tilbudet om veiledning kommer, er det tenkelig at mange av de 63 % som kjenner seg nedlesset i arbeid, rett og slett ikke har en ledig dag å avse til faste veiledningssamlinger. Dersom det å skulle delta her blir "enda en ting jeg må finne tid til", kan mange bli nødt til å prioritere det bort. Valget blir da å vurdere om veiledningen er så viktig at de er villige til å utsette arbeid til kveldstid eller fridager. Med andre ord blir valget om de skal takke ja eller nei til veiledning, et ressurspørsmål.

Kirkens ambisjoner og intensjoner er både store og gode. Men mange presters arbeidshverdag er slik at de ikke har valgt å prioritere veiledning utifra tidsperspektivet. Kirken har ikke brukt midler på frikjøp til dette viktige tilbudet. I starten var det tanken at prestene skulle få vikar når de deltok i veiledningsgruppe. Gruppene dekker relativt store geografiske områder, og prestene får kun dekket billigste reisemåte til veiledningssamlingene, som de fleste steder er buss. Dersom rutene ikke korresponderer, tar mange prester utgiftene privat med å bruke egen bil. Dette er bare en av mange detaljer som gjenspeiler stramme økonomiske rammer og en svært nøktern kultur innen kirken. Det er vel tvilsomt om mange norske arbeidstakere hadde funnet seg i lignende vilkår i forbindelse med kurs eller etterutdanning. At det første veiledningsskullet i Bjørgvin fikk utdannelsen sin i en militærleir, med overnatting i køysenger i brakker, illustrerer noe av dette. Viljen har vært til stede, men ressursene har vært knappe, og kulturen innenfor presteyrket er svært, svært nøktern.

Ville bildet sett annerledes ut om veiledningen var lettere tilgjengelig, gav rett til vikar og var fri for ekstra utgifter for den enkelte? Det kom frem tydelige forskjeller i tall mellom gruppene institusjonsprester og menighetsprester. "Bare" 2 % av institusjonsprestene rapporterer utbrenthet. Det er halvparten av normeringsdata, grupper det er naturlig å sammenligne seg med. En av de faktiske forskjellene mellom disse to yrkesgruppene er at institusjonsprestene har fast arbeidstid. De har vakt,

og når de ikke har vakt har de fri. Da blir andre prester tilkalt ved behov. Når det gjelder veiledning har heller ikke institusjonsprestene fast eller obligatorisk veiledning. Men erfaringen her viser at mange av dem har funnet egne løsninger, som de selvsagt får både tid og midler til. På steder der det er flere institusjonsprester sammen, brukes det også mye tid på å gå igjennom dagens belastninger. Her er det en kultur for å ta seg av hverandre, snakke igjennom opplevelser og dele. Dette krever tid, og i sammenligning med menighetsprestene er nok tiden noe friere for institusjonsprester.

## Hva sier presten?

Noe av det første som slo meg i intervju med prester er at dette er en takknemlig yrkesgruppe å intervju. De snakker gjerne om arbeidssituasjonen sin. 'Det er jo veldig takknemlig at noen gidder å høre', uttalte en prest. Mange forteller at de sjelden snakker med andre om jobben sin, med unntak av ektefellen. Det ser ut til at prester som kolleger generelt i liten grad bruker hverandre. En kateket fortalte om samlingene de hadde i sin yrkesgruppe: 'Etter en halv time har alle fått fortalt om hva de sliter med. Prestene gjør ikke det. Når prester samles er det ikke klima for å ta opp vanskelige spørsmål.' En prest som hadde brent seg litt på dette, fortalte: 'Da jeg var nyutdannet prest prøvde jeg ved et par anledninger å ta opp vanskelige saker med kolleger. Da fikk jeg ofte til svar hvor foretrefelig de selv hadde løst dette, enda jeg visste at de også slet med det. Jeg lærte fort, og sluttet med dette.'

Kan dette ha sammenheng med en arv i dette yrket, der presten er en litt opphøyet og utilnærmelig person? Eller kan det ha sammenheng med at 83 % av deltakerne i undersøkelsen vår er menn? Her kan vi stille spørsmålene. Det var en kvinnelig prest som sa:

"i kirken har vi lært oss å ikke skilte med vår mislykkethet."

Flere prester har funnet egne støttestrukturer som de bruker ved behov: 'Jeg har en kollega som leser dødsannonsene for mitt område. Han følger med, og vet når jeg har ekstra krevende oppgaver i forbindelse med dødsfall. Da ringer han. Det setter jeg utrolig pris på. Jeg behøver ikke å be om det, eller å føle at jeg bryr han med min jobb. Det er han som ringer meg.'

Noen forteller om studievenner andre steder i landet som de av og til ringer til. Men dette er også et ressurs spørsmål. -'Mange ganger har jeg lyst til å ringe, men tenker at jeg får prøve å klare meg selv. Hvis jeg skulle ringe ham ville jeg jo oppholde to prester. Oftest lar jeg det være.'

Veiledning er nok ikke svaret på alle typer utluftningsbehov. Som alle andre mennesker har prester fra tid til annen behov for å snakke fortrolig med noen. Mange av de spurte har ikke etablert slike kontakter. At alle de spurte også bekrefter, om enn litt ulikt, at de er ensomme enten i arbeidet eller i det sosiale liv (eller begge deler), er et annet element i dette bildet. Det veiledning klart kan gi for prester er et forum der det er satt av tid til å drøfte og reflektere rundt slike spørsmål. En prest sa det slik etter intervjuet: "Jeg har vel aldri brukt to timer på å fortelle noen om jobben min før."

På spørsmål om veiledning er det også noen som ikke opplever å ha behov for denne tjenesten. "Veiledning er vel helst for yngre prester" sa en erfaren prest, som aldri hadde deltatt i gruppeveiledning. Derimot hadde han funnet en sjelesørger som han brukte jevnlig, og dessuten et retreat-senter som gav han det han fra tid til annen kjente behov for.

Det banale er det basale, er det noe som heter. Det kan se ut til å gjelde også her. Det enkle, allmenmenneskelige behovet for å ha noen å snakke med er et udekket behov for mange prester. Overraskende mange prester forteller om ensomhet. De har en yrkesrolle som preges av et 'one-man-show'. De steller med den dypeste sorg og den største glede, kanskje bare med en halvtime imellom. Da kan nok behovet for å selv være den som tar imot, melde seg. Veiledning er et godt forum for dette. En prest som selv hadde erfart utbrenthet i alvorlig grad, gjorde seg disse tankene om hvilke endringer som måtte komme når han skulle tilbake i arbeid:

"Når jeg begynner å jobbe igjen, skal jeg finne meg noen kolleger å snakke med. Jeg skal lete til jeg finner en, og ikke gi meg! Aldri mer skal jeg stå så alene som jeg gjorde!"



# Arbeidsretteiing i Den norske Kyrkja

Kåre Knutsen Bratten

Kåre Knutsen Bratten har vore prest i Den norske Kyrkja sidan 1982:  
Kapellan i Askvoll prestegjeld frå 1983-1993, kapellan 1 i Førde frå 1993  
og for tida fungerande sokneprest i Førde prestegjeld.

Som prest og rettleiar i Den norske kyrkja og som medlem av referansegruppa i rettleiarnettverket i Sogn og Fjordane er eg beden om å skriva litt om rettleiingsarbeidet for kyrkjeleg tilsette. Medan arbeidsretteiing har vore eit godt innarbeidd verktøy i mange yrke i mange år, er det relativt nytt som arbeidsreiskap for kompetanseutvikling og personalomsorg i Kyrkja.

## Litt om forhistorie

Det heile starta med eit pilotprosjekt i 1988. Institutt for sjelesorg, Modum Bad i samarbeid med Tunsberg bispedøme kom då igong med eit utdanningsprogram for rettleiarar i kyrkjeleg kontekst.

Den norske Kirkes Presteforening fatta tidleg interesse for den såkalla ABV-utdanninga (ABV vart forkortinga for arbeidsveiledning). Presteforeininga kom med viktige innspel på vegne av si yrkesgruppe både når det gjaldt kvalifikasjonskrav og den karakter rettleiinga skulle ha.

I mai 1990 vedtok Presteforeininga særskilte retningsliner og ein rammeplan for rettleiing og utdanning. Før dette vedtaket hadde retningsliner og rammeplan vore til høyring hos Bispemøtet og utdanningsinstitusjonane (Teologisk Fakultet, Menighetsfakultetet og Misjonshøgskulen). Høyringsrunden avdekkja usemje mellom utdanningsinstitusjonane omkring forståinga av arbeidsretteiing, omfanget av rettleiinga og målgruppe.

I 1990 vedtok Kyrkjemøtet dette om arbeidsretteiing og om utdanning av rettleiarar:

"1. Kirkemøtet registrerer og er glad for at yrkesorganisasjoner, biskoper, bispedømmeråd og institusjoner har sørget for at arbeidsveiledning er kommet i gang i Den norske Kirke.

Kirkemøtet går inn for at arbeidsveiledning etableres og videreutvikles til et kirkelig nasjonalt system for arbeidsveiledning i Den norske Kirke.

2. Kirkelig tilsatte (iførste omgang prest, kateket og soknediakon) må sikres rett til å motta arbeidsveiledning i faser av tjenesten. Kirkemøtet anbefaler at prosjektgruppens angivelse av nivå for utdanninga legges til grunn for utdanning av arbeidsveiledere i Den norske Kirke.

3. Det etableres et samarbeidsorgan med representanter for arbeidsgiver, arbeidstaker og utdanningsinstitusjoner med mandat å drøfte utdanningsveier og utdanningstilbud i veilederutdanningen. Dette samarbeidsorganet knyttes til Kirkens personalråd.

4. Yrkesorganisasjonene anmodes om å foreta godkjenning av den enkelte veileder på faglig grunnlag.

5. Arbeidsgiversiden anmodes om å stille midler til disposisjon for arbeidsveiledning for kirkelig tilsatte.”

I 1996 hadde alle dei 11 bispedøma gjennomført eit utdanningsprogram for kyrkjeleg tilsette.

## Grupperettleiing

Den første utdanningsrunden var heile tida retta inn mot individualretteiing. Dei godkjende rettleiarane var godkjende som individualretteiingar. Etterkvart kom det til uttrykk eit behov for grupperettleiing. Både på grunn av at ein då kunne driva rettleiing for fleire (ein kunne auka kapasiteten), men og på grunn av den gode læringssituasjonen ei gruppe gjev. Hausten 1998 vart det difor starta eit suppleringskurs i grupperettleiing. Det skulle strekkja seg over eitt år, men utan ny skriftleg oppgåve og utan ny eigen eksamen.

Det vart laga ein ”rammeplan” med følgjande innhald:

”1. Ledelse av en veiledningsgruppe over en to-årsperiode (totalt 66 t.) etter vanlig plan. Antall medlemmer i gruppen bør ikkje overskride 6 personer foruten veileder.

2. Deltakelse på totalt 16 kursdager som normalt avholdes som 4 kurssamlinger av 4 dagers varighet.

De 16 kursdagene består av:

a. 32 t teoriundervisning innenfor

- gruppeteori
- gruppeveiledningens mål og metode utfra pastoralteologisk og pastoralpsykologisk refleksjon

- bruk av egen troshistorie og troshistoriens relevans i den enkeltes teologi og utøvelse av kirkelig veiledningsarbeid
- b. 64 t. Deltakelse i veiledningsgruppe under selve kursdagene, der deltakerne bl. a. får veiledning på egen praksis som gruppeveileder gjennom caseframlegg
- c. Deltakelse i regelmessig storgruppe under kursdagene.
- d. Lesning av 1000 s. litteratur i henhold til godkjent litteraturliste
- e. Deltakerne skal i sluttfasen utarbeide skriftlige evalueringer av deltakerne i sin veiledningsgruppe."

## Kva er rettleiing i kyrkjeleg kontekst?

I informasjonsmaterialet som vart sendt ut til kyrkjeleg tilsette om rettleiingsutdanninga er rettleiing å forstå slik:

"Med arbeidsveiledning forstås vi en erfaringsorientert læring hvor presten/den kirkelig ansatte gis mulighet til å utvikle pastoral/kirkelig identitet med tanke på prestetjenesten/tjenesten og dens ulike relasjoner. Tyngdepunktet i veiledning bør ligge i brytning mellom person, yrkesutøvelse og teologi/fagområde. Det er de opplevde yrkesmessige forhold som skal være i fokus."

I samanlikning med annan formell yrkesrettleiing kan vi slå fast at rettleiing i Den norske Kyrkja i større grad legg vekt på personleg identitet og yrkesidentitet. Når det gjeld sjølv framgangsmåten skal fokus vera på konkret erfaring i arbeidet. Dette skal leggjast fram for rettleiar og rettleiingskandidaten skal reflektera og samtala med rettleiar om det erfaringa aktualiserer, personleg og fagleg.

Viktig stikkord er såleis personleg, fagleg og åndeleg identitet. Rettleiing i kyrkjeleg kontekst (pastoral rettleiing) er såleis ein metode for refleksjon over praksis - ein prosess der rettleiar og rettleiingskandidat forpliktar seg til å reflektera omkring tenesta. Målet er at den som blir rettleia skal veksa i sjølvkjenning, utvikla profesjonell kompetanse, auka den teologiske forståinga og styrkja den kristne overgjevinga/kristne trua (A.J.Børresen/K.Pohly).

## Rettleiingsmetodiske begrep

Metodiske element i denne rettleiinga er systematisk refleksjon over den yrkesmessige praksis og erfaring. Den systematiske refleksjonen er


prosess-orientert, og skal gje grunnlag for ny erfaring/handling. Vi vil sjå litt nærare på kva nokre av dei metodiske elementa står for.

## Erfaringslæring

Erfaringslæring betyr at ein tek utgangspunkt i den personlege og faglege erfaringa rettleiingskandidaten sit inne med/står i. Erfaringslæring er fyrst og fremst ei sosial læring, til skilnad frå den teoretiske, kunnskapsbaserte læringa. Sosial læring gjev innsikt og kjennskap til eigen person og til dei relasjonar ein har til andre menneske i ulike samanhenger. Erfaringslæring inneber eit personleg engasjement der både kjensler, tankar, holdningar er involvert i læringsprosessen.

Tankegangen bak erfaringslæring er at den nakne erfaringa ikkje utan vidare gjev større innsikt og kunnskap. Skal ein gjere seg nytte av erfaringa i form av ny lærdom må det skje ein refleksjon eller bearbeiding av det erfarte.

Eit instruktivt bilete av denne tankegangen gjev den såkalla lærings sirkelen (John Foskett):



1. Her skjer den konkrete erfaringa/handlinga. Spørsmålet blir: Kva skjer?
2. Deretter kjem refleksjon, observasjon av det ein erfarte. Ein spør: Kvifor skjedde det slik? Kva betyr det?
3. På dette stadiet arbeider ein med forståing og mening. Korleis skal ein vurderer erfaringa? Kva lærdom kan ein ta?
4. Ny handling/erfaring/utprøving på grunnlag av det ein har lært. Korleis kan ein bruka den nye innsikta og lærdomen ?

## Refleksjon

Med refleksjon meiner vi ein arbeidsmetode der erfaring og oppleving er formål for systematisk bearbeiding. Refleksjon foregår i samtale og samarbeid mellom rettleiar og rettleiingskandidaten. Refleksjonen inneheld verbalisering, analyse og samtale kring erfaringsmateriale. Det heile skjer på ein slik måte at fokus og blir sett på relasjonen mellom rettleiar og rettleiingskandidaten.

## Prosess

Prosess-orientert rettleiing betyr rettleiing som strekkjer seg over eit lengre tidsrom. Her er fastsette rammer og avtalar for tid, stad og varighet. Eit vesentleg element i rettleiingsarbeidet er det som skjer i forholdet mellom rettleiar og rettleiingskandidaten. Prosess-orientert betyr at fokus blir sett på relasjonen mellom rettleiar og rettleiingskand. Denne relasjonen byr på materiale (kjensler, tankar, reaksjonar) som gjev viktig kunnskap og informasjon for rettleiingsarbeidet.

## Rettleiingskontrakt/læringskontrakt

Eit pedagogisk hjelpemiddel i rettleiingsarbeidet kan vera å utforma ein læringskontrakt. Ein rettleiingskontrakt er eit hjelpemiddel for å bevisstgjera og setja ord på forventningar, mål, ønskje og innhald i rettleiinga. Det er viktig i ein slik kontrakt fyrst å vera beskrivande om korleis ein opplever noverande situasjon, personleg og yrkesmessig. ("Kvar er eg no - i liv og teneste?"). Tankegangen er: for å kunna vita noko om kvar ein vil gå, må ein fyrst vita noko om kvar ein er. Etter formuleringane om noverande situasjons-oppleving, kan det koma noko om kva mål og behov ein har for rettleiingsarbeidet. I rettleiingslitteratur er læringskontrakt stundom samanlikna med eit kart. Å starta ein rettleiingsrelasjon utan læringskontrakt, er som å ta ut på ei reise til ukjent mål utan kart (O.Wikstrøm). I løpet av rettleiingsperioden kan det bli behov for å reformulera kontrakten, eller deler av den.

Det er viktig at ein i arbeidet med utforminga av læringskontrakten legg vekt på å vera konkret.

Eit viktig pedagogisk moment i arbeidet med kontrakt og elles i rettleiinga er å styra prosessen frå det generelle til det konkrete, frå dei andre til meg sjølv, frå fortid til notid, frå sak til person (rettleiingssprosessens retning) (S.Stoltenberg).

## Rettleiinga sitt mål

For å kunna gjera bruk av kunnskap, erfaring, personlege evner og anlegg i ei trygg pastoral yrkesutøving, er det viktig å utvikla personleg, fagleg og åndeleg identitet. Dette er eit viktig mål for denne arbeidsretteiinga.

I arbeidsretteiing for kyrkjeleg tilsette blir det peika på 5 grunnleggjande moment for å utvikla identitet i den kyrkjelege tenesta:

a) den personlege ("personlighetsmessige") identiteten betyr at ein legg vekt på å finna ut kven ein er. Kva er mine sterke og svake sider. Korleis fungerer eg saman med andre?

Korleis påverkar "min livshistorie" mitt liv og arbeid?

b) den trusmessige identiteten

Korleis er min "trus-historie"? Ein freistar å klårgjera det personlege trusgrunnlaget. Kva trur eg?

Målet er tryggleik i trua, og det er alltid sider som skal utviklast.

c) den teologiske identiteten

siktar mot den gjennomreflekterte trua som gjer at ein kan fungera som autoritet og leiar.

d) den institusjonelle identiteten

arbeider med eige forhold til den kyrkje/organisasjon ein høyrer til i. Trygg og solidarisk, men ikkje ukritisk.

e) den handverksmessige identiteten

siktar mot å gje ferdighet og tryggleik i å utføra dei arbeidsoppgåvene som ligg i den kyrkjelege tenesta.

(O.Wikstrøm)

## Faser i rettleiinga

Det er vanleg i dela rettleingsarbeidet inn i 3 hovudfaser: Oppstartsfasen, arbeidsfasen og avslutningsfasen

## Oppstartsfasen

Oppstartsfasen er kjennemerka av at rettleiar og rettleiingskandidaten er i ein introduksjonsfase. Her blir det avtala og klarlagt praktiske og pedagogiske rammes for rettleiinga. Det er viktig at denne delen av rettleiingsprosessen foregår i ein atmosfære av støtte og aksept. Målet er å byggja opp tryggleik for å starta eit refleksjonsarbeid over liv og teneste.

I denne fasen vil det ofte vera innslag av ambivalens hos rettleiingskandidaten. På den eine sida fins det ønskje og motivasjon for rettleiing, og samstundes utryggleik på det ein har "kasta seg ut på". Rettleiinga foregår i spenningsfeltet mellom angst og tryggleik, støtte og utfordring. I oppstartsfasen er det viktig å leggja vekt på støtte og tryggleik (tryggleiken litt større enn angsten).

## Arbeidsfasen

Arbeidsfasen utgjør hovuddelen i rettleiinga (omlag 80% av tida). Denne fasen skal i tillegg til støtte og tryggleik og ha eit større moment av utfordring. Prosessen i denne fasen skal gje rom for kognitiv forståing, erkjening og bearbeiding av det kjenslemessige hos rettleiingskandidaten. Her skal ein og stansa opp for teologisk refleksjon. Tilsaman skal dette hjelpe rettleiingskandidaten til vidare integrering av livs- og arbeids-situasjon, og gje betre evne til å møte nye situasjonar.

## Avslutningsfasen

Avslutningsfasen er tida for ei avsluttande evaluering av det rettleiingsarbeidet ein har stått i. Det er her ikkje tale om ei eksamensvurdering, men heller å gje uttrykk for den utvikling og prosess som har foregått. Her blir det sett av tid til å summera opp kva lærdom, innsikt, kjennskap ein har tileigna seg, personleg og fagleg. Ein freistar og å peika på dei område som rettleiingskandidaten framleis har behov for å arbeida med.

Viktige arbeidsspørsmål kan vera:

- korleis var utgangspunktet for kandidaten?
- kva har han arbeidd med?
- korleis har han arbeidd i rettleiinga
- kva utvikling har skjedd?

- kvar står kandidaten ved avslutninga?
- kva er viktig framleis å arbeida med?

## Rettleiing - terapi - sjelesorg

Både i innhald og form vil rettleiing grensa opp mot terapi. Rettleiing i kyrkjeleg kontekst vil og ha sjelesorg som sittandområde. Fleire av dei same psykologiske begrep og moment vil svinga med i desse 3 interpersonelle hjelpeprosessane.

Vi vil her ikkje kunna gjera utførleg greie for kva som er det særeigne for kvar av desse hjelpeprosessane, men peika på at rettleiing i vår samanheng gjer bruk av kunnskap og innsikt både frå den psykoanalytiske/psykoterapeutiske tenkning og metode, og frå den særeigne forutsetning som sjelesorg-tenesta byr på.

Når dette er sagt er det viktig å peika på at rettleiing, terapi og sjelesorg er tre ulike arbeidsmåtar. Både innhald og mål er ulike i desse prosessane.

Terapi er ei behandlingsform/behandlingsmetode som byggjer på psykologisk teori og som er retta inn på å gje hjelp og behandling til menneske med mentale/psykiske problem av ulik karakter. Målet i terapi er ofte auka sjølvinsikt og forandring av personlegdomen. Terapi er retta inn mot å løysa indre konflikter, og auka personen si evne til å fungera sosialt.

Rettleiing i vår samanheng er ein metodisk/pedagogisk/teologisk læringsmetode der målet er å utvikla ein yrkesperson til auka åndeleg, personleg og fagleg kompetanse i å utøva yrket (profesjonell identitet). Også i rettleiing legg ein vekt på å bearbeida dei kjenslemessige sidene ved å fungera i det yrket ein har. Når dette skjer i rettleiinga, vil den ofte kunna ha ein god sekundær terapeutisk effekt (A.J.Børresen).

Sjelesorg i kvalifisert forstand har sitt utspring i den kristne tru og den kristne kyrkja sitt fellesskap. Med utgangspunkt i det einskilde menneske sin situasjon, skal sjelesorg bidra til psykisk og åndeleg hjelp og utvikling av det einskilde menneske i retning mot kristen tru og liv.

Sjelesorg kan og definerast slik: "Kristen sjelesorg er i Jesu spor - og i den kirkelige kontekst - å gå et stykke av Guds vei med et helt og enestående medmenneske for å bane vei for og formidle tro, håp og kjærlighet" (T.J.S.Grevbo).



Ut frå dette vil det vera klårt at rettleiing i kyrkjeleg kontekst vil måtta bruka element både frå terapi/psykodynamisk teori og sjelesorg.

Det er likevel vesentleg å kunna skilja desse 3 hjelpeprosessane frå kvarandre. Ikkje minst er det viktig for rettleiingsrelasjonen å øva opp kunnskap og innsikt i å vita kva som kvalifiserer relasjonen til det eine eller andre. Eller for å sei det på ein annan måte: ein rettleiar bør ha kunnskap og innsikt i å vita om han på gjeldande tidspunkt driv mest rettleiing, terapi eller sjelesorg.

## Ein oversikt over litteratur for rettleiing i kyrkjeleg kontekst

Erstadt, Barry K:

"The core process of supervision." i "The art of clinical supervision", edited by Erstadt, Compton and Banchette. Paulist Press, Mahwa, New Jersey 1987. s.13-41.

Carl E. Braaten:

"A theological critique of pastoral care and counseling. i "Justification. The article by which the church stands and falls." Augsburg Fortress, Minneapolis 1990.

Arne J. Børresen:

"Pastoral veiledning - en definisjon." i Tidsskrift for Sjelesorg nr.3 1992.

John C. Compton:

"The supervisory learning contract. Art. i nemnde bok s.41-53

Johan Cullberg:

"Dynamisk psykiatri" Tano 1986.

John Foskett and David Lyall:

"Helping the helpers. Supervision and pastoral care." SPCK London 1988.

Kurt Gordan:

"Psykoterapi-handledning" Natur och kultur. 1992

Ken Heap:

"Gruppemetode for helse og sosialarbeidere" Universitetsforlaget 1995

H. Jeffry Mahan/Barbara B. Troxelle/ Carol J Allen:

"Shared wisdom" Abingdon Press, Nashville 1993

Ralph D. Kolnes:

"Åpenbaring og opplevelse. Religionspsykologien som utfordring for teologien." Luther Forlag 1978.

Einar Kringlen:

"Psykiatri" Universitetsforlaget. 1980.

Magnus Malm:

"Veivisere." Nye Luther forlag 1991.

Henri J.M.Nouwen:

"Training for campus ministry" Frå boka "Intimacy"

"The Living Reminder" London 1982 Gill and Macmillan Ltd  
Fides/Claretian, Indiana Kap.7, s.126-148.

"Reaching Out". HarperCollins 1976.

"The Wounded Healer" Image Books New York 1979.

"Gjøre alle ting nye." St.Olav Forlag 1988.

"To og to ble vi sendt". Verbum 1994.

Kenneth Pohly:

"The Ministry og supervision" Whaleprints 1993

David A.Steere:

"A model for supervision. Art. i boka "The supervision of Pastoral care". Edited by David A.Steere, Westminster/John Knox Press, Louisville, Kentucky 1989, s. 65-89.

H.W.Stone/J.O.Duke:

"How to think theologically" Fortress press 1996

Tor J.Sørensen (Grevbo):

"Det fir-foldige menneske" Luther Forlag 1983.

Owe Wikstrøm:

"Att vara handledare i kyrkligt arbete". Stockholm 1981. (stensil).

"Den outgrundliga människan. Livsfrågor, psykoterapi och själavård."  
Natur och kultur 1990.

"Identitet och fördjupning. Om handledning i kyrkligt arbete." Verbum förlag, Stockholm 1992.

"Det bländande mörkret. Om andlig vägledning och psykologi i vår tid."  
Libris 1994.

Irvin D.Yalom:

"Theory and practice of group psychotherapy" 2.utg. Basic Books New York 1975

# Reflekterande team som retteiingsmodell

Gerd Kvile

Gerd Kvile er godkjend klinisk sosionom og retteiar. Ho har vidareutdanning i psykiatrisk sosialt arbeid. Frå 01.08.2001 har ho vore tilsett som fagkonsulent for fosterheimar ved Barne- og familiekontoret i Sogn og Fjordane.

Grunnen til at eg kan skrive om reflekterande team som retteiingsmodell, kjem av at eg i to år har dreve grupperetteiing etter denne modellen. Dette var eit engasjement i tilknytting til ei to-årig tverrfagleg og tverretatleg utdanning i psykosebehandling. I denne utdanninga var det krav om tverrfagleg og tverretatleg grupperetteiing på tilsaman 80 timar over to år. Retteiarane fekk før oppstart ein gjennomgang av reflekterande team som retteiingsmodell og det var eit krav at denne modellen skulle nyttast mest mogeleg.

Denne artikkelen er ein gjennomgang av modellen med reflekterande team som metode i grupperetteiing. Slutten av artikkelen tek for seg resultatata frå evalueringa av retteiinga i den gruppa underteikna var retteiar.

## Retteiingsmodellen

Ved all retteiing er det nyttig å ha som utgangspunkt at den som søker retteiing, set seg sjøl i ein sårbar posisjon dersom han eller ho verkeleg vågar å opne opp for det som er vanskeleg i forhold til den ein skal hjelpe. Denne modellen legg ikkje opp til at det fins rette svar eller ein rett veg, men til at retteiing skal føre til auka kunnskap og innsikt og gjennom det auke kompetansen til den som får retteiing slik at vedkomande kan gje hjelp på eit bedre grunnlag enn før.

Mangel på kunnskap vil gjelde alle fagfolk. Vi har avgrensa kunnskap innan vårt eige fagfelt og vi har ikkje den kunnskapen som andre yrkesgrupper har. Verdien av det tverrfaglege og tverretatlege vert difor ein viktig faktor i tverrfaglege retteiingsgrupper. Men i det tverrfaglege og tverretatlege ligg også faren for utvikling av profesjonsstrid og kamp om kven som har den viktigaste kunnskapen. Dersom dette skjer i ei gruppe, vil det bli vanskeleg å skape ei god og trygg retteiingsgruppe.

Tanken bak modellen :

- Alle har viktig kunnskap å bidra med.
- Det er nyttig å få fram ulike kunnskap og reflektere over egne opplevingar og haldningar.
- Den som legg fram kasus, må vere fri til å ta imot den kunnskapen som høver i forhold til seg sjølv.
- Auke kompetanse i tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

I den gruppa der eg var rettleiar, var det deltakarar både frå psykiatritenesta i kommunane og frå spesialisthelsetenesta. Der var ulike yrkesgrupper og nokon av deltakarane hadde solid fagleg bakgrunn frå psykiatritenesta, medan andre ikkje hadde det. I ei slik gruppe kan det lett bli slik at dei utan den solide faglege bakgrunnen, kan oppleve at egne meiningar er lite verdt og dei kan kome til å streve med å bli trygge nok til å klare å ta opp egne problemstillingar.

Likeeins kan det bli vanskeleg for dei som har ein god fagbakgrunn og mykje erfaring, å ta opp sine problem. Dei kan føle eit press mot at dei bør kunne faget godt nok og føle eit nederlag ved å skulle ta imot råd / rettleiing frå dei utan den same fagbakgrunnen.

Ulike faggrupper har også ulike erfaringar med å ta imot rettleiing og nokon har kanskje ikkje slik erfaring. Alt dette er faktorar som rettleiar må vere merksam på i rettleiingsprosessen.

## Formen på rettleiingsmøta

### Første møtet

Dette er eit presentasjons- og informasjonsmøte. Det er her prosessen med å skape tryggleik i gruppa startar. Deltakarane treng å vite både kva som vert venta av dei og kva dei kan vente seg av dei andre deltakarane og av rettleiar. Dette møte skal difor innehalde informasjon om modellen. Det skal leggjast vekt på å informere om at vi ikkje leitar etter rette svar, rett kunnskap, men at vi søker etter å utvide kunnskapen og forståelsen av saka og slik kunne gje hjelp på eit utvida grunnlag.

Det skal informerast om teieplikta. Alt som kjem fram i gruppa er fortruleg materiale. Dette gjeld både det som handlar om kasus og det som gjeld deltakarane. I tillegg skal det ved all kasusframlegging gjevast løyve frå den det gjeld, til at saka kan leggjast fram for denne

retteleiingsgruppa. Dersom dette ikkje er mogeleg, skal kasus anonymiserast i svært høg grad. Det vil seie at enkelte konkrete opplysningar må endrast.

I presentasjonsrunden skal deltakarane få tid og rom til å snakke både om eigen bakgrunn / utdanning og om eigne erfaringar. Rettleiar skal ha ei romsleg haldning til det som vert presentert og slik vere ein modell for den haldninga som vi ynskjer at medlemmane skal ha til kvarandre.

Det skal elles informerast om at det er eit viktig utgangspunkt for rettleiinga at den som vert rettleia, er ekspert på seg sjøl på same måte som klienten er det på seg sjøl. Rettleiinga skal vere ein prosess der ingenting skal bevisast eller oppnåast i forhold til den som vert rettleia. Den som tek imot rettleiing har sjøl ansvaret og skal velje kva han eller ho vil gjere med det som kjem fram.

Når det gjeld rekkefylgje for framlegg, bør gjerne den som har mest erfaring med dette starte. Dei utan erfaring med rettleiing, treng å oppleve korleis det fungerer før dei skal i gang sjølv. Nokon vil kanskje også trenge erfaring med å snakke i gruppa før dei skal leggje fram kasus. Rettleiar har ansvar for å setje opp kven som skal leggje fram kasus og når.

Tidspunkt, stad og rekkjefylgje for framlegg bør fastsetjast no.

Mal over prosedyre og innhald i dei fylgjande møta

- |           |   |
|-----------|---|
| ca 5 min  | Den som sist fekk rettleiing får høve til å seie noko om korleis det var å møte klienten etter rettleiinga.   |
| ca 25 min | Kasusframlegging<br>Det skal i utgangspunktet vere gjeve løyve frå klienten.<br>Framlegget skal innehalde:<br>Klienten si personlege historie : alder, kjønn, utdanning, sivilstand.<br>Klienten si familiehistorie : foreldre, søsken, korleis klienten har opplevd det å vekse opp i denne familien.<br>Når starta problema og korleis har problemet / problema utvikla seg.<br>Kva hjelp har klienten fått ?<br>Korleis har klienten prøvd å løyse problema? |

## Formulert problemstilling

Kva ynskjer klienten hjelp med og kva ser klienten på som sitt problem?

Kva er du oppteken av i forhold til denne klienten og kva ynskjer du hjelp med av gruppa?

- ca 10 min Spørjerunde  
Gruppemedlemmane får høve til å spørje etter faktiske opplysningar.
- ca 45 min Refleksjonsrunde  
Den som har lagt fram saka, skal gå ut av gruppa og setje seg utafor, men likevel så nær at vedkomande høyrer det som blir sagt.  
Dei andre gruppedeltakarane skal kome med si subjektive oppleving av det som vart lagt fram og med si subjektive forståing av det.  
Dersom nokon av deltakarane kjenner att klienten, skal vedk. halde seg i bakgrunnen og unnlate å kome fram med eigen kunnskap om saka, men kan kome med refleksjonar over det som er blitt lagt fram.  
I starten kan det vere viktig at rettleiar er aktiv for å skape liv i refleksjonsrunden. Rettleiar må då leggje vekt på å vere ein modell for korleis reflektere over det framlagde materialet og rundt dei problemstillingane som er lagt fram.
- ca 5 min Oppsummering  
Den som har lagt fram kasus, får nytte dei siste minuttane til å kome med ei oppsummering av korleis det har vore å høyre på dei andre sine refleksjonar og seie noko om kva vedk. tenkjer kan vere nyttig i forhold til vidare arbeid med klienten.

Eit vanleg rettleingsmøte vil slik ta 1 time og 30 min.

## Rettleiar sin funksjon

Det er rettleiar si oppgåve å organisere og administrere møta. Dette innebær å planlegge møta, passe tida og føre fråvær. Den viktigaste oppgåva og den mest utfordrande, er den å sjå til at det skjer ein prosess i gruppa. Rettleiar må ta vare på dei følelsane og refleksjonane som kjem fram og oppmuntre til at deltakarane deler desse med kvarandre. Rettleiar må vere ein modell for deltakarane for korleis dele tankar og

følelsar i tilknytting til det framlagde materialet, men utan å leite etter fasitsvar. Dersom deltakarane skal bli trygge på å kome med sitt, må dei få ei oppleving av at det dei kjem med, vert ivareteke og rettleiar har ansvar for at så skjer.

## Resultatet av evalueringa av grupperettleiing etter 80 timar over 2 år

Som nemnt over, var underteikna rettleiar for ei tverrfagleg og tverretatleg gruppe i eit undervisningsprogram. Rettleiinga var organisert etter modellen med reflekterande team. Det siste møtet i gruppa vart brukt til ei evaluering av rettleiinga og av denne modellen.

Deltakarane hadde svært mykje positivt å seie om bruken av reflekterande team i grupperettleiinga. Dei meinte at modellen var ei hjelp til å unngå kamp om kven som har rett kunnskap og rette meiningar. Dei meinte også at dei hadde lært seg å lytte bedre og snakke bedre saman. Dei hadde i tillegg fått ei bedre forståing for kva andre yrkesgrupper og andre etatar arbeider med. Dei la vekt på at det hadde vore godt både å få leggje fram kasus i fred og ro og i etterkant få sitje i fred og høyre på dei andre deltakarane sine refleksjonar rundt det framlagde materialet. Dei meinte også at det hadde vore viktig at alle hadde måtta kome fram med sine meiningar og si forståing. Mangfaldet i problemområdet hadde dermed blitt tydelegare og dei hadde fått bedre forståing for heilskapen i arbeidet.

Elles meinte dei at sidan modellen er lite prestasjonsorientert, så vart deltakarane lettare trygge i gruppa og torde å kome fram med eigne synspunkt. Deltakarane opplevde også at modellen la grunnlag for ei god ivaretaking av deltakarane.

Gruppa problematiserte at sidan modellen ikkje legg opp til konkrete råd og "rette" svar, så aukar ansvaret for den som jobbar med saka. Dei tenkte også at rettleiinga kunne ha vore meir knytt opp til teori og forståelsen av den.

## Vurdering

Det er mi erfaring at sjøl om modellen er med på å leggje til rette for at det kan utviklast ein trygg kultur i gruppa, så stiller den også store krav til deltakarane. Desse krava handlar om at dei må lære seg å lytte til andre som legg fram saker og lære seg å reflektere over det materialet som vert lagt fram. Når dei sjøl skal leggje fram saker, må dei setje seg

skikkeleg inn i sakene og dei må snakke med klienten og be om løyve til dette. Det å be klienten om løyve, viser seg å vere ein ny måte å tenkje på for mange hjelparar og som dei må jobbe med for å få til. For rettleiar kan det vere uvant å ikkje skulle vere ekspert, men ein tilretteleggjar for deltakarane slik at dei kan bli aktive i prosessen.

Utifrå mi erfaring med tverrfagleg og tverretatleg rettleiing, vurderer eg det slik at modellen er ei svært god hjelp til å unngå profesjonsstrid og auke samarbeidsevna mellom ulike yrkesgrupper.

Sidan det å lytte blir så viktig både for rettleiar og deltakar, vil eg til slutt sitere Kahil Gibran som seier fylgjande om rettleiing: " Når læreren er virkelig vis, inviterer han deg ikke inn i sitt eget visdomshus, men leder deg til din egen forstands dørterskel". Desse orda synes eg høver godt for denne rettleiingsmodellen.

## Synspunkt på " Reflekterande team som metode "

Anne Lille-Homb

Redaktøren har bede Anne Lille-Homb, som er førskulelærer/høgskulelærer, med bakgrunn i andre rettleiingstradisjonar, om å bidra med sine refleksjonar kring reflekterande team som metode.
---

Som deltakar i denne rettleiings-øvinga opplevde eg denne modellen/metoden som ein ny og gjevande måte å drive grupperettleiing på. Sjølv om caset i dette høvet var knytt til arbeidsområde som sosialkontora og beslekta offentlege instansar representerer, er prinsippet om å trekkje inn fleire yrkesgrupper og få breidde i den kompetansen som gruppa eller teamet innehar, interessant. Eg vil meine at vi som var deltakarar i denne sesjonen fekk ei påminning om at ein ikkje treng (og bør..) arbeide åleine med yrkesutfordringar og problem, men utvikle team og nettverk som kan bidra til at arbeidsoppgåvene kan bli drøfta og "delt" på ein god måte. Reflekterande team vart opplevd som ein god metode i rettleiing.



# Ein skule for framtida

## Utvikling av eit forskande partnerskap

Håkon Skjerdal og Ingrid Fossøy

Rådgjevar Håkon Skjerdal har det skulefaglege ansvaret i Aurland kommune og Ingrid Fossøy er førstelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF).

Rapporten er henta frå SEQUALS Handbook. SEQUALS (Supporting Evaluation of Quality and Learning of Schools) er eit EU-prosjekt innan Sokrates rammeverk, Comenius. Prosjektet har hatt som formål mellom anna å etablere samarbeid mellom høgskulen og praksisfeltet, der rettleiing har vore eit sentralt innsatsområde. Ei gruppe lærarar (teamet på mellomtrinnet) ved Aurland barne- og ungdomsskule (ABU) har over tid motteke fagleg-pedagogisk rettleiing frå tilsett ved høgskulen. Rettleiinga har vore gjennomført som grupperettleiing og har teke utgangspunkt i problemstillingar og utfordringar relaterte til arbeidet med å utvikle og kvalitetssikre prosjektet "Ein skule for framtida". Dette prosjektet handlar om å utvikle undervisningsformer som er tilpassa intensjonane i L97 (jf. rapport). Rettleiinga har i vekslende grad vore gjennomført som både før- og etterrettleiing, der bruk av logg og observasjonsstudiar har vore sentrale verktøy for å gi innhald til og skape framdrift i rettleiinga. Samarbeidet mellom HSF og ABU har også hatt innslag av prosessvurdering i høve til deler av verksemda gjennom at vi har sett av tid til refleksjonar og oppsummeringar i etterkant av undervisningsøktene. Rapporten som er presentert her har primært fokus på denne delen av verksemda.

### Oppsummering

"Ein skule for framtida" er tittelen på eit spennande utviklingsarbeid som er sett i gong i skule og barnehagar i Aurland kommune. Utviklingsarbeidet er organisert gjennom eit nettverk mellom skular og barnehagar, og som for skulane sin del går på å utvikle undervisningsformer som er tilpassa intensjonane i L97.

Skuleåret 2000/2001 vart det teke initiativ til ekstern deltaking i deler av utviklingsarbeidet. Dette resulterte i eit utvida samarbeid (eit prosjekt omtala som "forskande partnerskap") mellom Aurland barne- og

ungdomsskule (mellomsteget), representantar frå Aurland skulekontor og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vurderinga har teke utgangspunkt i bestillingar utforma av dei involverte lærarane i prosjektet. Organiseringa har gjeve lærarane rom for å setje seg forpliktande mål og planleggje verksemda i lys av desse. Ved at vi har sett av tid til systematiske refleksjonar og oppsummeringar i etterkant av undervisninga, har både lærarane og rettleiar fått høve til å uttrykkje seg som aktørar og som medlemmer av eit kollegium. Vi har såleis etablert ein arbeidssituasjon med rom for å setje oss mål og samstundes kunne analysere vilkåra for å realisere desse.

### Evalueringsområde

Utviklingsarbeidet "Ein skule for framtida" har henta inspirasjon frå den danske Bifrostskulen i Herning, Jylland. Liksom Bifrostskulen byggjer det lokale tiltaket innhaldet sitt på at den kvalitative læreprosessen har fire kjernepunkt:

- Oppleving
- Dialog
- Det gode arbeidet (avgjerd, planlegging, utføring og vurdering)
- Innsikt i det nødvendige og nødvendig innsikt

### Initiativtakarar

- Det lokale nettverket representert ved pedagogisk konsulent ved skulekontoret i Aurland kommune
- Skulen gjennom dei involverte lærarane (teamet) har lagt hovudpremissane for kva område av utviklingsarbeidet som skal vurderast

### Prosjekt mål

- Etablere ekstern vurdering av det lokale utviklingsarbeidet, som eit supplement til gjennomført intern vurdering
- Utvikle eit forskande partnaraskap mellom involverte lærarar i utviklingsprosjektet og representant frå høgskulen

- Arbeide for at partnerskapet skal bli ein katalysator for vidare utvikling av "Ein skule for framtida" og skulebasert vurdering
- Knyte aksjonslæring og aksjonsforskning saman i ein større heilskap med sikte på å utvikle positive samspelseffektar og etablere praksis for kontinuerlege lærings- og refleksjonsprosessar i kollegiet, "der intensjonen er å få gjort noko"

#### Metode

- Observasjonar i klasserommet over tid
- Loggskrivning
- Samtalar/erfaringsutveksling i fokusgrupper (team) med faglege innspel/retteiing frå representant frå høgskulen

#### Målgruppe

- Lærarar som er involverte i det lokale utviklingsarbeidet, avgrensa til teamet på mellomtrinnet
- Alle involverte elevar på mellomtrinnet

#### Stønad

- Økonomisk stønad frå Aurland kommune
- Økonomisk stønad frå Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Pedagogisk konsulent Håkon Skjerdal
- Rettleiar Ingrid Fossøy

#### Organisasjon

- Prosjektet vart gjennomført skuleåret 2000/2001
- Planlegging, tilrettelegging og lærarsamarbeid undervegs
- To ganger fire veker tema- og prosjektarbeid
- Fire teammøter er gjennomført, ca. 2 timar kvar
- Fem observasjonar, heile dagar
- Opstartsmøte

- Møte mellom pedagogisk konsulent og rettleiar

## Resultat

- Dokumentasjon og presentasjon
- Prosjektet har hatt fokus på prosessane i klasserommet. Vurderinga har såleis resultert i konkrete endringar og utvikling av praksis i møte mellom lærar-elev og relasjonen elev-elev

## Evaluering

### Sterke sider

- At vurderinga har teke utgangspunkt i lokale bestillingar
- At vurderinga har funne stad over tid med vekt på endring av praksis i klasserommet
- At det er sett av tid til systematiske drøftingar
- At det er gitt rom for deltakarane sin kreativitet, både som medlem og som aktør
- At rettleiars innspel førde til inspirasjon
- At rettleiars verktøy var tilpassa situasjon og bestilling

### Sider som bør vidareutviklast

- At prosjekta til ein viss grad er personavhengig
- Det er ei utfordring å implementere prosjekta i eit utvida kollegium

### Idear til forbetringar

- At prosjekta i større grad var forankra i leinga på den lokale skulen

### Kva kan vi lære av dette dømet?

Det er viktig at vurderinga tek utgangspunkt i behov og målsetjingar i den lokale skulen. I vårt tilfelle vart både observasjonsmåla og måla for refleksjonssamtalane "bestilte" av dei involverte lærarane i prosjekta. Alle partar ville noko i dette samarbeidet; lærarane ville endre sin undervisningspraksis, pedagogisk konsulent ville at prosjekta skulle føre

til utvida pedagogisk utviklingsarbeid i skulane og representanten frå høgskulen ville prøve ut idear og ferdigheiter i rettleiing og vurdering.

At prosjektet i etterkant vart vurdert som særleg vellukka, skuldast også at det vart sett av tid til systematiske observasjonar, dokumentasjon og vurdering av undervisningspraksis. I tillegg vil vi poengtere betydningen av at vurderinga vart gjennomført som ein prosess, eit "forskande partnerskap" mellom lærarane og rettleiaren i prosjekta.

Prosjekta ga rom for å etablere profesjonelle kollegarelasjonar som opna for å utvikle handlingsrefleksjon. Dette har støtta opp under alt etablerte prosessar der lærarane planlegg og førebur undervisning og undervisningsmaterieil i fellesskap, lærarane støttar kvarandre og kjem kvarandre i møte. Det utvida lærarsamarbeidet i teamet har skapt ei plattform som gjer det tryggare å prøve ut nye idear, metodar og materiale. Slik har prosjekta også ført til at det er blitt lettare å tillate kollegaer å kome med vurderingar. Ein vektlegg i større grad tenking, erfaring og observasjon som andre har gjort.

#### Informasjon

Håkon Skjerdal  
Aurland skulekontor  
Postboks 132 C  
5741 Aurland

Ingrid Fossøy  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Postboks 133  
6851 Sogndal

[ingrid.fossoy@hisf.no](mailto:ingrid.fossoy@hisf.no)

# Tankar kring rettleiing i vidaregåande skule

Sonja S. Hestetun

lærer og avd.leiar AA ved Årdal vidaregåande skule

Framtidas skule er her for fullt.  
Ingenting skal lenger haldast skjult.  
Alle elevar har rett til tilpassa opplæring.  
Maktar du det ikkje, vert du sett på som særing.

Vekk med den tradisjonell skulen, vekk med klasserommet.  
Vekk med pensumpugget og timar som er kjedsomme.  
Vekk med timeplan og friminutt.  
For den tradisjonelle lærarrolla er det nok snart slutt.  
Inn med "differensieringsprosjekt" og læring på nett,  
ikkje rart mang ein lærar vert svett.

Elevane er så kjekke og greie.  
Men skal dei lære fag, vert dei fort leie.  
No skal ein ikkje lenger stå framfor ei tavle,  
elevane vil heller sitte saman og "skravle".

Mange lærarar tykkjer slett ikkje det er kjekt,  
at læring helst skal skje gjennom tverrfaglege prosjekt.  
Pytt, pytt kva spelar vel det for rolle i dag,  
alle må vel forstå at det er best å lære i lag?

Det manglar ikkje på nasjonale direktiv,  
som ofte skakar skulen sitt indre liv.  
Alle skal variere undervisningsformer,  
og det sjølvsgt innan gjeldande rammer og normer.

Læring treng ikkje vera styrt av pensum og bøker,  
Det finst mykje bra informasjon for den som på nettet søker.  
Heldige er dei som har sett seg inn i lærarIKT.  
Det kan vera nyttig for elevar både i by og i distrikt.

Ansvar for eiga læring og elevmedverknad

krev innsikt og sjølvrefleksjon i aller høgste grad.  
Arbeidslivet "ropar" på evne til  
omstilling og tilpassing slik dei vil,  
ønskjer samarbeid og mykje kreativitet.  
Skulen må jobbe med strategiar som krev elevaktivitet.

Å veksle mellom nærheit og distanse  
er ikkje heile tida lett å sanse.  
Å drive med aktiv lytting er heller ikkje lett,  
for lærarar som er vane med å snakke i eitt sett.

Så hjelp oss den som kan,  
me treng kompetanseheving alle mann.  
Meir elevkontakt og auka fleksibilitet krev endringsvilje.  
Læring er ein aktiv prosess som for mange har ført til eit vegskilje.  
Elev, lærar og leiing må møte dagens utfordring, utan tvil.  
Som god rettleiar kan ein gjera det med stil!

# Dialog – ein samspelsmetode

Johanne Malene Teigen

Johanne Malene Teigen var ferdig utdanna helsesøster i 1994 og jobbar no ved helsestasjonen i Leikanger. Samspelsmetoden Dialog vart ho kjent med gjennom andre helsesøstre i fylket. Dei fleste helsesøstre i fylket har gjennomgått dette kurset. Det har også delteke andre yrkesgrupper i Dialog: Fysioterapeutar, sosionomar/barnevernspedagogar, jordmødre, pedagogar.

Dialog er ein samspelsmetode som først og fremst går på samspel mellom vaksne og born, men også mellom vaksne personar. Dialog kan brukast på fleire nivå: individnivå, organisasjonsnivå og mellom organisasjonar og etatar.

Samspelsmetoden kan brukast til:

Foreldre – barn/ungdom, lærar – elev, barnehagepersonale – barn, fagperson – kundar/klientar, ungdom – ungdom, mellom vaksne generelt.

Kurset byggjer på dette verdisynet:

- Likeverd: eg – du. Di oppleving av røynda er like viktig som den eg opplever.
- Fokus på empati/det affektive: Kjensler som fylgjer erfaringane er styrande for den tydinga erfaringa representerer. Møte meir på kjensler enn åtferd.
- Fokus på ressursar. Mennesket har i seg ressursar, og ber med seg eit potensiale for endringar fordi dei er menneske. Endring skjer fordi desse ressursane får anledning til å vise seg fram.

Dialog handlar om 7 prinsipp.

1. Vis at du er glad i barnet ditt
2. Justér deg
3. Snakk (hyggeleg) om det barnet er oppteke av
4. Gje ros og anerkjenning
5. Felles fokus
6. Gje meining til barnet sine opplevingar
7. Set positive grenser



Dei fire første prinsippa må vere etablerte før ein får til dei tre siste.

Den teoretiske bakgrunnen for denne metoden er utviklingspsykologisk forskning som seier noko om kva born treng for å få ei god og harmonisk utvikling, og kva som må vera tilstades for å utløyse ressursane i oss menneske.

Dialog legg vekt på 3 aspekt ved mellommenneskeleg samhandling:

1. Tilknytning/tilhøyricheit: At ein ser på seg sjølv som viktig og betydningsfull i relasjonen, og at ein har ein positiv oppfatning og holdning til andre
2. Kommunikasjon: fremme den enkelte sin følelesmessige kommunikasjon med andre. Gjensidig utveksling av signal, initiativ og reaksjonar.
3. Formidling av læring og sjølvkontroll: fremme formidling av eit rikare og meir stimulerande samspel mellom kursdeltakarar og andre; som utvider dei andre si oppfatning av omverda og seg sjølv.

Kurset

Kurset inneheld 2 trinn:

Trinn 1: lære dei grunnleggande prinsippa i Dialog. 5 dagar etter kvarandre.

Trinn 2: veiledning 10 gonger 1 pr. veke samtidig som ein gjennomfører kurs med eigne deltakarar.

Sigrid Hviding er kurshaldar. Ho er i utgangspunktet helsesøster, men driv no kurs i Dialog på heiltid.

# Rettleiing som sentral faktor i utviklinga av ein ny organisasjon

Lillian Sætre

Lillian Sætre er utdanna psykiatrisk sjukepleiar og er godkjend sjukepleiefagleg rettleiar. Frå 1993 til 1998 var ho tilsett som undervisningskonsulent ved Psykiatrisk klinikk, Førde sentralsjukehus. Hovudoppgåva i stillinga var å tilretteleggja for fagutvikling og eit rettleiingstilbod for alle tilsette. Frå 1998 har ho vore tilsett ved Vaksenpsykiatrisk poliklinikk på same sjukehus. Ho har i tillegg hatt rettleiingsoppgåver både i grupper og som rettleiar for sjukepleiarar som held på å utdanna seg som rettleiarar.

I samband med oppstarten av Psykiatrisk klinikk i Førde i 1990 vart det sett i verk ein del tiltak med tanke på kompetanseheving og rekruttering av personale. Desse gjekk mellom anna ut på å gje stipend til sjukepleiarar som ville ta vidareutdanning i psykiatri, ein inngjekk ein gjensidig hospiteringsavtale med eit psykiatrisk sjukehus, det vart gjeve særvilkår til spesielt kvalifisert personell som søkte stilling og ein tilrettela eit systematisk sjukepleiefagleg rettleiingstilbod. I det følgjande vil eg koma nærare inn på korleis ein bygde opp dette rettleiingstilbodet og kva erfaringar me har gjort oss så langt. Mitt utgangspunkt for å seia noko om dette er at eg ifrå 1993 – 1997 arbeidde som undervisningskonsulent ved Psykiatrisk klinikk.

Rettleiing har lange tradisjonar innanfor psykiatriske verksemder. Allereie midt på 1960-talet vart det drive rettleiing/supervisjon ved enkelte psykiatriske klinikkar i Noreg. Det var nok ikkje tilfeldig at psykiatrien var tidleg ute. Både utfordringar og påkjenningar kunne vera av ein slik art at det oppstod eit behov for å bearbeida desse. I tillegg fekk psykologiske teoriar som vektla sjølvbehandling relasjonen ein sentral plass, og det vart difor naturleg å utvikla forum der ein kunne snakka om dei erfaringane ein gjorde seg i relasjon til pasienten. Etter kvart tok erfarne psykiatriske sjukepleiarar på seg oppgåver i forhold til rettleiing av miljøpersonale og i 1982 etablerte Norsk sykepleierforbund ei godkjenningssystem for denne yrkesgruppa. Fyrst i 1988 vart det etablert ei godkjenningssystem for alle sjukepleiarar med rettleiingskompetanse.

I dag blir det forventa at miljøpersonale ved psykiatriske sjukehus og klinikkar får eit tilbod om sjukepleiefagleg rettleiing. Det var difor heilt naturleg at eit godt rettleiingstilbod vart ein sentral del av fagutviklingstilbodet ved Psykiatrisk klinikk. I målstrukturen som vart laga for klinikken er tilbodet om rettleiing nemnd spesielt:

”Det blir gjeve kontinuerleg og regelmessig tilbod om sjukepleiefagleg rettleiing til alle personar tilknytt miljøterapien. Det er eit mål at dette tiltaket stimulerer personalet til vekst og utvikling”.

Målet for rettleiing er slik me ser det å få til refleksjon omkring praksis for å klargjera, forstå og systematisera erfaringar og setja dei inn i ein fagleg-personleg samanheng. Ein ynskjer at personalet skal bli betre kjent med eigne reaksjonar og i større grad få integrert kunnskap. På den måten kan ein få ei auka forståing av pasienten og eit større handlingsrepertoar i forhold til pasienten. Dette meiner me vil koma både pasienten, miljøpersonalet og institusjonen til gode.

I 1990 vart ein erfaren psykiatrisk sjukepleiar ifrå Sanderud sjukehus tilsett på timebasis for å ivareta behovet for fagutvikling og rettleiing. I byrjinga rettleia han berre to personar om gongen og desse smågruppene fekk ofte eit edukativt preg. Etter kvart vart gruppene utvida med fleire personar. Erfarne psykiatriske sjukepleiarar på klinikken fekk i oppgåve å starta rettleiing med innslag av undervising for ekstravakter og ufaglært personale i kortare engasjement. Alle ekstravakter fekk tilbod om grupperettleiing, og dei fekk timeløn dersom dei møtte på rettleiing i fritida si.

Rettleiing vart sett på som eit obligatorisk tilbod til alle fagutdanna tilsette med fast tilsetjing eller lengre engasjement, men det var sjølvsgagt frivillig om dei vil møta på fritida. Dersom dei det gjorde, kunne dei avspasera time for time.

Rundt 1992 var målet om at rettleiing skulle vera eit tilbod for alle nådd.

Parallelt med dette starta ein opp med å tilrettelegga og motivera for at sjukepleiarar som hadde interesse av det kunne utdanna seg som rettleiarar. Klinikken dekte utdanningskostnader og utgifter til etterrettleiing. Etter kvart som me fekk våre eigne rettleiarar tok desse på seg rettleiingsoppgåver både internt og eksternt som t.d. på somatiske avdelingar ved sentralsjukehuset, kommunehelsetenesta og andre psykiatriske institusjonar. Desse oppdraga vart løna etter faste satsar.

Pr. i dag har me 7 godkjende rettleiarar.

I 1995 vart engasjementet til sjukepleiaren frå Sanderud avslutta og me var sjølvforsynte med rettleiingstenester.

## Kva erfaringar har me gjort oss så langt?

Me har gode erfaringar med det omfattande rettleiingstilbodet me har sett i verk, og meiner det var rett veg å gå. Psykiatrifeltet er så samansett og byr på mange utfordringar. Ein kjem tett inn på menneske i krise og må forholde seg til mykje personleg smerte. Ein blir også konfrontert med sider i sitt eige live, eigne svakhetar og eigen smerte. Det er viktig at ein har ein stad der ein kan ta opp opplevingar ein har i forhold til pasientar både for å få støtte, bearbeida, få ei auka forståing og for å evt. finna andre løysingar.

Me er overbevist om at det i startfasen var heilt vesentleg å ha ein rettleiar med erfaring frå psykiatri, ein som visste kva feltet handla om og som kunne formidla sin erfaringskunnskap på ein god måte. Den rettleiaren som vart valt, var aktiv og synleg som fagperson, han var tydeleg og oppteken av å gje kandidatane tru på seg sjølv.

Å gje uttrykk for eigne erfaringar i møte med pasientar kan kjennast uvant, og er ei form ein gjerne må bli fortruleg med. Vår erfaring er at det er godt å ha nokon i gruppa som er fortruleg med metoden og som trivst med denne forma for rettleiing. Desse blir gode rollemodellar for dei andre i gruppa.

Gode rettleiingsprosessar stiller krav til både rettleiar og kandidatar. Dette er ei side som kan forsvinna hos enkelte når rettleiing er eit kontinuerleg tilbod over år. Dette kan merkast gjennom at ein ikkje har førebudd seg eller sjeldan kjem med tema, ein kjem for seint eller dukkar ikkje opp i det heile tatt. Ein kan undra seg over om det er uheldig at rettleiing blir oppfatta som eit sjølv sagt tilbod. Samtidig vil me presisera at mange rettleiingskandidatar brukar rettleiing svært medvite for å utforska sider ved pasientrelasjonen.

Me som driv rettleiing har diskutert om ein skal forplikta deltakarane meir, om rettleiing skal vera noko ein meir aktivt må oppsøkje.

Å ha internt utdanna rettleiarar har både positive og negative sider, Det kan vera godt å ha ein rettleiar som kjenner godt til både feltet og organisasjonen ein jobbar i. Samtidig kan dei nære forholda medføra vanskar i forhold til lojalitet samt at dei kan hindra ein i sjå andre løysingar. Det kan vera sunt å få "friske auge" som ser inn i

organisasjonen. Me har prøvd å løysa dette med å unngå at ein rettleier nærer kollegaer.

## Konklusjon.

Me har gode erfaringar med å bruka sjukepleiefagleg rettleiing som ein vesentleg del av fagutviklinga i vår organisasjon, både i oppbyggingsfasa og for å vedlikehalda fagmiljøet. Det er viktig for ein psykiatrisk institusjon som vår at personalet har ein plass der dei kan få ta opp ulike sider ved sin relasjon til pasienten. Rettleiing på sitt beste kan fungera som eit forum der ein kan ta opp og reflektera over sin eigen praksis eller sitt eige møte med pasienten. Ein kan få tid til å reflektera over måtar å forstå pasienten på, over løysingar ein har valt og over evt. alternative løysingar. Ein kan bli betre kjent med sider av seg sjølv og få avreagera og tømja seg for vanskelege kjensler.

Dei økonomiske rammene har gjort det mogeleg å satsa så pass mykje på rettleiing, og me meiner det har vore ei rett prioritering.

## Rettleiing:

Refleksjon omkring praksis for å klargjera, forstå og systematisera erfaringar og setja dei inn i ein fagleg og personleg samanheng.

# Veiledning i forebygging av sjukefravær

Irene Sanden

Irene Sanden er sjononom med vidareutdanning i arbeids- og organisasjonspsykologi (10 vt). Sidan 1999 har ho vore områdeleiar for omsorgstenesta i Øvre Årdal.

Erfaringer fra veiledningsprosjekt i Årdal kommune, omsorgstjenesten.

Brit-Marie Follevåg ble høsten 2001 kontaktet av omsorgstjenesten i Øvre Årdal med forespørsel om hun ville ta ansvar for en veiledningsprosess for de ansatte. Dette med tanke på å utvikle faglig bevissthet og dermed trivsel i arbeid hverdagen. Sammen med oppdragsgiver utarbeidet hun et opplegg for veiledningen: Tilbudet ble gitt til alle ansatte. 25 valgte å delta. De ble delt i grupper på 6 som fikk veiledning 1.5 time, hver 2. uke i 9 mnd. Ledelsen la forholda godt til rette for at veiledningen kunne gjennomføres i arbeidstiden. Gruppene var sammensatt av personer med ulik fagbakgrunn, men alle tilhørte det samme systemet (felles arbeidsgiver).

## Oppsummering av prosessen:

Veiledning var for mange en fremmed måte å arbeide på. Det var uvant for deltakerne å få bruke så mye tid på seg selv, sine erfaringer og opplevelser. Tid for refleksjon, evaluering, redefinering og bevisstgjøring er det ofte lite tid til i en travel hverdag. At gruppene var sammensatt av ulike profesjoner var en utfordring, men absolutt berikende i en samhandlende gruppe.

Veiledningen bestod av løsningsfokusert strategi, rollespill, dvele ved og være i noe med et emosjonelt og kognitivt fokus, undervising/utveksling av kunnskap på en systematisk måte.

Evalueringen med gruppene etter avslutta prosjekt, var udelt positiv. Deltakerne fremhevet blant annet:

- økt bevissthet om hvor mye de tok med seg hjem og "til sengs" etter endt arbeidsdag.
- positiv opplevelse av å få anledning til å reflektere over situasjoner i arbeidshverdagen

- økt bevissthet for egen rolle, medarbeiderne rolle og pasienten sin situasjon

Det er spesielt interessant å se at selv med begrensa økonomiske og personellmessige ressurser er det mulig å gjennomføre et prosjekt med relativt stort omfang.

I løpet av høsten er det kommet fram at Årdal kommune har klart å redusere sjukefraværet betraktelig. Det er nærliggende å se på dette prosjektet som en viktig medvirkende årsak til dette.

# Kan systematisk attførings-/rettleiingsarbeid føre til aktive brukarar?

Kjartan Kvellestad

Kjartan Kvellestad er attførings sjef ved bedrifta Origod AS (tidlegare Sunnfjord Produkt AS) med ansvar for kvalifisering og attføringsarbeid. Han har vore tilknytt bedrifta sidan 1986 då han kom frå verftsindustrien. Han fullførte praktisk pedagogisk utdanning i 2002 og tek no utdanning i yrkes- og utdanningsrådgiving.

Origod er ei arbeidsmarknadsbedrift med oppgåve å gje yrkesvalhemma opplæring og arbeidstrening med sikte på arbeid, utdanning eller andre tiltak. Dei har eigne undervisningslokale og ein mekanisk verkstad. Bedrifta har 60 til 70 personar i opplæring/arbeidstrening og 60-70 % får si arbeidstrening gjennom samarbeid med andre bedrifter.

Frå 2000 endra Origod sitt attføringsarbeid: Den enkelte arbeidssøkjjar skal vere i fokus.

Om utvikling av attføringsarbeidet med Origod AS.

Ved å stille spørsmålet i overskrifta vil eg vise til den utvikling vi har hatt i Origod AS, og ynskjer i den samanheng å vise korleis organisering og vektlegging av ulike områder kan ha betydning for korleis brukarane sjølve tek ansvar og blir aktive brukarar i arbeidssøkjingsprosessen.

I 2000 gjennomførte Origod vesentlege endringa i arbeidsform og tenkjemåte når det gjalt organisering av attføringsarbeidet. Før 2000 var det vesentlegaste av attføringsarbeidet vårt knytt til produksjon/arbeidstrening i bedrifta. Unntak frå dette var tiltaket "Arbeid med Bistand", der den enkelte hadde arbeids- eller hospiteringsavtaler med andre arbeidsgjevarar og med oppfølging frå oss. Dette var forbeholdt ei gruppe med eit behov for tett oppfølging. På dette tidspunktet vart dei fleste tatt inn i produktivt arbeid etter å ha fått grunding informasjon om rettar og plikter og om hensikten med å vere i tiltaket. Fokuset på yrkes- eller utdanningsynskje kom gjerne ikkje før den tida då opphaldet kom nærare ei avslutning.



## Tiltak i Origod

Vi har følgende tiltak:

- Fase 1, oppstartsfasen på 8 veker.
- Fase 2, inngår 2 års arbeidskontrakt (lenger tid viss målet er fagbrev).
- Fase 3, tidsuavgrensa arbeidsavtale.
- Arbeidspraksis (APS), inntil 10 mnd.
- Arbeid med Bistad (AB), inntil 3 år.

I Fase 2 og 3 mottok den enkelte tarifflønn, i dei andre tiltaka er det yrkesretta attføring eller andre offentlege ytingar som er inntektsgrunnlaget for den enkelte.

Vi la tre vesentlege element i vår omlegging hausten 2000.

- Opphald på Origod AS startar med eit motivasjonskurs der den enkelte gjennom gruppebasert rettleiing skal utarbeide sin eigen handlingsplan retta mot arbeid, utdanning eller andre tiltak. Denne skal danne grunnlag for den vidare arbeidstreninga.
- Det neste vi gjorde var å satse på ekstern attføring ved at vi fekk i stand avtaler med næringslivet. Gjennom dette kan vi i større grad tilfredsstille dei enkelte arbeidssøkjara sine yrkesval.
- Den siste endringa vi gjennomførte var at den enkelte arbeidssøkar får velge arbeidsoppgåver/arbeidsplassar ut frå sine interesser, evner og føresetnader. Tidligare var det lagt faste oppgåver til kvart tiltak (til dømes trevarearbeid til AFT); no er ikkje tiltaka knytta mot faste oppgåver.

Kva har dette ført til?

Det vi har erfart etter vår omlegging er at den enkelte arbeidssøkar no har større fokus på si eiga utvikling i forhold til arbeid eller utdanning. Før desse endringane opplevde vi at mange gjennom si arbeidstrening i Sunnfjord Produkt AS (no Origod) lærte seg arbeidet, fekk arbeidskollegaer, grodde fast i miljøet og valte å skyve vekk det faktum at ein ikkje hadde arbeid lenger enn i 2 år. Avslutningsprosessen vart vanskeleg fordi det vart opplevd som å bli sagt opp frå sin faste jobb.

Med den metoden vi no brukar blir det i motivasjonskurset brukt god tid på handlingsplanen. Den enkelte har fokus på at arbeidsplassen ikkje er Origod, men at Origod er eit hjelpemiddel den enkelte kan bruke for å nå sine mål. Vi prøver så å finne ein arbeidsplass der det er realistisk at arbeidssøkjjar kan få fast jobb. Så brukar vi tiltaka våre for å tilrettelegge progresjon i utviklinga frå arbeidstrening til fast jobb eller utdanning.

Denne artikkelen er ikkje meint å vere noko teoretisk eller vitenskapeleg begrunna resultat av ulike metodar å drive attføringsarbeidet på.

Den erfaring vi i Origod har hatt med denne omlegginga er at brukarane våre no er meir aktive i jobbsøkjingsprosessen enn før og at personalet vårt er meir profesjonelle i rettleiingsprosessen for den enkelte arbeidssøkjjar. Fokuset vert heilt i starten sett på mål den enkelte har ved å vere i Origod AS.

Ut frå vår erfaring vil eg svare ja på spørsmålet i artikkeloverskrifta: Eit systematisk attførings-/rettleiingsarbeid der fokus vert sette på yrkes-/utdanningval alt frå starten av gir aktive brukarar.

# ”Opplevingar” frå rettleiarrolla under gjennomføring av framtidskveld i idrettslaget<sup>1</sup>

Ingar Breilid

Ingar Breilid er tilsett i Norges Idrettsforbund frå 1976 og arbeider ved Sogn og Fjordane Idrettskrins som plan- og utd.leiar og er ansvarleg for dagleg drift i ISF-Sogn og Fjordane. ISF er studieforbundet til idretten i fylket og arbeider her med områda klubb utvikling, utdanning /vaksenopplæring/ studieringar på høgare nivå. Han har utdanning frå Norges Idrettshøgskule, økonomiutdanning og har m.a. vektalskurs i rettleiing og kompetanseutvikling.

I samhandling med mine ”kundar” som i stor grad er frivillige idrettsarbeidarar, er det viktig å opprette gode relasjonar. Å vere audmjuk og ikkje stille seg i ein ekspertrolle er viktig, men likevel også kunne gi av meg sjølv i situasjonar der min fagkunnskap er etterspurt. Her er det nødvendig å finne balansen mellom å lytte, stille spørsmål og få fram idear og refleksjonar hjå deltakarane og å gi råd og innspel på løysingar.

Når eg er ute i eit idrettslag, blir det forventa at eg i kraft av mi stilling kan vere ein ressursperson som kan hjelpe laga på vegen vidare. Eg vurderer min eigen fagkompetanse som rimeleg god i høve dei utfordringar eg har etter mange års erfaring med denne type arbeidsoppgåver.

På den andre sida har lært meg at metodikken for framtidskveldar gir stort engasjement, læring og utvikling ved å sørge for at deltakarane får delt sine erfaringar. Ei viktig erfaring er at idrettslags-medlemene får eit større eigarforhold til det resultatet dei er med å skape.

Dette oppnår eg ved å stille spørsmål og skape ein god dialog. Verktøyet (metaplan) legg til rette for å kunne gjere dette i større grad enn før, då møtesituasjonen ofte var meir prega av formidling i ein lærar-elev-rolle.

Eg opplever at kanskje blir sjølv prosessen like viktig som resultatet i form av ein utviklingsplan.

---

<sup>1</sup> Utdrag frå praksisoppgåve

I situasjonar der eg føler å lukkast bra med å skape ein god møteatmosfære med godt humør, likeverdige vilkår og eit klima prega av tillit og tryggleik, kjenner eg meg også trygg i rettleiar-rollen. Eg kan meir vere meg sjølv, arbeide med sjøltillit og ein indre tryggleik.

I denne samanhangen har eg erfart kor viktig det er å kome godt og riktig i gang med framtidskvelden. Virkemiddel er til døme å gi ein positiv tilbakemelding, skryte av noko ein veit laget er god på, ein eller fleire gode prestasjonar, god barneidrett eller andre sider ved lagsarbeidet som kan framhevast på ein ærleg og oppriktig måte.

Undervegs er det viktig å lære seg raskt fornamn på deltakarar og bruke namn gjennom dialogen, vere kongruent, bruke kroppsspråket ved å oppnå augekontakt, bruke kroppslege rørsler og flytte seg undervegs.

Når ein så får gode tilbakemeldingar etter ein gjennomført framtidskveld, er heimvegen ein sein vinterkveld kort sjølv om den er lang.

# Rettleiing - arena for kompetanseheving i trygdeetaten

- med blanke ark og fargestiftar til...

Monica Åsen Gjerald

Monica Åsen Gjerald er sosionom med grunnfag pedagogikk. Ho har arbeidd som sakshandsamar v/sosialkontor og barneverntenesta i Oslo, Voss og i Vik i Sogn , samt feltarbeidar v/Utekontakten på Voss. Har sidan august 2001 vore førstekonsulent ved Fylkestygdkontoret i Sogn og Fjordane. Går no på studiet "Rettleiing som leiingsverktøy" ved HSF og er rettleiar for 2 grupper med sakshandsamarar frå ulike trygdekontor.

Me som arbeider i trygdeetaten, opplever at store og djuptgripande endringsprosessar for tida pregar vår kvardag. Eg vil her konsentrere meg om det som omhandlar den direkte samhandlinga mellom brukarane og sakshandsamarane på trygdekontora.

## Brukarundersøkingar i etaten.

Etter omfattande brukarundersøkingar, er ein kome til at me klart har ein veg å gå når det gjeld å betre vårt samhandlingsmønster med brukarane. Undersøkingane viser at brukarane ynskjer sakshandsamarar som ser heilskapen i deira sak og at me har generell kunnskap om lovverket. Brukarane ynskjer sakshandsamarar på trygdekontora som har evne til å koordinere arbeidet omkring deira sak og som er gode til å kommunisere og samhandle med dei og ut frå den livssituasjon dei er i. For meg handlar dette om å møte brukarane med ei positiv haldning, at eg syner dei respekt og at eg brukar sunn fornuft saman med den kunnskapen eg må ha om det lovverket me forvaltar.

Trygdeetaten tek verkeleg resultatata frå brukarundersøkingane på alvor. Eit av dei store satsingsområda innan etaten i dag er såleis aktiv brukarmedverknad: Brukarane skal aktivt delta i eiga sak og vi som sakshandsamarar skal snakke med dei og ikkje om dei. Det er ikkje lenger slik at brukarane underteknar kravskjema og "så gjer vi resten". Ved praktisering av aktiv brukarmedverknad må eg endre mi tradisjonelle behandlarrolle i retning av òg å vere ein vegvisar, rådgjevar og rettleiar. Eg må i større grad vise veg, støtte opp om og leggje til rette for ein likeverdig dialog med våre brukarar, slik at dei blir oppmoda om

å eige og ta styringa over si sak, når dei er i stand til det. Vidare er det vår oppgåve å la brukarane sjølve få velje kva som kjennest rett for dei, når vi snakkar om motiveringsarbeid. Sett på spissen så skal me ikkje finne svara for dei, men stille dei gode spørsmåla slik at den enkelte brukar kjem fram til si eiga erkjenning om kva som er rett for den enkelte. Trygdekontora skal framleis stille krav til brukarane, utan at det kjem i motsetnad til aktiv medverknad. Såleis trur vi at brukarane verkeleg vil kunne oppleve kontakten med trygdekontoret som støttande og meningsfull.

## Kompetansebehov for å betre brukarmedverknaden.

Korleis tek etaten så tak i dette arbeidet? Me må nok erkjenne at trygdeetaten tradisjonelt har ord på seg for å vere byråkratisk og lite inviterande i høve deltaking i eiga sak. Det er mange brukarar opp gjennom åra som har blitt tekne aktivt med i saka si og som har møtt sakshandsamarar som er gode på samhandling og har mykje generell kunnskap. Likevel er det mange som har opplevd at samhandlinga mellom dei og trygdekontoret i hovudsak har vore skriftleg, og at trygdekontoret har innhenta opplysningar vedkomande saka utan at brukarane er gjort kjend med dette og innhaldet.

Den nye rolla vår krev at vi endrar vår mentale haldning til korleis samhandlinga mellom brukar og trygdekontoret bør gå føre seg. Det betyr at eg må bli betre kjend med kva haldningar eg sjølv har i møtet med brukarane og korleis eg eigentleg møter dei. Eg må bli betre kjend med kvar eg har mitt fokus: Er eg ein kontrollør? Inviterer eg til deltaking? Kva er det som er viktig, når eg kallar brukarar inn til samtale?

Aktiv brukarmedverknad handlar om å møte brukaren der han eller ho er. For å kunne gjere det, må eg, i tillegg til å ha kjennskap til eigne haldingar, fordomar, reaksjonsmåtar og veremåtar, mellom anna ha kunnskap om aktiv lytting, korleis stille gode spørsmål, korleis vere undrande og i det korleis kunne gjennomføre ein likeverdig og maktfri dialog med brukaren. Og ikkje minst: Når eg gjev informasjon, har eg eit bevisst forhold til kva for informasjon eg gjev og om denne informasjonen treff vedkommande eller ikkje? Ved å møte brukaren der han eller ho er, tek me dei på alvor, samstundes som me må vere i stand til å opne opp og gå inn i det som er viktig for brukaren saman med han/henne. For å klare dette, kan eg ikkje stengje av eigne kjensler og

opplevingar samstundes som eg ikkje skal "overøse" brukaren med mine egne opplevingar og erfaringar.

Nemnde innsikt vil eg kunne få i eit eigna fora, der eg får konstruktiv tilbakemelding på mi framferd, min faglege kunnskap og mitt etiske verdigrunnlag, som syner seg gjennom samtalar og øvingar. For å kunne samhandle godt, så må ein ha kommunikative eigenskapar. Kommunikasjonsteori kan lesast, men utøvinga av gode samtalar er noko ein ikkje kan lese seg til – ein må øve (les prøve og feile) over tid og med konkret tilbakemelding. Det er kombinasjonen mellom øving, tilbakemelding og refleksjon over handling og veremåte som aukar mi innsikt og som betrar mi samhandling med brukarane.

## Grupperettleiing som arbeidsform.

Samtalen som arbeidsform i trygdeetaten har såleis kome på dagsorden, der det blir gjennomført ulike tiltak i dei ulike fylka. Grupperettleiing som arbeidsform for å auka kompetanse ved bruk av samtalen, er eitt av dei tiltaka som no blir sett i gang i trygdeetaten i Sogn og Fjordane. Målet vårt er å yte god service og tenleg støtte og hjelp til publikum, ved å endre arbeidsform frå behandling til samhandling. For å kunne klare dette, må vi ta i bruk andre læringsformer enn det som tradisjonelt sett har vore brukt i etaten. Eg har peika på at vår samhandlingskompetanse vert auka i samspelet mellom utprøving og konstruktive tilbakemeldingar. Såleis meiner vi at rettleiing er ei eigna arbeidsform òg i trygdeetaten. Alle sakshandsamarane i trygdeetaten har difor fått tilbod om å delta i rettleiingsgruppe.

Dei som har meldt si interesse for å delta i ei rettleiingsgruppe, formidlar eit ynskje om å "ta eit steg i rett retning". Dei har alle mykje kompetanse og erfaring, men ser at dei treng påfyll: Dei ynskjer å bli meir klar over korleis dei er i møtet med brukarane. Dei ynskjer å ta tak i kvar dei set fokus i møtet med brukarane, og å lære meir om kommunikasjon og samhandling. Dei ynskjer å møtast i eit anna fora og dele erfaringar med kvarandre og dei ynskjer å ta på alvor det etaten no arbeider for, nemleg å setje brukaren i fokus, la dei aktivt få ta del i eiga sak og å sjølv bli betre på å møte brukarane der han/ho er.

Gjennom rettleiinga, vil deltakarane få konkret og konstruktiv tilbakemelding på korleis dei reagerer i ulike situasjonar, kva dei er gode på og kva dei kan bli betre på. Dei kan lære seg strategiar for å klarleggje og betre handtere situasjonar dei kvir seg til og få kunnskap om korleis dei reagerer/oppfører seg i slike situasjonar. Samstundes får dei prøve ut

sine positive og mindre positive sider eller veremåtar i eit trygt og ivaretakande miljø. Undervegs i rettleiingsprosessen fyller dei såleis opp verktøykassa si med meir eigna verktøy og kvittar seg med eller reduserer bruken av det verktøyet som ikkje er tenleg i det daglege arbeidet. Etter kvart vil dei bli tryggare på seg sjølv i dialogen med brukarane. Det kjem brukarane til gode, at dei tør å sleppe inn på seg og møte andre sine vanskar, utan å overidentifisere seg med brukaren.

## Igangsetjing av grupperettleiing.

Det er no starta opp 2 rettleiingsgrupper. Det er 5 sakshandsamarar i kvar gruppe og eg er rettleiar for gruppene. Sidan gruppene er heilt i startfasen, har me så langt hatt eitt avklaringsmøte, der me har snakka oss gjennom forventningar, tankar, ynskje, kva spelereglar gruppa skal ha, arbeidsmetode og ansvarsfordeling. Planen er å møtast ein gong kvar 4. veke, der me set av 4 timar (inkl. pause) kvar gong. Først har vi sett av tid fram til sommarferien, då arbeidet så langt skal evaluerast.

Eg gler meg veldig til å ta til med arbeidet. Deltakarane har lita/ingen erfaring med rettleiing som lærings-/arbeidsform, noko som gjev ei ekstra utfordring til meg i "å lose dei gjennom" på ein trygg og god måte. Håpet er at gruppene vil eksistere over noko tid og at deltakarane opplever det som meningsfylt og lærerikt. Samstundes er eg svært audmjuk i høve eigen kompetanse som rettleiar. Som student ved HSF ("Rettleiing som leiingsverktøy"), har eg god støtte i bakhand i form av forelesarar og eiga rettleiing i gruppe. Elles har eg vore så heldig å få rettleiing, medan eg var tilsett i 1. linetenesta i ulike kommunar, både i gruppe og individuelt, heilt sidan eg var ferdig utdanna sosionom i 1995 og fram til eg byrja i trygdeetaten i 2001. Eg har såleis fått rettleiing som eg vurderer som god og opplyftande og rettleiing som eg vil karakterisere som "helsefarleg", mellom anna fordi rettleiinga meir var til for rettleiar og ikkje meg som veggsekjar (den som ber om rettleiing). I ettertid ser eg at begge former har vore lærerike, sjølv om den fyrste klart er å føretrekkje. Elles har eg vore rettleiar for 2 sosionomstudentar.

Så får vi sjå korleis rettleiingsgruppene vil fungere. Slik eg ser det, er det ikkje berre gruppa sitt "indre liv" som avgjer i kva grad forsøket lykkast eller ikkje. Det er òg avgjerande i kva grad me greier å etablere ein aksept for å la sakshandsamarane i etaten "bruke tida si på" noko som gjerne ikkje umiddelbart syner att på statistikken. Sjølv er eg viss på at om rettleiingsgruppene fungerer etter intensjonen, så vil det påfyll og den "fristund" rettleiinga kan gje, betale seg både i form av fleire



fornøygde brukarar og sakshandsamarar med meir overskot til å takle ein hektisk og krevjande kvardag.

Trygdeetaten har mange utfordringar i det arbeidet som ligg føre oss. Me skal framleis vere resultatorientert, slik at brukarane våre får korrekte vedtak til rett tid. Likefullt handlar det om å setje den enkelte i fokus ut frå den enkelte sine premissar.

Rettleiing som arbeidsform i trygdeetaten er som eit blankt og ubrukt ark. Tenk så spennande og flott, og samstundes så vanskeleg! Me har utallige mogelegheiter ved val av form og farge, men kva for farge skal me velje fyrst?

# Serviceorientert brukarsamhandling

## - frå skranke til saksbehandling

Aud Kari Isane

Aud Kari Isane har jobba som underdirektør i trygdeetaten i Sogn og Fjordane og har der jobba mykje med utvikling av brukarorientering og servicetenking. Ho har òg erfaring frå Høgskulen og kommunal sektor. Frå 1.jan. 2003 er ho fylkesskattesjef i Sogn og Fjordane.

Eit viktig grunnlag for fornying av offentleg sektor og drift av tilknytte velferdstenester i framtida er at sektoren er rusta til å møte brukaren på ein god måte: Til verkeleg å sette brukaren i sentrum - ikkje etaten, fagtradisjonen, personalet eller sakshandsamaren. Til å gjere det einiskilde møtet med den som tenestene er til for, genuint godt.

### Bakgrunn

Våren 2002 gjekk 21 studentar opp til eksamen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i eit 10 vekttal studie med overskrifta sin ambisiøse tittel. Studentane var alle deltidsstudentar som til dagleg jobbar i offentleg sektor – i aetat, kommunalt servicekontor eller trygdeetat.

Gjennomføring av studiet var eit spennande forsøksprosjekt i eit samarbeid mellom trygdeetaten og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Formelt arrangert som eit oppdragsprosjekt frå trygdeetaten.

Historia bak å utvikle 10-vektalsstudiet er knytt til fyndorda

- fornying av offentleg sektor
- brukarorientering
- serviceerklæring

Fornying av offentleg sektor som eit verkemiddel i å nå målet om å setje befolkninga og brukarane sine behov i sentrum var ein av Stoltenberg-regjeringa sine ambisjonar.

Utgjeving av serviceerklæringar for offentlege etatar har vore eit verkemiddel for å avklare forventningar ovanfor brukarane. Trygdeetaten var tidleg ute i så måte. Hausten 2001 fekk alle

innbyggjarane i Sogn og Fjordane etaten si serviceerklæring i posten. Dette som; "Kva kan du som brukar forvente deg av våre tenester?"

## Servicestudiet

Det er lett å meine noko om kva brukarane synest om jobben vi gjer, men å vite er noko anna. Trygdeetaten gjennomførte difor i 2001 ei stor brukargransking i alle kommunane i fylket. Med bakgrunn i resultatet av denne, valde etaten å satse på kompetanseheving av dei tilsette nettopp på korleis samhandle med brukarane. Studiet, som vart utvikla i samarbeid med høgskulelektor Marit Solheim, vart etterkvart kalla servicestudiet.

Studiet, 10 vektal over 3 semester, er delt i 3 modular på 4+4+2 vektal. Studiet vart lagt opp med fellessamlingar, lokale rettleingsgrupper og lokale kolokviegrupper samt individuelt arbeid. Trygdeetaten sine brukarar er ofte også brukarar av andre etatar. Tverretatleg samarbeid med fokuset på brukaren sine behov er ofte ei utfordring. I tillegg til det å fagleg setje fokus på tverretatleg samarbeid, ville det å vere studentar saman her kunne gje ein ekstra vinst ved å utvikle tverretatleg samarbeid blant studentane som faktisk er samarbeidspartar i dagleg virke.

Formålet med studiet var å vidareutvikle deltakarane sin kompetanse i service og samhandling med brukarar. Utdanninga har hovudfokus på relasjonen og kommunikasjonen mellom tenesteytaren og brukaren på individnivå. Studiet gjev praktisk handlingskompetanse i møte med brukar, auka innsikt i samhandlinga mellom brukar og tenesteytar, og auka forståing for rammene samhandlinga føregår innanfor. Studiet vektlegg utvikling av samhandlingsferdigheiter, relevans til eige arbeid, utvikling og endring i eigen yrkespraksis og auka medvit om eigne grunnhaldningar og verdjar.

Samspel mellom eigen arbeidspraksis, teoretiske studiar og praktiske øvingar har vore viktig i utvikling av den ønska kompetansen. Å verte klar over eigne verdjar, haldningar og etiske fundament i møte med brukaren kan vere vanskeleg og til tider smertefullt. Å vidareutvikle eiga innsikta i samhengane mellom verdival, kunnskap og handlingar i møte med ulike brukargrupper og enkeltbrukarar har vore viktig, likedan å få handlingskompetanse i høve til spenningar og dilemma i yrkesrolla. Kommunikasjon har vore eit viktig tema, både den verbale og den ikkje-verbale. Studiet har også fokusert på korleis rammefaktorane påverkar kommunikasjonen og korleis vi kan påverke desse. Det har òg vore lagt stor vekt på den vanskelege samtalen med grensesetjing, brukarar i sorg

og krise, konflikt, korleis takle klage og kritikk m.m.. Studentane har òg jobba mykje med å utvikle evne til kritisk refleksjon over eige arbeid.

Det er mange i jobb som tek vidareutdanning, studerar ulike fag og får auka kompetanse. Korleis denne kompetansen vert nytta i praksis er det ofte sett lite fokus på. Eit spesielt grep ved dette studiet var at to av vektta var via frå læring på individnivå til utvikling i organisasjonen. Fokuset her var korleis kultur, organisasjon og fysiske omgjevnader påverkar samhandling med brukar og kollegaer, korleis organisasjonen nyttar ny kunnskap og korleis brukarorientering kan fremmast gjennom endringsprosessar i organisasjonen.

Alle veit at leiarar har mykje å seie for kva handlingsrom som vert skapt og korleis endringar kan møtast, likeeins kva rom ny kunnskap får å utfolde seg i. Vi sette krav om at leiarane til dei som gjekk på studiet måtte delta på desse to vektta. Dette for å få til interesse for den nye kunnskapen studentane tileigna seg og dermed lettare gje rom for nødvendige endringar. Når arbeidsplassen kjøper utdanninga kan dette vere mogeleg å gjere. For å få størst effekt ut av vidareutdanning trur vi at det på dei fleste kontor er naudsynt å engasjere leiarane. Det er sikkert mogeleg å gjere dette på mange måtar. Å sette krav til at dei måtte ta to av vektta – delta på fellessamlingar og gjere arbeidskrav saman med studentane, var ein viktig del av studiet. I utgangspunktet såg vi at mange av leiarane engasjerte seg sterkt, nokre tok enda til eksamen.

## Oppsummering

For studentane var nok dette krevjande vektta. Det var lagt over tre semester både med tanke på at det arbeidsmessig skulle vere overkommeleg, men og sidan ein viktig del av studiet var knytt til å vidareutvikle eigne haldningar og handlingar i relasjonar mellom menneske. Dette kan ein som kjent ikkje berre lese seg til. Å bli god på dette krev prosessar som tek tid og refleksjon for å utvikle. Rettleiingsgruppene styrt av ein rettleiar var viktige element i å få til utvikling hjå den einskilde student.

Oppsummert kan vi seie at det som har vore spesielt i dette studiet er:

- kommunikasjons-, service- og brukarrettleiingskompetanse hos den som skal utøve den offentlege politikken som velferdstaten står for, sett inn i den konteksten dei står i både teoretisk og i praksis ved å knyte undervisningsopplegget tett til den daglege arbeidssituasjonen den einskilde er i og kva behov som finst i det einskilde kontor

- målgruppa er personar utan profesjonsutdanning
- det kan takast både som etter- og vidareutdanning
- knyter saman læring i organisasjonen og læring hos individet

Eit hovudelement i studiet er måten denne kompetansen vert tileigna på. Hovudideen her er at deltakarane har denne læringa tett integrert i det daglege arbeidet. Erfaringslæring er eit nøkkelord. Det å knyte eit studie så tett opp til jobbsituasjonen som vi la opp til var både utfordrande og krevjande. Samstundes må vel det å heile tida leite etter overføringsverdien mellom teorien ein lærer og arbeidet ein utfører vere eit av hovudpoenga når ein tek vidareutdanning i jobbsamheng. Å vere god på brukarsamhandling i teorien hjelper i alle fall brukarane lite viss denne kunnskapen ikkje vert utvikla og integrert i heile mennesket uttrykt i det ein møter brukaren. Det er det som er sannheitens augneblink. Det å få lov til å eksperimentere og spegle seg i medstudentar for å utvikle denne kunnskapen over 3 semester gav kompetanse det er uråd å lese seg til...

Høgskulen har mykje god kompetanse på rettleiing. Tradisjonen har vore å jobbe med rettleiing i høve til studentar og kollegaer. Brukarrettleiing som fag er det heller lite erfaring med både i HSF-systemet og nasjonalt. Korleis vil offentleg sektor vere rusta til å møte brukaren på ein god måte? Til verkeleg å sette brukaren i sentrum, ikkje etaten, ikkje fagtradisjonen, ikkje personalet eller saksbehandlaren m.m. Men om vi verkeleg vil vere i stand til å gjere det einskilte møtet genuint godt med den som tenestene er til for, vil vere ein av bærebjelkane om vi skal få til ei fornying av offentleg sektor, og om vi i framtida skal kunne drive desse velferdstenestene.

Å gjennomføre eit slikt studie som ein pilot er ei masse prøving og prøving. Det er under arbeid ei grundig evaluering. Eg skal ikkje føregripe resultatet av den. Det er imidlertid to vinklingar som er særspennande i dette.

- Frå læring hos individet til læring i organisasjonen. Korleis får heile arbeidsplassen del i den auka kompetansen hos den som tek vidareutdanning?
- Korleis kan ein lukkast i å gje auka handlingskompetanse i samhandling med brukarane gjennom personleg arbeid med eigne verdiar, etisk fundament, rettleiingsgrupper og refleksjon over eigne handlingsmønster?

## Vidare planar

Kva skjer så vidare? Blir det med dette eine kullet med studentar? Pr dags dato er ikkje fortsetjinga heilt fastlagt. Det ser ut som det vil bli ei vidareføring med noko tilpassa innhald . Det tverretatlege perspektivet vil truleg få eit enda sterkare fokus. Ei ny gruppe studentar vil truleg kunne ta studiet frå 2004.

“Et menneske har aldri med et annet menneske å gjøre,  
uten at han holder noe av dets liv i sin hånd.  
Det kan vere lite, en forbigående stemning, en opplagthet man vekker,  
En lidelse man fordyber eller lindrer.  
Men det kan også være forferdelig mye,  
Slik at det simpelthen står til den enkelte  
Om den andres liv lykkes eller ikke.”  
(K.E. Løgstrup)

# Bruk av korte, skriftlege studenttekstar i rettleiing av studentar<sup>1</sup>

Eva Try

Eva Try har erfaring som sjukepleiar/psykiatrisk sjukepleiar og som lærar i grunn- og vidareutdanning i sjukepleie/helsefag. Godkjent fagleg rettleiar i sjukepleieteneste av Norsk Sykepleierforbund. Ho har helsefag hovudfag og er tilsett som høgskulelærar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

I eit innlegg ved Rettleiingskonferansen i 2001 fokuserte eg på moment frå ei pågåande analyse av studenttekstar i sjukepleieutdanninga. Analysa var ein del av hovudfagsoppgåva mi ved Universitetet i Bergen, helsefag hovudfag, pedagogikk/fagdidaktikk fordjuping, som vart levert januar 2002.

I analysen av 60 studenttekstar har eg utvikla to typar analysekategoriar i ein kvalitativ fortolkingsprosess (hermeneutisk/fenomenologisk/konstruktivistisk). Den eine analysekategorien viser at studenttekstane med ei vid forståing av sjangeromgrepet kan delast i fire grupper.

- Gruppe 1: 27 forteljingar.
- Gruppe 2: 11 refleksjonsnotat.
- Gruppe 3: 11 refleksjonsnotat med innslag av forteljingar.
- Gruppe 4: 11 dialogar.

Den andre analysekategorien er sju ulike tema i faget psykiatrisk sjukepleie, som eg fokuserte lite på i innlegget.

I ei utdanning må studentane levere obligatoriske arbeidskrav og oppgåver, der det er vanleg at rettleiinga frå lærar særleg konsentrerer seg om dei større oppgåvene, til dømes fordjupingsoppgåve/hovudoppgåve. Eg problematiserte at studentar i ei utdanningssituasjon må innfri ei rekkje ulike sjangerkrav utan at høgskulen i særleg grad har merksemd mot at ulike fagtradisjonar (naturvitskap, humanvitskap og samfunnsvitskap) nyttar ulike sjangerkrav. Slik eg ser det kan det vere eit uttrykk for at høgskulen sitt kunnskapssyn i særleg grad favoriserar teoretisk kunnskap og i mindre

---

<sup>1</sup> Frå innlegg på sesjon B: "Praktiske og teoretiske perspektiv på studentrettleiing" ved rettleiingskonferansen 17.oktober 2001

grad studentanes erfaringskunnskap. På bakgrunn av Dreyfus og Dreyfus (1999) sin kompetansestige er det vanleg å sjå på studentar som novisar som har avgrensa, oppstykk og lite heilheitleg kunnskap. Eg las opp ulike studenttekstar frå gruppe 1, 2 og 4 som fokuserte på konkrete situasjonar studentar har erfart i sin psykiatriske praksis, som etter mitt syn viser ein mykje meir kontekstuell kompetanse hos studentane enn novise-synet beskriv.

Som ein konsekvens av mine funn argumenterte eg for å løfte fram for studentar i ei utdanning ulike språklige konstruksjonar slik at dei blir kjende med ulike sjangrar. I tillegg peika eg på at bruk av forteljingar i høgare utdanning kan nyttast meir, både som skriftlege arbeidskrav og som utgangspunkt for fagleg veiledning i gruppe. Forteljing er ein kjend sjanger, og får etter mitt syn fram både levande kunnskap, etiske dilemma og spørsmål hos studentane på ein god måte.

### Litteratur:

Eva Try (2002): "(..) Jeg er ikke kompetent til å stanse folks åpenhet (..)" En studie av fortellinger og andre tekster fra psykiatrisk praksis i sykepleierutdanningen. Hovedfagsoppgave i helsefag hovudfag, pedagogikk/fagdidaktikk fordypning. Det medisinske fakultet og Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen



# Større mangfold - utvikling av nye perspektiv?

Ei vurdering av erfaringar med ei breitt og tverrfagleg orientert rettleiarutdanning

Marit Solheim og Ingrid Fossøy

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) var mellom dei første høgskulane i landet som ga tverrfagleg orienterte rettleiarstudium. I denne artikkelen vil vi presentere erfaringar i høve til dei tilboda vi har hatt lengst: Innføringskurs i rettleiing, 9 studiepoeng, og Vidareutdanning i rettleiing, 30 studiepoeng. Desse studietilboda er resultat av eit samarbeid på tvers av tre avdelingar i høgskulen; Avdeling for helsefag (AHF), Avdeling for lærarutdanning (ALU) og Avdeling for samfunnsfag (ASF).

Studiet Vidareutdanning i rettleiing, kan gjennomførast som deltidsstudium over 2 semester og gir samla 30 studiepoeng. Studiet er utvikla med utgangspunkt i to rammeplanar: "Rammeplan for pedagogisk veiledning", modul 1 og 2, og "Rammeplan for vidareutdanning i praksisveiledning innen helse- og sosialfag". Fellesdelen utgjer 24 studiepoeng (åtte vekttal), medan seks studiepoeng (to vekttal) er separate for høvesvis lærarar og resten av studentgruppa. Dersom ikkje anna er spesifisert, er det dette tilbudet vi viser til i denne artikkelen. Talet på studentar ved dette studiet er om lag 20.

Eit Innføringskurs i rettleiing, som utgjer ni studiepoeng, tilsvarar modul 1 i "Rammeplan for pedagogisk veiledning", og har 50 studieplassar. Målgruppa er primært øvingslærarar, praksisrettleiarar og kontaktsjuepleiarar knytt til HSF. Innføringskurset kan gå inn som ein del av 30-poengsstudiet. Studentane på innføringskurset og studentane som tek 30-studiepoeng har felles samlingar i stor gruppe og i mindre lokale grupper.

Det vil vere ulike motiv for å utvikle utdanninga i retning av større breidde og med vekt på eit tverrfagleg perspektiv. Endringane som er gjort undervegs har sin bakgrunn i mange ulike tilhøve: Faglege og pedagogiske vurderingar, interne tilhøve i høgskulen, behov i regionen, studentrekruttering og geografiske omsyn.

Ei tverrfagleg og brei utdanning er ikkje automatisk positivt - sjølv om det kan synast slik når vi ser på dei mange nye tverrfaglege utdanningstilboda i dag. Kva er eigentleg fordelane med ei brei og tverrfagleg orientert utdanning, utover at vi kan rekruttere frå eit større utval grupper og at fleire får eit studietilbod lokalt? Dette er i seg sjølv vesentleg, men spørsmålet må sjåast i samanheng med fagleg-pedagogiske vurderingar. Desse momenta vert gitt størst merksemd her.

Eit studietilbod kan framstå breitt og tverrfagleg orientert på ulike måtar eller i høve til ulike dimensjonar. Eit studium kan også vere breitt eller tverrfagleg på nokre område, og smalt eller spesialisert på andre felt. Utdanningstilbodet i rettleiing ved HSF har utvikla seg frå å vere eit smalt tilbod til å bli eit breitt og tverrfagleg orientert rettleiarstudium i høve til fleire sentrale dimensjonar. I den vidare drøftinga ser vi nærare på fire av desse dimensjonane:

- Studentgruppe
- Kva type vegsøkjjar studiet fokuserer på
- Innhald
- Samarbeid mellom ulike faglærargrupper

## Studentgruppe

Før høgskulesamanslåinga i 1994 hadde både ALU og AHF monofaglege rettleiingsutdanningar, og alle profesjonsutdanningane hadde korte kurs i rettleiing. AHF hadde vidareutdanning i rettleiing som del av det ordinære studietilbodet. Dette studiet heldt fram ved samanslåinga. Frå 1995 vart studiet tverrfagleg for helse- og sosialpersonell, og det vart starta eit samarbeid mellom AHF og ASF på fagplannivå. Frå 1996 har det vore eit formelt samarbeid mellom ALU, ASF og AHF om dette studiet, og i 1997 kom lærarane inn som ei stor og viktig målgruppe.

Målgruppa i dag er pedagogar, sosial- og helsearbeidarar, og andre tilsette i tenesteytande etatar, samt organisasjonar som arbeider med rettleiing. Dei fleste studentane kjem frå skule- og velferdssektoren.

Ulike erfaringar, perspektiv og kunnskapar kan nyttast som ei rik kjelde for læring. For å oppnå det, må klimaet i studiet, samt undervisnings- og arbeidsformer vere prega av dialog der studentane kan lære av kvarandre, om kvarandre og om seg sjølv. Både studentevalueringane og våre eigne

vurderingar tyder på at vi har lukkast med dette. Følgjande sitat frå evalueringa av studiet våren 2000 kan tene som illustrasjon:

- "...vi har ulik bakgrunn, som profesjon og med hensyn til erfaring/praksis. Gjør det mer spennende. Vi tenker ikke "likt".
- "Fint å vera saman med andre yrkesgrupper! Utviklande og oppklarande i forhold til deler av studiet (kommunikasjon, relasjon til "virkelegheita", sams problemstillingar)."
- "Tverrfagleg studentgruppe er bra, fordi ein ser at det stort sett er same type problem ein strir med. Gjev òg forståelse for andre yrkesgrupper."

Vi legg i studiet vekt på moglege felles problemstillingar for dei ulike yrkesgruppene, og synleggjer korleis ulike perspektiv på t.d. læring og rettleiing kan nyttast av ulike profesjonar eller i ulike samanhengar. Det er lærerikt og overraskande for mange av studentane å oppdage korleis vitenskapsteoretiske strøymingar, etisk teori og samfunnsutviklinga generelt pregar både utdanningane og den aktuelle debatten i ulike sektorar av samfunnet.

For å få ein konstruktiv dialog i studentgruppa, bør ulikskapane vere så store at ulike personar eller grupper bringar inn nye perspektiv. Dette er vanlegvis ikkje noko problem i ei tverrfagleg gruppe. At studentane har ulik kunnskapsbakgrunn, inneber at dei kan vere "stillas" for kvarandre i læringa. På same tid må likskapane vere så store at studentane forstår sentrale område av andre faggruppers terminologi og perspektiv, og at ein evnar å dra parallellar frå t.d. ein sosionom-kontekst til ein ergoterapeut-kontekst, og frå teori til eigen praksis. I ein slik dialog vil den enkelte også måtte bli meir medviten eigen språkbruk og eigne forståingsmodellar, og mange må arbeide med korleis dei kan kommunisere desse til andre yrkesgrupper. Dette er eigenskapar som også er viktige å ha i eit tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

Ut frå vår erfaring bør ikkje ei yrkesgruppe dominere studentgruppa. Det er ein fordel med ei viss fordeling mellom yrkesgruppene og kva dei arbeider med, for å fremje mangfaldet i dialogen. Det har tidlegare vore felles innføringskurs i rettleiing (9 studiepoeng) for øvingslærarar i barnehage og skule. På desse samlingane var mange av deltakarane opptekne av at døme frå praksis og pensumlitteratur måtte vere likeleg fordelt mellom dei to yrkesarenaene. Denne polariseringa mellom yrkesgrupper har vorte ei mindre relevant problemstilling i og med at det no er mange ulike yrkesgrupper i studiet.

Konflikter mellom yrkesgrupper som er eit velkjent fenomen i arbeidslivet har jamt over dårlegare kår i ei utdanning enn i ein konkret arbeidssituasjon. I utdanningssamanheng kjem studentane bort frå meir eller mindre fastlåste posisjonar i eigen arbeidssituasjon og diskusjonar om gråsoner og ressursfordeling relaterte til eigen kvardag. Einar Aadland (1994) skriv om å "øva seg på å vera saman". Vidareutdanninga i rettleiing er, som sitata frå studentane viser, ein arena for denne typen øvingar.

Generelt ser det ut til at studentane oppdagar at andre sektorar og yrkesgrupper har større breidde i funksjonar og meir samansette oppgåver enn ein var klår over. Studentane erfarer at dei har mange felles problemstillingar, trass i at det også er mykje som er ulikt. Dette fører gjerne til at respekten for kvarandre aukar.

I eiga yrkesutøving rettleier studentgruppa som regel personar som arbeider med same fag som ein sjølv, eller dei rettleier på område der dei har spesialkompetanse. Gjennom rettleiingsøvingar i tverrfaglege grupper rettleier allmennlæraren fysioterapeuten og barnevernspedagogen rettleier sjukepleiaren. Svært mange studentar løftar fram positive erfaringar relatert til denne typen rettleiing, som for mange inneber ei lærerik og ofte også overraskande perspektivering av aktuelle saker.

## Kva type vegsøkjjar studiet fokuserer på

Begge rammeplanane fokuserer primært på rettleiing av studentar. Ei slik avgrensing representerer ei smal tilnærming når det gjeld type vegsøkjjar.

Fokuseringa på denne målgruppa vart etter kvart ei tvangstrøye, både for studentane og oss som underviser. Slik rettleiing vert tematisert i studiet, kan store deler av teori og arbeidsmåtar innan rettleiing implementerast i møte med ulike kategoriar vegsøkjjarar. Undervisning og læring er ikkje lenger eit fenomen avgrensa til skulen og til barn og unge. I takt med eit auka fokus på livslang læring, læring i arbeidslivet, fagleg-personleg utvikling og ei generell dreining mot ei større brukarorientering, er rettleiing relevant i møte med ulike målgrupper.

Dei fleste studentane rettleier fleire enn ein kategori vegsøkjjar i arbeidet sitt. Til dømes rettleier dei både studentar og brukarar. I studiet fokuserer vi no på ei breiare målgruppe for rettleiing, noko vi er mykje meir komfortable med. Dette medfører at studiet i liten grad fokuserer

på det faglege innhaldet i det deltakarane i studiet skal rettleie om, eller spesielle sider ved ulike målgrupper sine lærebehov eller situasjon. Vi føreset at studentane har kunnskap eller grunnlag for utvikling av kunnskap om innhaldet i det rettleiinga skal dreie seg om. Den grunnleggjande haldninga om å ta utgangspunkt i vegsøkars læreføresetnader eller praktiske yrkesteori er heilt sentralt i rettleiingstenkinga og rettleiingsstrategien som dannar basis i studiet.

I undervisninga reflekterer vi over likskapar og særtekk ved ulike målgrupper, og kva følgjer dette kan få for rettleiinga. Til dømes vil makttilhøvet mellom rettleiar og vegsøklar vere annleis om vegsøklar er ein student enn om det er ein kollega. Gjennom slike samanlikningar, kan viktige særtrekk ved dei aktuelle målgruppene bli perspektivert.

Gjennom å ikkje fokusere særskilt på ein kategori vegsøklar, misser vi også noko. I fellesdelen i studiet vil det ikkje vere plass til å gå inn i til dømes utfordringar som ligg i å rettleie elevar, eller særigne problemstillingar knytt til pasientrettleiing. Ein slik profil på utdanninga gir også lite høve til å drøfte saka rettleiinga dreier seg om, eller det vi rettleier om. Dette vil sjølvsagt også verke inn på rettleiinga, og er viktige rettleiingsfaglege spørsmål. Vidare kan ulike dimensjonar bli usynleggjorde, til dømes maktdimensjonen, som er meir aktuell i nokre rettleiingsrelasjonar enn andre.

Faren for å bli for "kontekstlaus" i studiet bøter vi på med å legge forholdsvis stor vekt på didaktiske vurderingar og oppøving av desse. Vidare har studentane eigen rettleiingspraksis. I både det skriftlege og praktiske arbeidet knytt til praksis legg vi vekt på at studentane skal gjere vurderingar relatert til den konkrete rettleiingssituasjonen. Det er også lagt opp valfritt pensum. Her kan studentane om dei ønskjer det fordjupe seg i litteratur knytt til særskilde typar vegsøklarar.

## Innhald

Ved utarbeiding av nye fagplanar (1996-1997) føretok vi ei nøye analyse og samanlikning av dei to aktuelle rammeplanane. Med bakgrunn i at det var første gongen vi utvikla eit tverrfagleg rettleiingstilbod, var det eit overordna mål for oss å konstruere ein fagplan bygt på eit prinsipp om sterk grad av lojalitet mot rammeplanane. Det var viktig for oss å vere tydelege på at intensjonane i begge rammeplanane vart ivaretekne.

Dei nemnde rammeplanane inneheld nokre moment som hemma ei brei og tverrfagleg orientert utdanning, fordi dei fokuserer på særigne

problemstillingar knytt til høvesvis skule og lærarrolla, samt helse- og sosialtenesta. Likevel inneheld planane fleire felles element. Studiet er som gjort greie for i innleiinga bygd opp som ein Y-modell, der 24 studiepoeng er felles for dei ulike studentgruppene. Fellesdelen omfattar følgjande hovudemne:

- Rettleiingsteori og rettleiingsmetode
- Profesjonsutdanningar og yrkeskunnskap
- Pedagogisk grunnlag for rettleiing

Som vi ser, er studiet breitt og tverrfagleg når det gjeld innhald. Vi legg også stor vekt på det pedagogiske grunnlaget for rettleiing, som didaktikk og grunnlagstenking. Dette går på kostnad av mellom anna fokus på innhald i rettleiing og meir metodiske tilnærmingar.

Denne vektlegginga av ulike emne i tillegg til rettleiingsteori og -metode, mellom anna kunnskap i didaktikk, tilbyr studentane modellar og omgrep som er fruktbare å nytte i planlegging, gjennomføring og evaluering av rettleiing. Ei slik vektlegging medfører at rettleiing vert sett inn i ein større samanheng. Dette fremjar etter vårt syn reflektert bruk av rettleiing som ein av fleire tilnærmingar til læring.

Erfaringane så langt syner at dette er innfallsvinklar studentane ikkje primært forventar å lære noko om i ei rettleiingsutdanning. Dei fleste ønskjer å lære mest om framgangsmåtar og kommunikasjonsformer i rettleiing. Vi meiner at dette er ein sentral del av rettleiingsfeltet, men det kan ikkje stå åleine. Dette "oppdagar" også studentane gradvis gjennom studiet, ved at dei i aukande grad ser relevansen av fag som etikk, pedagogisk grunnlagstenking med vidare.

Eit studium kan vidare vere breitt eller smalt i høve til rettleiingstradisjonar og -metodar som vert vektlagt i utdanninga. Basis når det gjeld rettleiingstenking i vårt studium er Lauvås og Handals (1999, 2001) "handlings- og refleksjonsmodell". Slik vi ser det, dreiar denne litteraturen seg like mykje om kunnskaps- og læringsteori som om rettleiing. I innføringskurset i rettleiing (9 studiepoeng) er det i hovudsak denne vi nyttar. På 30-poengstudiet har vi i tillegg gradvis lagt meir vekt på eit systemteoretisk perspektiv på rettleiing. Dessutan kan studentane velje å få ei innføring i gestalttradisjonen via konfluent pedagogikk. Gjennom vektlegginga av ulike retningar i rettleiing, signaliserer vi at det ikkje er ein tradisjon eller metode som er "Den Rette". Dette fremjar etter våre vurderingar reflektert bruk av ulike verktøy eller strategiar i

rettleiing. Vi legg også vekt på at studentane skal problematisere eller ha eit kritisk perspektiv på ulike innfallsvinklar til rettleiingsfeltet.

Det er eit vesentleg poeng at innhaldet i studiet vert knytt til den enkelte sin arbeidssituasjon og rettleiingspraksis. Utover ei deling av gruppene i enkelte delar av undervisninga, vert slike spesifikke sider ivaretekne på ulike måtar:

- Lokale tverrfaglege rettleiingsgrupper som har faste samlingar gjennom heile studiet. Det vert her teke utgangspunkt i konkrete situasjonar eller problemstillingar i eiga rettleiing.
- Eigen praksis og ulike skriftlege dokument knytt til denne
- Valfritt pensum
- Heimeeksamen der teori og egne erfaringar skal inkluderast

I starten hadde vi som intensjon å gjennomføre større delar av undervisninga separat for dei to gruppene, m.a. med tanke på å fokusere det spesifikke for dei ulike yrkesgruppene og arbeidet deira. Dette gjaldt mellom anna delar av etikkundervisninga. Etter framlegg og ønskje frå studentane vart undervisninga organisert og gjennomført i fellesskap. Argumenta frå studentane var at felles undervisning ville skape større interesse og engasjement.

## Samarbeid mellom ulike faglærargrupper

Representantar frå dei deltakande avdelingane samarbeider om alle fagplanrevisjonar. Også når det gjeld dei eksterne undervisarane legg vi vekt på å tenkje fagleg breidde.

Årsakene til dette er for det første at utdanninga skal ha tilknytning til dei aktuelle avdelingane som gjennom dette tilbyr ein brei kompetanse på undervisningssida. Det er også eit viktig pedagogisk poeng her: Gjennom at vi arbeider saman på tvers av fag og yrke, signaliserer vi at dei ulike yrkesgruppene har ein del felles problemstillingar knytt til rettleiing. Vi signaliserer også at tverrfagleg samarbeid er fruktbart og viktig, og at ulike yrkesgrupper og perspektiv kan utfylle kvarandre. På delar av undervisninga prioriterer vi å ha to lærarar der undervisarane har ulik fagbakgrunn og der dei medverkar til å knyte trådar frå kvar sitt felt. At vi saman står bak rettleiingstilbodet, medfører også større legitimitet i dei ulike studentgruppene.

Vi som underviser synest at det er inspirerende å arbeide tverrfagleg og tverretatleg. Vi vert kreative saman, og vi lærer av kvarandre. Profesjonane og tradisjonane i dei ulike fagmiljøa og kompetansen til enkeltpersonar utfyller kvarandre.

Vi ønskjer å samarbeide om dette, og høgskulen framstår totalt sett med betre og meir allsidig kompetanse på området enn om den enkelte avdeling skulle stå kvar for seg.

Dei fleste som er med i fagplanarbeidet og som underviser i studia, har berre ein mindre del av stillinga si knytt til studiet. Ein føresetnad for å få til eit samarbeid mellom desse, er at det er nokon som har eit særleg ansvar for å koordinere. Den tverrfaglege modellen på tvers av avdelingane i høgskulen medfører koordineringskostnader både på fagleg og administrativ side. Det hadde vore meir kostnadseffektivt om ei avdeling hadde hatt det fulle ansvaret for utdanninga.

Dei ulike samarbeidsgevinstane veg opp for dette. Vi tenkjer her både på betre studiekvalitet, betre studentrekruttering og læring på organisasjonsnivå i høgskulen. Samarbeidet som her er utvikla på tvers av avdelingar fremjar også samarbeid og felles forståing relatert til andre deler av verksemda.

## Oppsummerande vurderingar og planar framover

Etter å ha gjennomført ei brei og tverrfagleg orientert utdanning over fleire år, ønskjer vi å utvikle utdanninga ytterlegare i denne retninga. Vi har no ein del erfaringar å byggje på, ikkje minst er studiet grundig og positivt evaluert over tid. Vi ønskjer å lage ein fagplan som gir ei meir fleksibel konkretisering av rammeplanane. Mellom anna ser vi for oss ein vesentleg auke av den valfrie pensumlitteraturen. Dette gjev større høve til å fordjupe seg i det som er relevant for eige arbeid og interesser.

Ei utviding av studentgrupper fører også med seg ei utviding av målgruppene for rettleiing. Ei følge av dette er at innhald i studiet og pensum også bør justerast. Breidda i studentgruppa har òg skapt ein synergieffekt ved at vi når fleire yrkesgrupper og etatar. Det er auka etterspurnad av kurs både av kortare og lengre omfang frå ulike organisasjonar, yrkesgrupper og etatar. Fleire av desse kursa er det som kan kallast skreddarsaum, der vi utviklar innhald, arbeidsformer og organisering tilpassa oppdragsgjevar sine prioriteringar og læringsbehov.

Det bur om lag 100 000 menneske i Sogn og Fjordane. Med ei så lita befolkningsgruppe er det ikkje realistisk å etablere for spesialiserte



tilbod. Kostnadene blir for høge, og vi har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for tilfredsstillande studentrekruttering. Men desse rammefaktorane kan sjåast på som eit positivt press, i retning av å finne nye løysingar. Vår samla vurdering er at ei brei og tverrfagleg orientert rettleiarutdanning først og fremst er ein styrke.

I norsk målestokk er vi ein mellomstor høgskule. Det inneber at vi, trass i relativt store geografiske avstandar, lettare blir kjende på tvers av avdelingsgrensene.

I staden for å utvikle konkurranse og fogderistrid mellom regionane i fylket, er det mogleg å få i stand tilbod som alle tener på. Det er fleire døme på at eksterne oppdragsgjevarar ønskjer eit tverrfagleg samansett tilbod, sjølv om det faktisk medfører at opplegget vert mindre "skreddarsydd" for den aktuelle etaten eller yrkesgruppa.

Det har vore ønskje om og stor vilje til nærare samarbeid om rettleiarstudiet på fleire nivå i høgskulen. På institusjonsnivået har direktøren spesielt hatt syn for eit avdelingsovergripande samarbeid. Også leiinga på avdelingsnivået har synt positiv interesse og ivra for ei koordinering av tilbodet. På personnivået eller faglærarnivået har haldningane samla sett vore noko variable. "Kan det kome noko godt frå Nasaret?"-tenking har meir eller mindre eksplisitt vore ytra i ulike samanhengar. Såleis registrerte vi i starten ein viss skepsis til at Avdeling for helsefag både skulle administrere og ha den faglege leiinga av studietilboda. Slik vi tolkar det, var denne skepsisen på mange måtar eit uttrykk for ei viss redsle for at Avdeling for helsefag skulle "kuppe" rettleiingsfeltet i høgskulen. Det vart òg registrert ein viss otte for at ei faglærargruppe med helsefagleg bakgrunn ikkje hadde den naudsynlege kompetansen til å ha hovudansvaret for undervise dei andre yrkesgruppene. Også på Avdeling for helsefag var det røyster som hevda at sjukepleiefagleg rettleiing ikkje hadde fellestrekk med rettleiing i lærarutdanninga, i høve til sosialt arbeid eller anna rettleiing.

Den avgjerande faktoren som førte til at vi har lukkast med å etablere ei brei, tverrfagleg orientert rettleiarutdanning, er truleg det faktum at nokre faglærarar har hatt tru på og vilje til eit nærare og avdelingsovergripande samarbeid. Dette var i hovudsak faglærarar med formell kompetanse i rettleiing og som tidlegare hadde hatt undervisningsoppgåver på dei ulike rettleiingstilboda. Desse personane har hatt ei forståing av at rettleiing som fagfelt har mange felles element på tvers av ulike fagområde, synspunkt som er verifiserte og forsterka gjennom samarbeidet.

Det går føre seg ulike prosessar samtidig innan rettleiingsfeltet. På same tid som det vert utvikla nye teoriar og modellar, og det på dette som på andre felt skjer ei spesialisering, hentar heile feltet inspirasjon frå generell vitskapsteori, læringsteori, kommunikasjonsteori og filosofi. Ulike tradisjonar og rettleiing utvikla innan ulike felt hentar også i aukande grad inspirasjon frå kvarandre. Vi ser at ulike retningar i rettleiing, gjerne utvikla innanfor spesifikke fag eller profesjonar, også rettar blikket mot andre tradisjonar innan rettleiing. Likevel ser vi her eit potensiale for vidare utvikling.

Når vert studentane sine læreføresetnader for ulike, og språket og røyndomsoppfatninga til deltakarane så forskjellige at ulikskapane vert ein hemsko i læringa? Dette kan vi ikkje gje noko klart svar på. Ei sentral problemstilling her er tilhøvet mellom generell og kontekstuell kunnskap, og i kva grad det er studentane eller lærarane, gjennom t.d. utforming av arbeidskrav, pensumlitteratur med vidare, sitt ansvar å dra trådar frå det generelle til det konkrete og kontekstuelle. Vi meiner at dette ansvaret bør fordelast. Dette gjer undervisningsarbeidet nokså krevjande. Spørsmålet må også sjåast i samanheng med i kva grad utdanninga er tverrfagleg og brei innan andre dimensjonar, som målgruppe og innhald.

Ei brei og tverrfagleg utdanningsmodell er på ulike måtar robust. Men på ei anna side kan modellen også vere sårbar til dømes om avdelingane manglar undervisningspersonell. Det kan då vere fare for at dei prioriterer reint interne oppgåver først. I slike situasjonar har vi vore fleire gonger, og vi erfarer at vi må kjempe for kvaliteten i denne typen avdelingsovergrepande prosjekt. Dette illustrerer det sentrale i at samarbeid i tillegg til formelle vedtak også er basert på ein psykologisk kontrakt, kjenneteikna av gjensidig tillit og solidaritet.

## Litteratur

Handal, Gunnar og Lauvås, Per (1999): På egne vilkår. En strategi for veiledning med lærere Cappelen Akademisk Forlag.

Lauvås, Per og Handal, Gunnar (1990): Veiledning og praktisk yrkesteori. J.W. Cappelens Forlag.

Adland, Einar (1994): Kultur i helse-, sosial- og utdanningsorganisasjonar. Samlaget.

## Rettleiarutdanning - er det noko for deg?

Redaksjonen har hatt ein hyggeleg prat med tre studentar som studieåret 02/03 er studentar på studiet Rettleiing som leiingsverktøy. Studentane er:

Annbjørge Geithus Lereim som er Fylkeshovudverneombod, vald av alle tilsette i Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Monica Åsen Gjerald, 1.konsulent på Fylkestrygdekontoret

Alfred Haukeland, lærar i kokkefag ved Luster vidaregåande skule.

### Kvifor valde de å ta utdanning innan rettleiing?

Monica er utdanna sosionom. Ho seier at interessa for fagfeltet har ho hatt frå ho tok grunnutdanninga si. Men hovudårsaka til å ta denne vidareutdanninga var ynskje om å bli ein betre rettleiar. Ho er dagleg i kontakt med både sakshandsamarar og brukarar pr. telefon, samt at ho reiser ut for å møte sakshandsamarane på trygdekontora i opplæringsssamanheng. Ho ser at vidareutdanninga gir henne kompetanse som ho kan bruke i sitt daglege arbeid.

Annbjørge har arbeidd mange år både i grunnskule og vidaregåande skule, men no er ho hovudverneombod i Fylkeskommunen. Ho søkte studiet først og fremst for å få fagleg påfyll. Som tidlegare øvingslærar hadde ho fått kjennskap til fagfeltet, og følte at rettleiing var noko ho gjerne ville få meir kunnskap om. Ho opplever studiet som høgst relevant anten ho jobbar som hovudverneombud, lærar eller øvingslærar.

Alfred har arbeidd mange år i vidaregåande skule. Han seier at hovudmotivasjonen låg i lysta til å skulera seg i høve til "den nye lærarrolla" – som legg meir vekt på læraren som rettleiar enn læraren som formidlar. Han opplever at han tek ei utdanning som gir han auka kompetanse både i høve til å samhandle med kollegane og med elevane.

### Kva meiner de om studiet?

Alle tre er heilt einige om at dei går på eit svært interessant studium. Dei opplever at studiet gir dei personleg utvikling og ein fagleg kompetanse som er svært nyttig for alle tre, sjølv om deira daglege oppgåver er ulike. Dei er svært godt nøgde både med innhald og organisering av kurset.

Dei tykkjer at førelesarane er svært dyktige. Det gjeld både lærarane frå HSF, og dei eksterne førelesarane. Det er inspirerende t.d. å høyre førelesarane som har skrive lærebøker og få ulike vinklingar på fagstoffet frå personar som er så godt oppdaterte på fagfeltet. Studentane nemner vidare at det er særskilt motiverende at dei kan få velje prosjektoppgåve som er nær knytt til arbeidsplassen deira og at dei har sin eigen arbeidsplan/praksisplan. Eit anna positivt trekk med denne type utdanning, er at dei i studiet møter så mange ulike yrkesgrupper, noko som gjer studiet spesielt interessant.

Og så må intervjuaren lova å skrive at dei går i ein kjempefin klasse med eit godt klassemiljø. Her er det rom for ulike syn, det er ingen som har det eine "rette" svaret. Dei set og pris på at det vert lagt vekt på at studentane skal gjere seg nytte av kvarandre som ressursar. "Og så må me heile tida jobbe med oss sjølve, vår eiga utvikling. Det er svært nyttig at me må gjennomføre så mange praktiske øvingar". Annbjørg legg vekt på at sjølv om ho har mange års arbeidserfaring, så har studiet gjort henne bevisst på mange ting som ho ikkje har reflektert over tidlegare. Monica seier at det er først i løpet av studiet og som ein del av praksisarbeidet at ho har fått høve til å starte opp med rettleiingsgrupper for sakshandsamarar frå trygdekontora. Annbjørg gjennomfører rettleiing med grupper av verneombod og Alfred gjennomføre rettleiing på sin arbeidsplass i høve til praksiskravet i studiet.

Er det noko anna de ynskjer å kommentera?

Annbjørg og Monica vil gjerne understreke at det er svært inspirerende og motiverende å oppleve god støtte frå arbeidsgjevar. Dei får både permisjon for samlingane og stipend. Dei trur at arbeidsgjevar verkeleg ser kor nyttig det er å gje sine tilsette auka kompetanse innafor rettleiingsfeltet. Monica seier at før ho starta på utdanninga, så vurderte ho det slik at kompetanse innafor rettleiing var noko trygdeetaten kan gjere seg nytte av, noko hennar overordna har stadfesta (og som er grunnlaget for at ho får økonomisk stønad til kurset).

Så langt har det ikkje vore tradisjon i trygdeetaten å nytte rettleiing som arbeidsform. Sakshandsamarane si rolle er i endring, ved at brukarane meir skal delta aktivt i eiga sak. "Vi skal vere vegvisarar – noko som igjen krev at vi aukar vår samhandlingskompetanse. Det er her vi ser at grupperettleiing legg til rette for å få eit samspel mellom utøving og tilbakemelding som igjen gjev oss betre innsikt i korleis me verkeleg er i møtet med brukarane", seier Monica.

Noko desse studentane undrar seg over er at det er så fåe representantar frå skule og barnehage. For sjølv om dei tykkjer det er særst interessant å møte ulike yrkesgrupper som sjukepleiarar, sosionomar, barnevernspedagogar o.a., så undrar Alfred og Annbjørg seg over at det dette året berre er to lærarar og ein førskulelærar på kurset. Kvar er pedagogane? Kanskje det er svært mange lærarar og førskulelærar som har teke rettleiingsutdanning tidlegare år? Viss ikkje, så vil dei på det sterkaste oppmode alle, og i sær pedagogar om å søkje på neste års studietilbod innafor rettleiing. Det er positivt at me, i eige fylke, kan ta både innføringskurs i rettleiing og rettleiing som leiingsverktøy. Når det gjeld det sistnemnde, så er det viktig å vere klar over at dette ikkje er eit kurs som rettar seg berre mot leiarar. Monica seier at ho vegra seg litt for å søkje fordi ho trudde at det kanskje var ei leiaropplæring. Studentane vil gjerne oppmode flest mogeleg om å gjere seg nytte av HSF sine rettleiingskurs. Dette er interessante og faglege gode kurs som mange ulike yrkesgrupper vil ha stor nytte av å ta som vidareutdanning.

# Rettleiingskonferansen 2003

Bli med på rettleiingskonferanse 16.september 2003!

Den årlege rettleiingskonferansen vert arrangert i Førde 16. september 2003. Hovudforedraget har tittelen:

## Veiledning som middel til kompetanseutvikling

Hovudforelesar er Sidsel Tveiten

Sidsel Tveiten er tilsett som førstelektor ved Høgskolen i Akershus. Sidsel har mange års erfaring som lærar og rettleiar, og har halde kurs i rettleiing ei rekke stader i landet. For tida er ho stipendiat ved Høgskolen i Akershus, der ho arbeider med ei doktorgradsavhandling relatert til området rettleiing. Sidsel har skrive fleire bøker, mellom anna "Veiledning – mer enn ord". I boka presenterer ho ein modell for rettleiing som vektlegg kognitive, affektive og kroppslege aspekt eller handlingsaspekt. Det å forstå mennesket som ein heilskap, samt heilskapsperspektiv på læring og rettleiing er grunnleggjande for denne modellen. Tredje delen i boka vektlegg praktiske metodar, inklusiv situasjonsanalyse som metode i rettleiinga.

Tveiten peikar på at vi rettleiar på ulike arenaer. Vi rettleiar kanskje kollegaer, vi rettleiar studentar, anten i praksisfeltet eller i teoretiske samanhengar, vi rettleiar elevar, klientar, pasientar og pårørande. Uansett arena, rettleiing har til hensikt å legge til rette for utvikling eller vidareutvikling av kompetanse.

I tillegg til hovudforedraget, vil Sidsel Tveiten ha ein av dei parallelle sesjonane, der ho vil gjennomføre ei rettleiingsøkt med vekt på meta-kommunikasjon.

# Rettleiingskonferansen 2002

Tverrfagleg konferanse i rettleiing 17. september  
2002 i Førde

Målgruppe:

Personar som enten arbeider som rettleiarar i ulike sektorar, har utdanning på området, har erfaring som rettleiar og/eller er spesielt interessert i rettleiing.

Målsettinga for konferansen er:

- Å setje fokus på rettleiing som tilnærming til læring og utvikling
- Å vere ein møtestad for personar med interesse for rettleiing
- Å gje aktuell fagleg oppdatering
- Å bidra til at ein får kontaktar som får betydning for den enkelte sitt rettleiingsarbeid
- Å utvikle ulike perspektiv på rettleiing på tvers av faglege tradisjonar

Om foredragshaldarane:

Kirsti Lauvås er førsteamanuensis ved Universitet i Oslo, Pedagogisk Institutt, og har lang erfaring og forskningserfaring med rådgjeving/rettleiing innan ulike sektorar, til barn og unge, foreldre, samt yrkesfagleg rettleiing.

Gerd Kvile er klinisk sosionom, og har i hovudsak arbeidd innan vaksenpsykiatri. Ho har nytta reflekterande team som ein gjennomgåande metode i rettleiingsgruppe. For tida arbeider ho særleg med fosterheimsarbeid ved Barne- og familiekontoret i Sogn og Fjordane.

Jon Helén Pedersen er cand theol. og førsteamanuensis i Kristendom, Religion og Livssyn ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Han har skrive lærebøker og ei rekkje artiklar om filosofiske, religiøse og livssynsfaglege tema.

## Program

Kl. 09.45-10.15: Registrering m/kaffi

Kl. 10.15-10.30: Velkommen

Kl. 10.30-11.30: Når alle tenkjer likt, tenkjer ingen særleg mykje.  
På kva måte er likskap og ulikskap ei utfordring i  
retteleiing? v/Kirsti Lauvås

Kl. 11.30-12.30: Lunsj  
Stands/posters (prosjekt, aktuell litteratur, kurs og  
studietilbod)

Kl. 12.30-14.00: Når alle tenkjer likt... held fram

Kl. 14.00-14.15: Informasjon om rettleiarnettverket i Sogn og Fjordane

Kl. 14.15-14.45: Kaffi m/kaker, stands/posters

Kl. 14.45-16.30: Parallellsesjonar:

Sesjon A: Reflekterande team som metode i rettleiing v/Gerd Kvile

Sesjon B: Mer enn gjensidighet? Om etikken hos dei skandinaviske  
filosofane Hans Skjervheim og K. E. Løgstrup v/Jon Helén Pedersen

Sesjon C: Kvardagskunnskap kontra profesjonell kunnskap, - ei  
utfordring i foreldreretteleiing? v/Kirsti Lauvås



# Rettleiingskonferansen 2001

Onsdag 17. oktober 2001

## Program

Kl. 09.45-10.15: Registrering m/kaffi

Kl. 10.15-10.30: Velkomst

Kl. 10.30-11.30: "Rettleiing og rettleiingslike samtaler – frå så godt som ingen ting til ein heil del" v/høgskulelektor Petter Mathiesen, Høgskulen i Agder.

Kl. 11.30-12.30: Lunsj

Stands/posters (prosjekt, litteratur, aktuelle kurs/studietilbod)

Kl. 12.30-13.30: Rettleiing og rettleiingslike samtaler ... held fram.

Kl. 13.30-14.15: Nettopp eit nettverk. Erfaringar med etablering og drift av eit tverrfagleg nettverk i Agder-regionen. Kva kan vi gjere her i Sogn og Fjordane?

Kl. 14.15-14.45: Kaffi m/kaker, stands/posters

Kl. 14.45-16.30: Parallellsesjonar:

Sesjon A: Rettleiing på arbeidsplassen – til innvortes bruk for den enkelte og/eller til læring i organisasjonen? v/Inger Johanne Solheim, klinisk sosionom, Anne Midtbø, barnehagekonsulent og Lilian Sætre, spesialsjukepleiar

Sesjon B: Praktisk og teoretiske perspektiv på studentrettlegg. Aktuelle metodar og erfaringar på tvers av yrkesgrupper v/Kari Grov, sosionom, Eva Try, høgskulelærer i psykisk helsearbeid og Inger Takle Olsen, lærar/øvingslærer

Kl. 16.30-16.45: Oppsummering og avslutning.

## Hovudforedragshaldar: Petter Mathiesen

Petter Mathiesen er cand.polit med hovudfag i pedagogikk, og har lang erfaring som rettleiar. Han er mykje brukt som kurshaldar og førelesar, og har skreve fleire bøker og artiklar om rettleiing, mellom anna "Fra skipper til los. Læreren som prosjektveileder" og "Veiledningssamtaler med elever"

Litt om veiledningssamtaler og veiledningslike samtaler:

Veiledningssamtaler er som regel institusjonaliserte, dvs de foregår innenfor den rammen virksomheten forgår i, enten det er en arbeidsplass, klasserom, idrettsgruppen etc. Veiledning er ikke hverdags-samtaler, men mer eller mindre regulerte samtaler, preget av kontinuitet og ofte med bestemte antagelser om hvilken måte virkeligheten skal forstås på. Slike veiledningssamtaler er ofte preget av den institusjonaliserte konteksten der de foregår (i klasserommet, hos treneren, på legekontoret ). De reguleres på grunnlag av forestillinger og forventninger som gjelder primær virksomheten, enten den er prestasjonsutvikling, opplæring, behandling eller annet. Det er imidlertid et problem at den institusjonelle reguleringen av veiledningssamtaler ikke alltid gir optimale betingelser for god veiledning og læring. Det skjer ofte signifikante endringer i mer uformelle samtaler som man opplever ligner på veiledning.

"Veiledningslike samtaler", de samtalene som "ligner på" veiledning. Det kan være en bestemt samtale eller deler av en samtale hvor man nærmest umerkelig beveger seg inn i og ut av en veiledningssekvens. Til tross for at disse samtalene er korte og oppstår tilfeldig, kan de ha stor betydning som følge av sin aktualitet og sin nærhet i tid til hendelser og opplevelser.

Kollega Rune Høigaard og jeg holder på med en artikkel som vil forligge omtrent samtidig med konferansen. Vi er opptatt av å oppvurdere, beskrive, gjenkjenne osv. disse veiledningslike samtalene.

Dei andre føredragshaldarane på parallellsesjonane arbeider med rettleiing i Sogn og Fjordane på ulike måtar og i ulike sektorar.

## Oppgaver skrive på Vidareutdanning i retteleing 2001 og 2002

Iren Aasen Andersen	Retteleing av nyttilsett kollega med fokus på relasjonen i retteleinga
Liv Janne Bell	Retteleingssituasjonen som arena for refleksjon
Anne Karin Skjær Brugrand	Korleis nytte retteleing for å hjelpe sjukepleiestudent til å reflektere over eigen praksis
Gerd Oddveig Bruvoll	Personleg kompetanse. Kva er det og korleis kan eg som retteleiar stimulere studenten til å verte bevisst og utvikle denne?
Heidi Klakegg Dvergsdal	Sentraliserte praksisstudiar Ei vegleingsform som tek sikte på både å fremme kvantiteten og kvaliteten i praksisstudiar til sjukepleiarstudentar
Alfred Haukeland	Dei ulike fasane i retteleingspraksis der evaluering står sentralt i forholdet mellom meg som retteleiar og studenten si læring.
Irene Hjelm	Hvordan kan veileder legge forholdene best mulig til rette for refleksjon og læring
Bente Furnes Holsen	Kollegaveiledning i skolen som arbeidsmåte i møte med den utagerende eleven
Liv Stokkenes Jacobsen	Korleis kan veiledere få fram det etiske perspektivet i veiledningen?
Aslaug Johannesen	Mesterlære eller handlings- og refleksjonsmodell - eller en kombinasjon av begge?
Audhild Solheim Kirkebø	Korleis kan praksisretteleing gi rom og tid for eigen refleksjon hos ein student i første sjukehuspraksis?
Øydis Bøthun Kleppe	Kompetanseoppbygging av personalet i praksis
Ingrid Nyborg- Christensen	Hvordan kan veiledning forebygge utbrenthet blant sosionomer som arbeider på sosialkontor?
Asbjørg Elise Rebni	Korleis nytte retteleing for å hjelpe sjukepleiestudentar til systematisk refleksjon over eigen praksisteori, i starten av eit læringsforløp?

Anna Lena Selstad	Refleksjon i praksis – kvifor og korleis få student til å reflektere over handling?
Monica Skarstein Skogstad	Rollespel – ein metode i rettleiing for å fremje refleksjon hjå den einskilde student?
Audun Solend	Korleis kan læraren påverke gruppeprosessen slik at det fremjar læring hjå studentar som skal skrive prosjektoppgåve?
Ingrid Solli	Hvordan kan praksislærer legg til rette for godt grunnlag for læring gjennom en praksisperiode for sykepleierstudenten?
Evelyn Stavag	Korleis kan fagleg rettleiing vere med å vidareutvikle handlingskompetanse hos nyutdanna sjukepleiarar?
Grethe Hammer Strømmen	Rettleiing i etiske dilemma, med utgangspunkt i abortrettleiing. Eit filosofisk perspektiv.
Mary-Anne Sundal	Oppdage, forstå og finne mening. Veiledning – en hjelp til personlig vekst og utvikling
Eva Try	Veiledning av yrkesrollen i psykisk helsearbeid: Hvordan kan refleksjonsnotat som metode brukes i utviklingen av relasjonskompetanse?
Berit Helen Ullebust	Kan ein oppnå maktfri dialog i rettleiing?
Helene Vejleskov Vie	Korleis utvikle moralsk god praksis gjennom refleksjon?
Jan-Ove Ødven	Korleis kan ein legge til rette for fremming av refleksjon hjå verneleiestudentar i arbeidet med personar med ulike omsorgs- og bistandsbehov.
Olaug Vagstad	Kva lærer ein i rettleiing? Fokus på ulike rettleiingstradisjonar og læringserfaringar
Torunn Aaberge	Veiledet refleksjon over livspraksis

# Kurs og vidareutdanning i rettleiing

Høgskulen i Sogn og Fjordane 2003

Ønskjer du meir informasjon om tilboda under?

Ta kontakt med Hjørdis Vik, [hjordis.vik@hisf.no](mailto:hjordis.vik@hisf.no), telefon 57 72 26 36

Informasjon om neste års studiar ligg også på heimesida vår. [www.hisf.no](http://www.hisf.no) Der vil du også finne søknadsskjema.

Deltidstudium over to semester – haust 2003/vår 2004

## Rettleiing som leiingsverktøy

(10 vektal/30 studiepoeng,)

Studiet rettar seg mot personar som

- gjennom sitt arbeid møter utfordringar i forhold til leiing, personalansvar, kompetanseutvikling og utviklingsarbeid, og
- ønskjer å nytte rettleiing på gruppenivå og til fagleg og personleg rettleiing i dette arbeidet.
- studiet er også aktuelt for deg som ønskjer å arbeide i slike jobbar.

Fokus er på organisasjonskultur, gruppedynamikk, kommunikasjon og relasjon, konflikthandtering og rettleiing. Etter fullført studium skal du vere kvalifisert til å leie og rettleie personar og grupper i arbeidsprosessar som krev stor grad av samarbeid og dialog.

Organisering:

Studiet vil på bestå av fellessamlingar, praksis (kan gjerne vere knytt til eige arbeid) og rettleiing, hovudsakleg i gruppe.

Opptakskrav:

- 3 årig høgskule- eller universitetsutdanning
- 2 års praksis
- Utdanning innan rettleiing eller liknande kompetanse

Søklarar som manglar dette, kan få den nødvendige kompetansen ved å delta på Innføringskurset i rettleiing (sjå under). Innføringskurset kan takast parallellt med dette studiet.

Søklarar med realkompetanse kan takast opp etter særskilt vurdering

Studiestad	Førde (gjeld fellessamlingane). Rettleiingsgruppene kan delvis vere regionvis.
Søknadsfrist	15. april 2003
Meir informasjon	Vigdis Svorstøl/Marit Solheim/Hjørdis Vik Telefon 57 72 25 10
Søknadsskjema	<a href="http://www.hisf.no/studadm/opptak/">http://www.hisf.no/studadm/opptak/</a>

---

Deltidsstudium hausten 2003:

## Innføringskurs i rettleiing

(3 vekttal/9 studiepoeng, kurs over eitt semester)

Sjå eiga brosjyre, som vert tilgjengeleg på nettet ca. 15. april.

### Målgruppe

Hovudmålgruppa er lærarar og helse- og sosialpersonell som er eller skal bli rettleiarar for studentar i praksis. Kurset er også aktuelt for personar som rettleiar kollegaer, elevar eller andre.

## Medlemsliste rettleiarnettverket

Namn og adresse	Telefon	E-post	Utdanning /Arbeidsstad
Andreassen, Ester Lauren	41530750	<a href="mailto:elvatne@hotmail.com">elvatne@hotmail.com</a>	
Bratten, Kåre Knutsen	57828180	<a href="mailto:kaare.knutsen@fordekyrkje.no">kaare.knutsen@fordekyrkje.no</a>	Sokneprest Førde
Eikenes, Annbjørg	J 57736302	<a href="mailto:fjaler.trygdekontor@trygdeetaten.no">fjaler.trygdekontor@trygdeetaten.no</a>	Fjaler Trygdekontor
Fimreite, Ragnhild-Elin Gate 2 Hus nr. 77 6700 Måløy	57851741	<a href="mailto:ragnhild-elin.fimreite@sf-f.kommune.no">ragnhild-elin.fimreite@sf-f.kommune.no</a>	
Follevåg, Brit-Marie Leitev. 31, 6856 Sogndal	57652880		
Fotland, Agnes-M. Klippavegen 21 6856 Sogndal	P 57673172 J 57676295	<a href="mailto:agnes.fotland@sisof.no">agnes.fotland@sisof.no</a>	Lektor; sykepleievitenskap Studentsamskipnaden i S & F
Gjertsen, Marianne Gamlestøylsv. 18 B 6800 Førde	P 57823387 J 57722510	<a href="mailto:marianne.gjertsen@hisf.no">marianne.gjertsen@hisf.no</a>	HSF, avd. for helsefag/ - 3-årig sykepleierutdanning 1987 - Prakt. ped. utdanning 10 vektall - administrasjon, NHHK 6 vt. - veilederutd. 10 vt. Diakonisse- hjemmets høgsk. Haraldsplass -> konfluent/gestalt veiledning -> organisasjonsutvikl. og læring - videreutd. i palliativ oms. 10 vt.
Gytri, Astrid Grete Slåttreina 12 6800 Førde	57823910	<a href="mailto:astgytri@online.no">astgytri@online.no</a>	
Handal, Svanhild Tefrevegen 8B 6800 Førde	57839604	<a href="mailto:svanhild.handal@helse-forde.no">svanhild.handal@helse-forde.no</a>	
Hoff, Marianne	57676273	<a href="mailto:marianne.hoff@hisf.no">marianne.hoff@hisf.no</a>	Avd. for almenfag HSF
Jacobsen, Liv Stokkenes Prestealleen 7 6770 Nordfjordeid	57860959	<a href="mailto:liv.stokkenes.jacobsen@helse-forde.no">liv.stokkenes.jacobsen@helse-forde.no</a>	Nordfj. Psykiatrisenter, Nordfj.eid - off.godkjent sjukepleiar -vidareutd. i adm. og leing -vidareutd. i psykiatrisk sj.pleie -vidareutd. i rettleing
Johnsen, Lisbeth Hornnesv. 55c 6800 Førde	57720154	<a href="mailto:limejo@sensewave.com">limejo@sensewave.com</a>	
Kirkebø, Randi Postb. 588 6801 Førde	57820433	<a href="mailto:randi.kirkebo@helse-forde.no">randi.kirkebo@helse-forde.no</a>	
Kvile, Gerd Groav. 16 6854 Kaupanger	P 57678288 J 57830780	<a href="mailto:g-kvile@online.no">g-kvile@online.no</a>	Klinisk sosionom
Langvatn, Turid 6847 Vassenden	57727449		
Lee, Marte Stølen 119 6856 Sogndal	J 57673234	<a href="mailto:marte.lee@helse-forde.no">marte.lee@helse-forde.no</a>	
Leirvåg, Anita Nelissen Grovefossen 34 6800 Førde	P 57720384 J 57839490		SSSF psyk. Klinik
Leira, Hildur Thingnes Starevegen 1 6800 Førde			
Nilsen, Brit-K. 6982 Holmedal	P 57734330 J 57734122	<a href="mailto:brit.kristin.nilsen@c2i.net">brit.kristin.nilsen@c2i.net</a>	Holmedal barnehage

Olsen, Kari Vold	57655134	<a href="mailto:kvo@fm-sf.stat.no">kvo@fm-sf.stat.no</a>	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6861
Pedersen, Inger M 6873 Marifjora		<a href="mailto:inger@vildu.no">inger@vildu.no</a> <a href="mailto:inger.pedersen@luster.kommune.no">inger.pedersen@luster.kommune.no</a>	Rettleiarutdanning Arb. som retteleiar/prosjektleiar Eige personalutviklingsfirma
Rebni, Asbjørg Fundacion Betanien Avd. San Pafael 21 03580 Alfaz del Pi, Alicante, Spania		<a href="mailto:asbj_reb@hotmail.com">asbj_reb@hotmail.com</a>	
Sanden, Irene Geisdalsvegen 17 6885 Årdalstangen	P 57661945 A 57665386	<a href="mailto:isa@ardal.kommune.no">isa@ardal.kommune.no</a>	Omsorgsleiar
Solheim, Marit	57722531	<a href="mailto:marit.solheim@hisd.no">marit.solheim@hisd.no</a>	Avd. for helsefag, HSF
Strømnen, Grethe Hammer Gamle Vievegen 36 6800 Førde	P 57820142 J 57826196	<a href="mailto:sogn-fjordane@aan.no">sogn-fjordane@aan.no</a>	
Stundal, Aud Marie	57676000	<a href="mailto:aud.stundal@hisd.no">aud.stundal@hisd.no</a>	Avd. for lærarutd. HSF
Sundal, Karen Postboks 520 6801 Førde	P 57820594 J 57823755		Førde kommune
Sundal, Mary-Anne	57820904	<a href="mailto:mary-anne.sundal@vestvisjon.no">mary-anne.sundal@vestvisjon.no</a>	
Sunde, Arne Geilevegen 28 6783 Stryn	J 57872950	<a href="mailto:arned.sunde@gs.stryn.kommune.no">arned.sunde@gs.stryn.kommune.no</a>	Rektor Stryn ungdomsskule Boks 11 6781 Stryn
Svidal, Margrethe Aabergev. 15 B 6856 Sogndal	P 57672739 J 57627150	<a href="mailto:margrethe.svidal@sf-f.kommune.no">margrethe.svidal@sf-f.kommune.no</a>	
Tefre, Berit Stranda 6 6800 Førde	J 57722554 91558457	<a href="mailto:berit.tefre@hisd.no">berit.tefre@hisd.no</a> <a href="mailto:berit.tefre@c2i.net">berit.tefre@c2i.net</a>	
Tønning, Rita		<a href="mailto:fo-s-fj@online.no">fo-s-fj@online.no</a>	Fylkessekretær i FO Sogn og Fjordane
Vie, Helene Vejlskov Gamle vievn. 20 6800 Førde	57820655	<a href="mailto:vie.skov@online.no">vie.skov@online.no</a>	
Yttri, Wenche Stølen 73 6856 Sogndal	P 57671858 J 57627155	<a href="mailto:wenche.yttri@sf-f.kommune.no">wenche.yttri@sf-f.kommune.no</a>	
Aaberge, Torunn Fjørevn. 5 C 6856 Sogndal	57678491 95140614	<a href="mailto:torunn@aaberge.no">torunn@aaberge.no</a>	
Aardal, Elise Sognefjordvn 63 6863 Leikanger	P 57653864 J 57654330	<a href="mailto:haugen.aardal@c2i.net">haugen.aardal@c2i.net</a>	Leikanger barnehage

Sjå [www.fjordinfo.no/retteleiar](http://www.fjordinfo.no/retteleiar) for meir detaljert informasjon.



## Referansegruppa

Namn	E-postadresse og telefon	Arbeidsstad
Arne Sunde Geilevegen 28 6783 Stryn	arned.sunde@gs.stryn.kommune.no 57872950 J	Rektor Stryn ungdomsskule Boks 11 6781 Stryn
Sonja Hestetun Midtunsvegen 3 6884 Ø. Årdal	sonja.hestetun@sf-f.kommune.no 57648940 J	Lærer Årdal vgs Boks 213 6882 Ø Årdal
Lillian Sætre	lillian.setre@helse-forde.no 57839000	Helse Førde, Psyk. Pol., SSSF, 6807 FØRDE
Torunn Aaberge Fjørevegen 5 C 6856 Sogndal	torunn@aaberge.no 57678491	Fysioterapeut privat praksis Sogndal
Annbjørg Eikenes Dale i Sunnfjord	<a href="mailto:fjaler.trygdekontor@trygdeetaten.no">fjaler.trygdekontor@trygdeetaten.no</a> <a href="tel:57736302">57736302</a>	Trygdesjef Fjaler 6963 Dale i Sunnfjord
Steffen Ben Jonstad Naustdal	sbj@forde.kommune.no 57722000	Leiar offentlig servicekontor Førde kommune
Ingar Breilid Førde	<a href="mailto:ingar.breilid@nif.idrett.no">ingar.breilid@nif.idrett.no</a>	
Randi Kirkebø Blåkløkketunet 1 6800 Førde	randi.kirkebo@helse-forde.no 57820433	Familiehuset Blåkløkketunet 1 6800 Førde
Kåre Knutsen Bratten Førde kyrkjekontor, Kyrkjevegen 23 6800 Førde	kaare.knutsen@fordekyrkje.no 57828180	Sokneprest Førde
Kjartan Kvellestad	<a href="mailto:kjartan@sunnfjordprodukt.no">kjartan@sunnfjordprodukt.no</a>	Sunnfjord Produkt AS 6900 Florø
Ingrid Fossoy	ingrid.fossoy@hisf.no 57676057	Avd. for lærarutd. HSF
Marit Solheim	marit.solheim@hisf.no 57722531	Avd. for helsefag HSF
Marianne Hoff	marianne.hoff@hisf.no 57676273	Avd. for almenfag HSF
Aud Marie Stundal	aud.stundal@hisf.no 57676000	Avd. for lærarutd. HSF
Kari Vold Olsen	kvo@fm-sf.stat.no 57655134 J	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane